Husmannsfolk

SKODJE SOGELAG — ÅRSSKRIFT 1977

SPAREBANKBREV

PENGAR SOM VEKS LITT FORTARE

Eit sparebankbrev kostar 500 kroner og veks på fem år til 770 kroner. Gjennomsnittsrenta for dei fem åra er 9%.

Rentene er:

1.år — 7% p.a.
2.år — 8% p.a.
3.år — 9% p.a.
4.år — 10% p.a.
5.år — 11% p.a.

Eit sparebankbrev er eit betre sparetilbod

SKODJE OG VATNE SPAREBANK

AVDELINGSKONTOR AV BORGUND SPAREBANK

ÅRSSKRIFT
for Skodje Sogelag 1977

I dette år hev Skodje Sogelag arbeidt mykje med å få registrert og kartlagt alle husmenner som vi veit hev vore i Skodje sogn. Det er i alt 107 husmenner som er registrert og ført på kart. Kart og register er medtekje i dette Årsskrift.

Vi hev prøvt å skrive noko om dei forhold dei levde under, og noko om ymse personar som var særmerkt i si tid. Vi trur at ymse kan vera interessant og lærerikt for notidsfolk og seinare ættar.

Vi hev og skreve noko om sambygdingar som hev utvandra til Amerika. Dei og må koma med i vår soge. Det vi no hev skreve er berre ein start. Det er mykje som må koma etter.

Vi takkar alle som hev hjelpt oss på ymse vis i dette år. Spesiell takk til Skodje og Vatne Sparebank for den hjelp dei gjev.

Sameleis takk til Skodje kommunestyre for omsorg og velvilje dei viser. Vi takkar og alle som støttar oss med annonsar eller direkte gåvor frå mange hald.

Styret for Sogelaget er det same som før.

Ludvik Beite, *Louis Giske* *Amund Midtlid,*

Olav S. Svorte *Elias Fylling*
(form.)

Utgjevar av årsskriftet er styret.
Red. Elias Fylling.

RETTLEIING

Då vi skreiv om desse husmannsplassane, vart det skrive namn og stad slik det står i gamle pantebøker, eller husmannssetlar. Og vi fann det rett å nytte same skriveform som der stod, t.d. husmannsplads.

I seinare omtale av staden er som regel brukt nemninga husmannsplass.

Red.

Ingebrigtstova av Louis Giske

Register og kart av husmannspladser
av Elias Fylling og Louis Giske

Gnr.		Bnr.	Kart nr.
		1	Heggebakk, gnr. 3
		2	Gudmundset, gnr. 3
		3	Nonsvik, gnr. 4
		4	Rabbevik
		5	Rabbevik
		6	Honningdalsnes
10		7	Glomset. Petter Hatlen festeseddel til Nils P. Indrevik paa Husmannsplads, 1883
10		7	Glomset
11	1	8	Vike, bnr. 1. Langneset. Festeseddel frå Lars Petter Jørgensen til Bastian Ingebrigtsen for 4 sauer
12	1	9	Vike-Indre
12	1	10	Vike, Nils
13	1	11	Bastian
13	3		
14	54	12	Jovika (Fagervika)
13		13	Sivertpladsen, Husmannsseddel fra Rasmus Pedersen Valde til Sivert Karlsen, dat. 31/7 1882, fora 1 ku, 2 saue i kjellaren.
13		14	Kleivapladsen
14		15	Tøstenpladsen-Haahjem
29		16	Flaate, Sofie Aslaksdotter Vinje.
32	1	17	Saltkjelsvik, Carl Andersen
		17	Saltkjelsvik, Ole Ivar Grodaas
32	1	18	Chlaus Rasmussen fraa Stryn
33	1	19	Digernes, Nils
38	1	20	Tøssebruvågen
42	1	21	Rumpen
42	2	22	Rumpen
44	1	23	Slettebakken, Martinus Olsen
44	1	24	Slettebakken, Joakim Kristiansen
44		25	Slettebakken, Gjære-pladsen
44		26	Slettebakken, Andreas Nilsen

45	4	27		Brusdalshjellen
45		28		Severin Nilsen, «Hestefallet»
		29		Colbeinspladsen – Lars Kolbeinsen, f. Saltkjelsvik
45		30		Brusdalsnakken, Festeseddel fraa Peder Larsen til Carolus Kristensen paa en plads «Brusdalsnakken», d. okt. 15., 1841.
		31		Festeseddel fraa Peder Larsen til Ole Rasmussen paa «Demningshaug», dat. 16. okt. 1844.
		32		Husmannsseddel fraa Knut J. Brusdal til Petter Petterse Løvik, paa pladsen Demningshaug
54	1	35		Kassnes Villeckpladsen, dat. 1. okt. 1879
54	4	36		Stranden-Vestre
54		37		Stranden-Østre
54	1	38		Hagen, Langnes
56	1	39		Bøen, Fylling
57	2	40		«Nygjerdet» Brune
56	4	41		Nilshjellen, Fylling
56	4	42		Jo-Hjellen, Fylling
56	3	43		Teinhaugen, Erik Fylling
56	4	44		Bretanus plads
56	4	45		Sylfeststova
56	1	46		Paal-pladsen
56	2	47		Kvennabakken
56	2	48		Grødispladsen
56	1	49		Karl-pladsen
56	2	50		«Nedrelid»-pladsen
56	2	51		Austre Fyllingsli
60	3	52		Saghaug, Rassmus Andreassen Sollid
60	3	53		Klemet Salvesen, «Saghaug»
60	3	54		Gjeilhaug, Tore Kristiansen Ordlykken
62	1	55		Berte-bakken
63	5	56		Braute-pladsen
60	1	57	a	Rabelhaug, Ole Petter Rasmussen Nordbrekke
46		57	b	Mauren, Kjønnapladsen
46		58		Vaulen-Nilspladsen
47		59		Steinset – «Tøstengjerdet»
48		60		Stafset Ole Larsen fraa Bergen
50		60		Koppargjerde. Stafset
50		62		Storhaug, Knut Hansen Storhaug
50		63		Arne Bordvardsen Storhaug
50		64		Ysterema, Amund Johansen Ystenes
		65		Storhaug, Arnepladsen
		66		Pørsen, Mons
		67		Leita, «Kjøsen»
50		68		Stette, «Stette-remma»

		69	Stettegjærde
53		70	Nes, Knud Hansen
53		71	Skarpetegen
28		72	Straumen
		73	Tuene paa Demmegjerdet
		74	Dalen
		75	Malihaugen
		76	Stølen
27		77	Grindvik, Langset-stova
40		78	Dyrøy, Halvardpladsen
		79	Ingebrigtspladsen
15		80	Solnør Løvik
15		81	Holsbø
		82	Hølen
		83	Solnørbø
		84	Solnørpladsen
16	1	85	Abelvik
			Abelvikmyr
18		86	Fremmerlid
			Johan Asbjørnsen
		87	Andreas Hansen (Døvandreas)
19		88	Midtlid, gnr. 19
19		89	Midtlid
		90	Midtlid
		91	Midtlid, Ola-pladsen
		92	Midtlid, Lars-Peterpladsen
19		93	Skodjevåg, gnr. 17
			Britpladsen
		94	Jenspladsen
20		95	Ytrelid, gnr. 20
			Øvrebøen
20		96	Lundbø
		97	Gregoriusplads
		98	
21	1	99	Skule-pladsen
21	1	100	Iverpladsen
21		101	Skauebakken
		102	Simengjerdet
23		103	Ytre-Skodje Bertel-pladsen
22		104	Skodje-reite
24		105	Nedre-Skodje
		106	Vilhelmpladsen
24		107	Murvika

Oversiktskart over Skodje

Tegnet av O. A. J. Erstad



Husmann — Plassmann

Desse to nemningane tyder det samme:
Ein som brukar leigd jord som ikkje er særskilt skyldsett.
Husmanns-skipnaden synest gå langt attende i tida. Og i dei folketellingar og skatteliste som er tilgjengelege frå fyrst i 1600-tala, er ein og annan husmann ført. I 1606 er det i Valle Skibsreide ført 10 st. husmenn. Desse betalte 2 ort kvar i leilendingsskatt. Same tal husmenn i 1611–1612.
I året 1624 er talet på husmenn kome opp i 18 stk. 10 av desse hadde då festa seg plads nær sjøstrand, for der var lettare om fisk til husplasshaldet.
Omkring det 1700 århundre voks talet på husmenn noko av bygdafolk, men og noko av innflyttarar. Utover i det 1800 århundre auka talet mykje på husmenn – mest av innflyttarar frå Gudbrandsdal, Lom, Indre Romsdal – og Stryn og Sunnelven. Men og frå Norddal – Stranda og Stordal.

Det var oftast yngre, nygifte folk som kom. Dei aller fleste var flinke, tiltakssomme folk, smålåtne og oftast nøysomme, men hjelpsomme.

Mest alle vaksne karfolk hadde eit handverk. Fleire var vand med anleggsarbeid, og var flinke gråsteinsmurarar. Fleire var smedar – ljåsmedar. Nokon var skinnfeldmakarar – eller skreddarar eller skomarar. Og nokon målarar eller bygningsmenn og snikkarar – treskjerarar eller laga hornskjeier og vevskjeier. Alt dette handverk trengtest i bygdene. No fekk dei handverkarane i bygdelaget og det vart livlegare og trivelegare i bygdene.

Dei fyrste husmennene hadde nok eit «trangt» tilvære. Oftast vart det ein liten «plads» dei fekk feste. Men så var økonomien mykje svak. Når dei fekk festeseddel på eit lite stykke jord, vart det då å prøve å finna eit gamalt hus som var til sal og kunne flyttast. Nokon måtte bygge stove og fjøs i saman av gråstein. Då var det dør direkte frå stova til fjøsen.

Det var ein føremun der det var stor huslyd – so nokon måtte ligge i fjøset. Det var det fleire enn ein trur som nytta fjøset å ligge i. Der fjøset ikkje var tilsides med stova, vart kua og – eller sauene – sin plass i kjellaren.

Stova var røykstove, og det hende der var eit lite kammers til endes med stova. I den andre enden på stova var inngang og kjøken om ein kan kalle det so. Var det ikkje grue i stova, måtte dei ha ei i kjøkenet. Golvet i kjøkenet var store steinheller. Den største auka i talet av husmenn vart når gardbrukarane vart sjølveigarar.

Omkring 1820 og utover, vart det fleire og fleire leilendingar som fekk kjøpe gardane dei budde på. Då stelte desse på husa sine, og då kunne dei feste bort plassar til husmenn på vilkår som var tenlegast til begge sider. Det var mange husmenn som kom omkring 1865 og seinare, og ein kan tydeleg sjå at dei plassane var betre – større vidder, og hadde betre vilkår til ein huslyd. Desse husmenn fekk seg oftast betre hus, og eit stabbur og smie. Dertil hadde dei sæter-støl og sæter-sel. Og ofte ein skogteig dei rådde over. Dei siste husmannsstove eg hugsar var bygt, var bra romslege stove, med 2 rom og kjøken og loft over, og så bra kjeller.

Men dei eldste buplassar eller husmannsplassar må verta å finne – i soga og minne – til døme på den armod og naud dei levde i, men samstundes finn ein hjå desse folka ein utenkjeleg tolmod og takksemd, som var stor hjelp i alle vanskar.

Når husmannsfolk var i manndomsår og helsa var bra, syntest dei å kunne slite seg igjennom frå år til år. Men a l l e kvidde seg for å verta gamle. Sjølv om mange hadde i sin festeseddel sikra seg kår av plassen – for seg og «enke» – slik det ofte vart skrive, så hadde dei otte for «den siste tid». Vart det inkje mogleg å få litt «kår» og husevisst, so var det klart at dei kom på legd. Det kvidde dei seg for – for dei hadde sett korleis det vart. Sjølv om «husmanns-stova før var «overbefolka» so var det ei trøst å få ligga i same «kråa» og so få kår av ei halv ku (mjølka av 1 ku anna kvar dag) slik som Inger på Kvennabakken fekk i kår + nokre poteter. Dette synest ho var betre enn å kome på legd.

Eit forhold ein legg merke til, finn ein i seinare års manntalslister. Vart ein husmann eller ei husmannskone sjuk so dei trengte lækjar eller medisin, og sjølve ikkje hadde pengar å betale med, sende lækjaren regninga til heimstadkommunen, og den måtte betale.

Men då vart stemmeretten deira strøken med ein gong – suspendert. Dette finn ein heilt til 1911–1912.

I bygda eller grannelaget var husmannsfolket gode grannar – skynsomme og hjelpsame. Og hadde stor glede av å «gjera ei beine» utan å verte spurt. Dei var ofte truleg meir enn andre – vitja av sjukdom – t.d. tuberkulose – særleg med dei unge. Dette var ei mykje tung bør å

bera for dei stakkars husmannsfolka. Mange barn døydde i ung alder.

Gamle ektefolk som ikkje kunne greie seg med den hjelp borna kunne gjeva, vart sendt på legd, kona til ein hus-stand, og mannen til ein annan t.d. Asbjørn Fyllingstrand.

Ei anna tung bør å bera hadde husmennene i at dei hjå handelsmannen hadde berre l i t e n «betruelse», so dei hadde vanskeleg med å få turvande varer på borg. Dette skapte ofte vanskar.

Min bestemor fortalde, at ein dag tidleg på våren kom ein husmann – vi kan kalle han Johan – og gjekk fort til Skodje (truleg for å få kjøpa mjøl). Etter ei stund kom Johan att – utan å ha noko med. Etter ein time kom Johan på nytt etter vegen, mot Skodje. Denne gongen og kom Johan frå Skodje utan noko med, men såg sturen ut.

Etter ein halv-time kom Johan på nytt heimover og gjekk fort. Dette såg bestemor. Og då sa ho til bestefar: No Elias, kjem Johan tredje gongen heimover, du må gå ut og snakke med han, det er visst ikkje bra no. Bestefar passa på – fekk snakke med Johan – Johan var alvorleg. Bestefar kom inn – skreiv nokre ord på ein papirlapp og gav Johan som då gjekk fort til Skodje. Ei stund etter kom Johan att og bar ein halv sekk mjøl. Truleg ei redning.

Slike beine gløymde ikkje desse husmennene, ikkje Johan heller. Då hausten kom var det eit godt år med god avling av havre og stod godt turr i hesjane, og kunne inntakast. Men då var bestefar gamal og sjuk, sonen som hadde tekje over garden var nyleg død.

Ein morgon kom Johan inn til bestefar og sa: «Du hev mykje godt og turt korn ute no du, Elias, no skulle det ha vore inne.» «Ja, svara Elias, «men eg er ikkje god for å køyre no. Eg er so sjuk». «Eg skal kome og køyra», sa Johan. Prøv å få nokon til å taka unda i løa.» Og det vart det og ei råd med. Kornet kom godt inn den dagen, og Johan gjekk «lett» heimatt.

Hausten 1814 – som var et av dei vanskelege hungersår, kom enkja på husmannsplassen og spurde mi oldemor Ragnhild, om å få låne 2 merker byggmjøl – (½ kg). Å få kjøpe mjøl i dei dagar var umulegt.

Ragnhild skjøna, at no røynte det på om mat til enkja. Ragnhild gjekk til stabburet og enkja etter. Då Ragnhild skulle øysa mjøl opp i den vesle tre-øskja som enkja hadde med. for det mjøl utover kanten og ned på golvet. Det var ikkje mykje mjøl som rann utover, men enkja la seg på kne på stabbursgolvet, og slikka med tunga opp alt mjøl på golvet. Inkje mjøl måtte kome bort.

Ei husmannskone fekk vitjing av syster si ein dag, ho var gift ut i øyane ein stad. Då ho såg desse små åkerlappane og engstykkja spurde ho: «Kva lever dykk av her?» Den kloke husmannskona svarte: «Vi lever av den mold vi får i moldtaket og som vi dreg heim på åkeren – og av synnavind – og av Gudslåna.»

Det er verdt å stoppe opp for dette svaret.

Dei ymse krinsar i Skodje

Kart nr. 1

Heggebakk gnr. 2

I år 1624 er ført Oluf Heggebakk som husmann på Heggebakk. Hev inkje anna kjennskap til denne.

Kart nr. 2

Gudmundset gnr. 3.

Ut og ned for Kleiva hev det budd plassefolk. Ein Simon Knutsen kom hit ca. 1750, men d. 1763. So kom ein Knut Olsen, d. 1766. Same året døde kona, Karen Larsdatter. Dei hadde sonen Arne Knutsen.

1870 kom her Rasmus og kone, Karn Anna. Born: 1869 Anna, 1873 Lovise, 1877 Karl, 1879 Peter, 1887 Knut. Dei budde i ei lita røykstove, og hadde ei liten murfjøs. Fora 1 ku, 2 geiter og 4 sauer. Desse nytta mykje fiske i Storfjorden.

Kart nr. 3

Nonsvik, gnr. 4 (Koparvik)

Omkring år 1700 budde ned ved sjøen i ei vik, ein kopparsmed, og soleis vart denne vika kalla Kopparvik, og det heiter den enno. Kona til den vidgjetne stotarkonge, – Aleksander – heitte Kari Olsdatter Kopervik. Aleksander verka på Sunnmøre i åra 1700 og utover. Stova var ei lita røykstove, og eit lite murfjøs/løe. Dei fora 1 ku og 3 sauer.

Kart nr. 4

Rabbevik (Rabben) bnr. 5.

I eldre tid er det nede ved sjøen budt ein husmann, og der er synlege merke etter hustufter. I eldre skrifter er inkje namnet Rabben brukt, men Rabbevik. I 1764 er nemnt ein Jens Olsen Rabbevik, gift med Berte Olsdatter Glomset. 1762 er Pål Olsen Rabbevik gift til Glomset. På pladsen fora dei 1 ku, 4 sauer. Dei hadde ei lita røykstove og murfjøs.

Kart nr. 5

Rabbevik

1830 festeseddel frå Nils Mechlenburg til Lars Zakkariassen på ein plads m/kaar til Johanne Knutsdotter. Ei lita røykstove, murfjøs m/løde. Dei fora 1 ku og 4 sauer.

Kart nr. 6

Honningdalsnes, gnr. 7.

I 1800 kom ein Simon Jensen, f. Linge, til Honningdalsnes, og fekk bygsle seg plads der. Og denne pladsen vart kalla «Simonneset». I siste tid han levde var han blind og gamal og vart sendt rundt på legd. Han døydde i Abelvik 1853, 82 år gamal.

År 1839 kom Kristian Martinusen Opsal og kone Petrine Ingebrigtsdatter og feste plassen. Dei hadde ein Martinus Carolus. 1846 døydde kona. I 1847 gifte Kristian seg 2. gong med Ingeborg Nilsdatter Glomset. Dei fekk desse borna: 1848 Elen. 1852 Nils Peter. 1854 døde Kristian 54 år gamal. På pladsen var det stove og løde i ett. Dei fora 2 kyr og 4 saue.

Kart nr. 7

Glomset gnr. 10.

Festeseddel frå Nils Mechlemburg til løytnant Kars på ein plads «Leitavågen» dat. okt. 1830. 1843 forlet Kars pladsen. 1843 gav Christian Sorthe festeseddel til Hans Jakob Monsen på pladsen «Leitavågen» Glomset, bnr. 1 dat. 24/6 1843. Fjøs og stove i ett. Dei fora 2 kyr og 4 sauer.

Kart nr. 8

Vike, gnr. II bnr. I (Ytrevik) «Langneset».

Husmannseddel frå Petter Berntsen til Nils Larsen Rabben, dat. 8/5 1867. Røykstove og et lite steinfjøs m/løe. Dei fora 1 ku og 6 saue.

Kart nr. 9

Vike, (Indre) gnr. 12, bnr. 1.

Festeseddel på pladsen «Hatlen» frå Jørgen Elias Jørgensen til Johan Larsen Nedre Glomset, dat. 3/8 1867. Johan bygde seg røykstove, og løe, kua og sauene hadde han i kjellaren. Han fora oftast 1 kyr og 4 sauer. Til slutt berre 2 sauer. Johan var gift to gonger, den siste var frå Barlindhaug. Han arbeidde alle vintrar – og andre tider og – på Leita (Glomset). Og det vart fortalt no – av eldre folk – at han brukte tresko mest alle dage – sumar som vinter. Etter at siste kona døydde, flytte han til Flaate, til nære slekt der.

Kart nr. 10

Vike, gnr. 12, bnr. 1. Yste-Hatlen.

Festeseddel frå Petter Hatlen til Nils Pettersen Indrevik på ein liten husmannsplads, dat. 1883. Ei lita stove. Overlæge Bendiksen, Ålesund, hev sumarhus der no.

Kart nr. 11

Valde, gnr. 13, bnr. 3, «Hatlen», Plads.

Festeseddel frå Lars Peter Jørgensen m/fleire til Bastian Ingebrigtsen Hattlen, på husmannsplads, dat. 22. jan. 1863. Fora 4 saue. Bet. kr. 2,- i landskyld.

Kart nr. 12

Valde, gnr. 13 og 14, bnr. 3–4–5. «Fagervik».

Festeseddel frå Lars Petter Jørgensen m/fleire til Lars Knutsen på ein plads «Fagervik», dat. 11/8 1864 (Jovika). Røykstove og murfjøs. Fora 1 ku, 4 sauer. Lars Knutsen hadde ein son – Karl. Det er fortalt, at han var den fyrste som hadde paraply, i den grenda. Lars Knutsen bet. kr. 2,- i landskyld pr. år.

Kart nr. 13

Valde, gnr. 13. «Sivertpladsen».

Husmannseddel frå Rasmus Pedersen Valde til Sivert Karlsen på «Sivertpladsen», dat. 31/7 1882, fora 1 ku, 2 saue og hadde dyra i kjellaren. Bet. kr. 2,- i landskyld.

Valde, gnr. 13, «Kleivapladsen».

Husmannseddel frå Jørgen Olsen Godø, og Kristian Dyb, til Amund Larsen Valde og enke, dat. 24. nov. 1876 på husmannspladsen «Kleivane». Kr. 2,- i landskyld. Dei fora 1 ku og 4 sauer. Det var ein regel for alle husmenn her, at landskylde skulle vere betalt til jul.

Kart nr. 15

Haahjem, gnr. 14, bnr. 1.

Festeseddel frå Erik Olsen til Torstein Jensen Haahjem frå Ørskog på et stykke mark til husmannsplads. Dei fora 2 kyr og 6 sauer. Landsskyld kr. 2,- pr. år og skulle vera betalt til jul. Et år greidde han inkje å betale landsskylda til jul, og so vart festa oppsagt julafta.

Kart nr. 16

Husmannspladsar i Skodje

Gnr. 29, bnr. 1 Flaate

Festeseddel frå Sivert Flaate til Sofie Aslagsdotter Vinje på et stykke mark, dat. 24. mars 1868. År 1865 er ho ført som tenestejente på Solnør. Ho er fødd 1813 i Stranda prestegjeld. Ho fekk namnet Kronborg med ho tente på Solnør. Flytta til Flaate 1868 og fekk seg opp eit lite hus der. Fora 2 sauer og dei hadde ho i kjellaren. Sofie døde 1890.

Kart nr. 17

Saltkjelsvik gnr. 32, bnr. 1 «Haugen».

Festeseddel frå Christen Sorte til Carl Andersen på et stykke mark «Haugen», dat. 5/7 1845, arme Knutsdatter – fr. Stryn Carl Andersen og kom fra Stordalsholen. Ei datter, Anne Marie. I 1880 kom Ole Ivar Johansen fra Grodås–Stryn. g. m. Anne Marie Andersen. Dei hadde desse borna: Ole Andreas, Karn, Olivia og Anna og Johan. Olivia og Anna reiste til Amerika. Anna var med «Titanic» då den forliste i 1912. Ho vart berga.

Kart nr. 17

32 Saltkjelsvik, Claus-pladsen

Claus Rasmussen frå Stryn og kone Marit, kom hit og bygsla denne pladsen. 2 born. «Sirimyra» Marie, f. 1850, Karl 1855, fora 1 ku og 3 sauer.

Denne pladsen var mellom den gamle og den nye vegen.

Kart nr. 19

Digernes gnr. 33, bnr. 1

Husmannsseddel frå Christen Olsen Sorthe til Knud Jensen Brusdal og enke på en plads, dat. 6. okt. 1872.

Husmannskontrakt fra Peter Kristoffersen til Nils Knudsen og eventuell kone på 2 markstykker «Digernes-haugplads», dat. 12. desember 1899.

I 1927 sa Nils Digernes frå seg pladsen 23/12 1927 og flytte stova til Ratvika, der han busette seg. Nils var flink bygningsmann, og vinteren arbeidde han vindusrammer og karmar. Han bygde og meir enn 100 færingar i si tid. Nils var av spelemannsslægt og var flink å spela fele. Den fyrste stova på pladsen var ei røykstove. Den kom frå Svartløken. Der var fjøs i kjellar for 2 kyr.

Kart nr. 20

Tøssebruen, gnr. 38, bnr. 1, pladsen «Tøssebruvåg

Festeseddel frå Jakob Pettersen Slettebakk, til Peder Pettersen på pladsen «Tøssebruvågen» d. 1/7 1863. Festeseddel frå Jakob Slettebakk til Jens Pettersen på ein plads «Tøssebruvåg», dat. 18. okt. 1867.

Skylddelingsforretning der «Tøssebruvåg» er frådelt til bnr. 2, og er særskilt skyldsatt 5/9 1900.

Kart nr. 21
Gardsnr. 42, bnr. 1 Rumpen:
Festeseddel frå Frimann til Colbein Jørgensen på en plads, d. 2. juli 1832.

Kart nr. 22
Brn. 2
Husmannsseddel fra Peter Thoresen Holen og Andreas Berntsen Blindem til Albert Jacobsen Frøland og enke på en plads under d.g. m/kårforpliktelse til Colbein Jensen og Bernt Jetmundsen Skjaastad Enker, dat. 18. sept. 1872. Bernt var frå Hjørundfjord og sameleis kona. Dei fora 1 hest, 2 kyr og 5 sauer.

Kart nr. 23
Gnr. 44, bnr. 1 Slettebakk
Husmannsseddel fra Jakob Pettersen Slettebakk til Martinus Olsen på et stykke mark, da. 5. februar 1865 tingl. 1869 til plads. Dei fora 1 hest, 1 ku, 7 sauer.

Kart nr. 24
Husmannsseddel fra Jakob Petersen til Joakim Kristiansen Reikvamsgjærde og Enke, på pladsen, «Gjærdet», dat. 28/10 1872.

Kart nr. 25
Festeseddel frå Jakob Pedersen til Lars Botolvsen på et stykke mark dat. 24. nov. 1843 fora 1 hest, 2 kyr, 4 sauer.

Kart nr. 26
Festeseddel fra Ivar Furtsen til Andreas Nilsen på en plads, dat. 18. sept. 1830.

Kart nr. 27
Brusdal, gnr. 45, gnr. 4, Brusdalshjellen
I 1826 – april – finn vi ein festeseddel frå Halkjel Arnesen og Johannes Olsen, til Mons Pedersen, f. 1778 Skodje og kone Oline Olsdotter Brusdal f. 1794. Dei hadde desse born: 1830 hadde dei sonen Ole Johannes, Fjell-Ole. Ole vart gift 1854 med Lovise Reite, Ørskog. Dei fekk desse borna: 1855 Jens Martinus, 1858 Henning, 1862 Karoline. Skjøte frå Johannes Olsen til Christen Olsen Sorthe dat. 16. oktober 1847. Bygselsedel fra Chrısten O. Sorte og Thomas E. Brusdal til Ole Monsen, dat. sept. 1839.
Fullmagt frå Anders Sorthe til Daniel Christensen Glomset til at underskrive skjøte på «Brusdalshjellen», dat 21/4 1906.

Skjøte fra Anders Ingvald Olsen Sorthe v/kurator Daniel Kristensen Glomset, til Ole Monsen Brusdal, dat. 5/5 1906.

Kart nr. 28

Brusdal, gnr. 45, bnr. 2, pladsen «Hestefaldet».

Festeseddel frå Johannes Olsen til Severin Nilsen på en plads «Hestefaldet», dat. 7/6 1838 m/krav om kår av «Hestefaldet», dat. 10. nov. 1847 til Guri Regine Iversdatter.

Kart nr. 29

Brusdal, gnr. 45, bnr. 2, pladsen «Hestefaldet».

Festesedel fra Christen Olsen Sorthe til Lars Colbeinsen Saltkjelsvik og kone, m/kår Jørgen Jetmundsen Brusdal, dat. 13/7 1887.

Kart nr. 30

Gardsnr. 45, brn. 1 Brusdal, plads Brusdalsnakken.

Festeseddel frå Peder Larsen til Carolus Kristensen på en plads «Brusdalsnakken», dat. okt. 15, 1841.

Kart nr. 31

Festeseddel fra Peder Larsen til Ole Rasmussen på et stykke innmark «Demningshaug», dat. 16. okt. 1844.

Kart nr. 32

Husmannsseddel frå Knut J. Brusdal til Petter Pettersen Løvik, på pladsen «Demningshaug», dat. okt. 1879.

Kart nr. 33

Hanebrekke-pladsen

På ein plads opp på fjellet budde ein Ole Rasmussen Hanebrekke. Han var fødd i Vaage prestegjeld. Han var ein dugande bygningsmann. Kona heitte Ragnhild Iversdotter. Dei hadde desse born: 1846 Regine, 1850 døyde Ragnhild, 56 år gamal. Dei fora 2 kyr og 6 sauer. Ragnhild var bryllupskokke.

Kart nr. 34

Brusdal gnr. 45, gnr. 4 «Pladsen», aust for bøen.

Ein av dei fyrste brukarar vi veit om var «Blinde-Severin» og kona Guri. Dei var frå Stranda. Inkje born. Etter dei kom til Brusdal fekk dei desse born: 1848 Ingeborg, 1852 Lars Peter.

Kart nr. 35

Gnr. 54, bnr. 1 – Løpenr. 26 – Fylling Lille, gamal skyld 1 vog fisk.

Under dette bruk er husmannsplassen «Willeikplassen». Den låg på åsryggen rett nord for det eldste tunet i Kassneset.

År 1824 kom Willeik Knutsen, f. 1793, frå Mørkeset til Kassnes og fekk festeseddel av Sjur Arnesen, f. 1794, på eit stykke «mark» til husmannsplass. Det var Sjur Arnesen som var eigar av Fylling Lille, bnr. 1. Årleg utreidsle for plassen var 1 ort og 1 veke arbeid sumaren. Dei fora 1 ku og 4 sauer.

Willeik Knutsen var gift med Berte Knudsdotter Valde, f. 1801, d. 1853. Desse fekk seg opp ei lita gamal røykstove og eit lite steinfjøs m/løe. Dei fekk desse borna:

På Mørkeset: 1822: tvillingar Karn Ingeborg og Johannes Britanus.

1830: Henrikke Katrine, d. same år.
1832: Henrikke *Severine*.
1836: Oline Severine.
1838: Karolus Britanus.

1853 døydde kona, Berte Knutsdotter, men same år gifte Willeik seg 2. gong med enke Guri Knutsdotter Skodjevåg, ho 53 år. Neste år, 1854, døydde Willeik 61 år gamal.

Festeretten på husmannsplassen gjekk no ut og stova overtok Skodje og Vatne fattigkasse. Stova vart litt seinare seld til vekkflytting og vart oppattsett på husmannsplassen «Kvennabakken», gnr. 56, bnr. 2. Den står ennå.

Det var svært lite foring på denne plassen, truleg 2 kyr og 2 sauer, men dei måtte hogge mykje lauv og beit for å fore dette. Det vart såleis hardt om levebrødet for huslyden. Det vart nok fisk som dei fekk tak i frå sjøen dei måtte nytte, og så var det eit godt fiskeland i vatnet og – Grønstøa – som var, og er, ein av dei beste fiskeplassane i Engesetdalsvatnet. Dei siste åra måtte Willeik få hjelp av fattigkassa, for helsa svikta.

No er det vanskeleg å sjå at her har budd folk som har hatt sin levemåte her. Det er ein svært stor skilnad på den tids levemåte og krav og den som er i dag. Og tross det kan ein høyre «klagesongen» like høg i dag som i farne tider.

Men skogen har vokse, og saman med lyng og einer dekker den mykje slit og armod – som snart er gløymt.

E.F.

Kart nr. 36

Husmannsplassen Stranden vestre, nr. 54, bnr. 4.

Året 1879 selde Peder Sivertsen Lille Fylling (Vadset) dette bruk, gnr. 54, bnr. 1, til Thore Olsen Fremmerlid, som tok av i salet ein teig av bø-

marka som då vart brukt som husmannsplass av Ingebrigt Iversen frå Ringebu og hadde festeseddel av 10. april 1880.

Kona til Ingebrigt heitte Berte Tormodsdotter, f. Fladmark, Romsdal, d. 1902. Denne Ingebrigt hadde fyrst vore ute til sjøs på seglskute og kunne fortelje mange «eventyr» om sine reiser. Ein nabo kom i prat med Ingebrigt ein dag og sa: «Du har vel fare vide du som har vore sjømann?» Då svara Ingebrigt: «Ja, eg har vore både i Rio de Janeiro og i Bergen, au.» Desse orda har seinare vorte brukt som munntak.

Då han vart lei av sjøen fekk han seg arbeid på veganlegg, og han vart ein flink steinarbeider. Og det kom vel med. Ingebrigt mura stove og fjøs i ett, med dør frå stova til fjøset. Løa vart bygd av tre. (Sjå innhefta tegning av Ingebrigtstova.)

Ingebrigt fora 6 sauer.

Då dei kom til Stranden hadde dei 3 born:

Brit Ingebrigtsdotter, f. 1851.

Johan Tobias Ingebrigtsen, f. 1853, flytt til Ålesund.

Birthe Elina, f. Ålnes i Grytten 1858, konfirmert 1872, død 1887 av tæring.

Det vart ikkje så mykje Ingebrigt rakk å dyrke av denne husmannsplassen, så det vart eit magert levebrød for desse.

Ca. 1900 flytte Ingebrigt Iversen Fyllingstrand til Ålesund.

Skøyte v/skifteforvaltaren til Laurits Knutsen Kassnes på denne eigedom, gnr. 54, bnr. 3, datert 4/10 1909.

Skøyte på dette bruk frå Knut og Sigrid Kassnes til Knut Fyllingstrand datert 29/12 1925.

Skøyte frå Knut Strand til sin son Johan Strand, datert 17/8 1950.

E. F.

Kart nr. 37

Husmannsplassen Stranden – østre

Den fyrste festar ein kjenner er Asbjørn Ananiassen, fødd 1795 på Storsætra av foreldre Lars Ananiassen og Siri Asbjørnsdotter. Lars Ananiassen var ei tid skulelærar i Heissa og Nørvøy i Borgund.

Asbjørn vart gift 1820 med Olave Andersdotter Søholt, f. 1790. Desse var fyrst brukarar av Beite i 1838. Flytte derifrå 1845 for å bygge seg ny heim i Stranda, ein heilt urydda og huselaus stad. Asbjørn fekk festesetel frå Jørgen Sjursen Lille Fylling, datert 13/9 1847. Han bygde seg stove og fjøs med løe og dyrka så noko jord. Men han måtte og vere vekke på arbeid. Han var svært flink til å sage tømmer med handsag, og av den grunn vart han kalla sagar-Asbjørn. Dette sagarbeidet var svært tungt arbeid. Asbjørn var med heile byggetida av Skodje kyrkje og var fast sagmann.

Asbjørn og Olave hadde desse borna:

Anders Emanuel, f. 1821.

Johan Andreas, f. 1824, (vart gift til Fremmerlid)

Anne Severine, f. 1826.

Ole, f. 1828, (kom bort på sjøen 1860)

Laurentse, f. 1833, vart gift med Iver Olsen, f. Digernes, vart pladsefolk på Iverpladsen, Skodje.

Det vart eit urimeleg slit for Asbjørn og kona, så helsa svikta. I 1868 orka dei ikkje å drive plassen. Dei måtte gå den bitre vegen til fattigkassa, og så vart denne akta arbeidsmann og rydningsmann send ut på legd, til Dyrøya, og kona Olave vart send til Ørskog. Dottera Anne prøvde å hjelpe seg sjølv, men i 1900 døydde ho, 58 år gamal på legd. Anders veit vi ikkje noko om.

E. F.

Kart nr. 38

Husmannsplassen «Hagen» av gnr. 55, bnr. 1, Langnes i Skodje.

Grenser: Mot aust til Lille-Fyllings kalvegjerde, mot syd til Fyllingsvatnet, mot nord til bygdevegen, mot vest til Langnes bømark.

Festeseddel på dette jordstykket vart skriven av Andreas Olsen Langnes til Andreas Thorsen Skodje den 16/10 1867. Andreas skulle svare noko pliktarbeid og dertil landskyld. Alt hausten tok han til å emne på stove og fjøs med løe. Han bygde ei, etter forholda, romsleg pen stove, og dei fekk det triveleg. Dei fora 2 kyr.

Andreas Thorsen, f. 1836, vart gift 1868 med Jørgine Petrine Reiakvam, f. 1841. Bustad Langnes i Skodje. Dei fekk desse borna:

Berte Thomasine, f. 1869.

Karoline Tomasine, f. 1871. Ho bleiv på ei kyrkjeferd frå Otrøy til Finnøy ein Kristi Himmelfartsdag 1894.

Tomas Andreas, f. 1874, d. 1893.

Jens Nikolai Severin, f. 1877, d. 1897.

Ludvig Sverre, f. 1879, d. 1973.

Lisa Jakobine, f. 1882, d. 1884.

Berte, g.m. enkemann Ole Tenfjordnes, bustad Tenfjordnes, g. 1899.

Karoline, nr. 3 Tomas og nr. 4 Jens døydde ugifte.

Ludvig Sverre, g. 1901 med enke Anne Gurine Fylling, f. Digernes 1864.

Born:

Petra Ragnhild, f. 1902, g. 1927 med Peder P. Eidsvik, f. 1893, 4 born.

Jørgine Synnøve, f. 1904, g. 1931 med Olav Haugen, f. 1901, bustad Steinødegård, Vestnes. Han har vore båtbyggar og driv eit småbruk. 3 born.

Stova som stod på husmannsplassen «Hagen» Langnes.

Berte og Ole Tenfjordnes hadde 7 born. Bl. andre prost J. Tenfjord i Borgund.

Andreas Thoresen Langnes var ein dugande arbeidsmann. Han måtte bygge stove og fjøs m/løe, og det var reint utruleg kor mykje jord han rakk å dyrke. Husmannsstova vart flytta 1941 noko nærare heimetunet, og no er det fru Ragnhild Stadheim som er eigar.

Kart nr. 39

Husmannsplassen «Bøen» av gnr. 56, bnr. 1, Fylling i Skodje.

Våren 1887 kom Peter Severin Berntsen Stavdal, Stordal, f. 1857, og kone Oline Knutsdotter Almås, Stordal, f. 1862, g. 1887, til Fylling for om mogleg å få feste eit stykke jord til å byggje og bu på. Dei vart samde med Lars Knutsen Fylling som var eigar av bnr. 1. Dei skulle få feste nokre mål av øvre del av kalvegjerdet til bnr. 1 og opp til utmarksgarden, og eit slåttestykke i Storekrokane og så ein utmarksteig i Lien. Heimestykket vart kalla Bøen, men det var svært mykje stein og berg i dette. Dertil var det svært vassfullt. Den årlege utredsle var kr. 10,- og 12 dagar i pliktarbeid.

Så var det hus. Førebels fekk dei bu på loftet i Larsgarden, til dei fekk seg opp hus sjølve. Petter tok fatt med jordbryting i ein bakke opp for vegen til Langnes og Kassnes. Der var mykje stein, men Petter trengde noko stein til fjøs og løemurar. Desember 1888 døydde skulelærar Knut Gudmundset, 87 år gamal. Han hadde vore lærar i Skodje i 51 år og eigde si eiga

stove, som stod opp i bakken opp for E. P. Ytrelid sin garasje. Då Gudmundset døydde, fekk Petter B. Fylling kjøpe denne stova til riving. Det var ei god røykstove m/inngong og kjøkken i austre ende, og eit kammers i vestre ende, i dette kammerset var det loft. Han flytte stova så snart råd var og sette den opp på plassen han hadde festa. Mest samstundes var løa ferdig og.

Petter B. Fylling, som han kalla seg no, var ein svært dugande arbeidsmann, vart ein ettertrakta gråsteinsmurar og fekk alt det arbeid han rakk over i Skodje og andre bygder, t.d. i Liabygda sette han opp mange stove- og løemurar i gråstein. Og det var pent arbeid. I slåtten måtte han vere heime og slå plassen og sæterstølen og gjere pliktarbeid. Han slo og utmarkslått i Storlia og eit år slo han i Alia og. Det høyet drog han ned i Jølet på bjørkesloge. I Alia har det i eldre tid vore ein slåtteteig, der viser tuft etter løe. Men ingen hugsar no at der har vore slege høy av andre enn Petter B. Fylling.

Vinterstid, når det ikkje var murar-arbeid å få, hogg han bjørk og drog heim, og det var store lass Petter drog. Om det var gnistrande kaldt, så kom Petter med drag-kjelken – berre i ein busserull – men lett og ledig og smilande. Og klede vart det snart for mykje av når han tok til å drage bjørkestrongar. Oline var ei flink kone i alt sitt arbeid og stelte pent heimen. Ho var svært misjonsinteressert og var ei av leiarane i kvinneforeninga i bygda. Særleg var ho flink til å syngje.

Oline og Petter fekk desse borna:

Knut Bernhard Marius, f. 1889, utvandra 1907 til California. Vart gift i California. Vart ein stor fruktfarmar. Var heimatt, men reiste over att. Han hjelpte foreldra i deira siste tid. Er no død.

Bernt Pettersen Fylling, f. 1893, utvandra til California, vart gift der. Bernt var bilmekanikar. (Bernt utvandra 1911).

Petra Karoline Marie Petersdotter, f. 1896, g. 1920 m/Rasmus Morsund, Harøy, f. 1886.

Marie Laura Petersdotter, f. 1900, gift 1924, m/Bernt L. Øye, f. 1895. Dei busette seg i Øie og vart gardbrukarar der. Dreiv med geiter og dertil noko heimeindustri, laga vognhjul.

Dei fekk desse borna:

1925 Lars, g. med Else Øverlid, Hareid.

1928 Oddbjørg, g. Valderøy.

1935 Petter, lege i Kirkenes.

1952 vart husmannsplassen Bøen fråskylddelt bnr. 8 til eige bruk og fekk namnet «Bøtun», gnr. 56, bnr. 21, skyld 20 øre, dat. 29/8 1952. Eigaren av husmannsplassen Bøen, Sivert L. Fylling, skreiv same dag skøyte til Bernt Øie på «Bøtun», gnr. 56 bnr. 21.

År 1967 skreiv Bernt Øie skøyte til sin son Lars B. Øie. Det vart bygt ny stove og løe på bruket, og dei dyrka noko jord. På same tid dreiv dei gardsbruket Øie, og det foret køyrde dei til Fylling og fora det opp der.

Stova på husmannsplassen Bøen, Fylling.

Det var mest sauer dei fora.

Lars og Else har desse born:

1951 Randi, g. med Reidar Braute, Sjøholt.
1953 Marit, g. Solbakk, Ålesund.
1954 Torild.
1958 Brit Jorunn.
1863 Lisbet.

Lars Berntsen er no verksmeister på Vatne lenestol, Vatne.

Den fyrste stova på husmannsplassen står ennå. Den er pent stelt og må vernast.

Marie Øie, f. Fylling er no på Skodje Aldersheim av skuld helsa. Ho var f. 1900. Det var alltid så reint og velstelt, ute og inne, på Bøen, bær og blomst trivdest godt rundt husa der. Og der er mange gode minner derfrå. Var det noko kristeleg møte på skulehuset i den tid, var Oline og Petter jamt med der.

Det vart eit langt og strevsamt liv for Oline og Petter. Oline vart 80 år gamal og Petter 87 år –.

Bernt Øie døde 1970.

Kart nr. 40

«Nygjerdet» – Brune, gnr. 57, bnr. 2 i Skodje, skyld 20 skilling.

År 1844 kom Martinus Salvesen frå Beite, f. 1788, d. 1867, til Brune for å feste jord til husmannsplass. Han vart i 1823 gift med Marte Andersdotter Sjøholt. (Ho var syster til kona åt Asbjørn Ananiassen Storsæter.) Martinus var skinnfeldmakar. Før han flytte, hadde Martinus snakka med eigaren av Brune, John Pedersen Fylling, og vorte samd med han om eit stykke av nederste bømarka i Brune, for ei innfesting av 2 dalar. Med dette stykket var 2 mindre skogteigar til bruk. Festeseddel vart skriven oktober 1844. Martinus fekk kjøpe seg ei eldre røykstove som han flytta dit. Så bygde han seg fjøs av gråstein. Oppå fjøset, løe til høy og lauv. Det var lite som var rydda og mykje mindre dyrka av dette jordstykket som vart husmannsplass. Men både mann og kone hjelptest i mest alt arbeid, og dei var ihuga, heimen skaptest litt om senn og dei var nøgde. Han fore 1 ku og 4 sauer.

Medan Marte og Martinus var i Beite, fekk dei desse borna:

1823: Sevrine, men ho døydde snart.
1825: Sivert Andreas.
1830: Severine, ho vart seinare gift til Valde.

Sivert fekk tidleg hjelpe faren med å lage skinnfeldar, så når han vart vaksen vart han ein flink skinnfeldmakar.

1854 døydde Marta Andersdotter, 64 år gamal.

1854 vart Sivert Martinussen gift md Anne Marie Rasmusdotter Tøsse. Ho var syster til Tomasine Rasmusdotter Fylling (Hjellen). Anne Marie døydde 1855 på barselseng. Barnet døydde og.

1856 gifte Sivert seg med Eli Johnsdotter Fylling, f. 1828, d. 1875. No ville Sivert gjerne verte eigar av denne plassen. Han snakka med eigaren, Elias Johnsen Fylling (i 1856 var dei svograr), og dei vart samde om det, då Elias var eigar av heile Brune. Elias Johnsen fekk skylddeling på Brune, bnr. 1. I 1861 fekk husmannsplassen med innmark og forholdsvis del i utmark og fellesbeite m/sæter, særskilt namn og bruksnr.:

Grn. 57, bnr. 2, «Nygjærde», skyld 20 skilling av Brune i Skodje.

År 1861 vart skøyte på dette bruk skrive frå Elias Johnsen Fylling til Sivert Martinussen Brune for 100 sp. d., datert nov. 1861. Sivert og Eli Johnsdotter fekk desse born:

1856: Anne Marie Dorthea.
1859: Johan Martinus, lærar, utdanna Tromsø lærarskule.
1862: Dorthea Jakobine Tomasine, d. 1866.
1866: Peter Daniel Martinus, skreddar, flytte til Sør-Reisa.
1874: Joakkim Bastian Thomas, d. 1875.

April 1884 vart Anne Marie gift med Petter Jensen Vestre, Ørskog. Han var skreddar og dei ville gjerne ta over bruket «Nygjerdet».

I 1886 vart skøyte på dette bruk skriven frå Sivert Martinussen for kr. 750,- + kår til selgaren, til Petter Jensen (svigersonen) f. 1855, Brune, dat. 26. okt. 1886.

I 1887 kjøpte Petter Brune ei lita stove på Engeset til å bygge attåt den røykstova som var før. Den stova som vart bygt til var loftsstove, og det er same huset som står no.

1890 døydde Sivert Brune.

Anne Marie og Petter Jensen fekk desse borna:

1885: Elen Peterdsdotter Brune, d. 1968, vart gift m/Karl Uri, han kom bort på sjøen 1927.

1888: Petter Rasmus Brune, fiskar, gift 1917 d. 1956, m/Signe Roppen, f. 1900, Ulstein.

1890: Jens Pettersen Brune, lærarskuleelev, døydde i Volda 1911.

1896: Ragnhild Petersdotter, g.m. Bekken, d. 1973.

Petter Jensen dreiv bra bruket, og siste åra han hadde det, fora han hest og. Petter slutta etter kvart med skreddararbeid, og fekk arbeid hjå Rønneberg i Ålesund med bøting av sildegarn. Han hadde sønene med noko, og dei heldt til om bord i ei gamal seglskute. Men seinare fekk han sendt garna til Skodje og derfrå køyrt med hest til Brune. Dette vart eit godt løna arbeid, og han dreiv dette så lenge han orka.

År 1924 fekk Petter Pettersen Brune skøyte på gnr. 57, bnr. 2 «Nygjerdet» frå faren, Petter Jensen Brune, for kr. 2000 + kår, datert 15/12 1924.

Petter P. Brune dreiv dete bruk isaman med kona, Signe Brune. Ho var ei dyktig kone. Han dreiv og sjøen nokre år. Bruket var tungdreve og det var dårleg veg til gards.

1946 selde Petter P. Brune eigedomen gnr. 57, bnr. 2 til Martin Julius Ødegård, Ålesund. Han arbeidde bilveg til Brune og bygde ny løe på bruket. Dertil dyrka han noko ny jord. For tida er der ikkje buande folk på bruket og det vert heller ingen drift eller hausting no.

Petter P. Brune og Signe kjøpte seg hus på Skodje, og busette seg der.

Petter Jensen Brune døydde 1925. Anne Marie døydde 1950.

Petter Pettersen Brune døydde 1956.

Kart nr. 41

Nils-Hjellen. Husmannsplass av Fylling, gnr. 56, bnr. 1 i Skodje sokn.

(Husa stod like vest for vedskur og garasje til Per Fylling.)

År 1838 fekk Nils Olsen frå Øie i Engesetdal, f. 1792,, og kone Inger Gunnarsdotter, f. 1776, festeseddel av eigarane av gnr. 56, bnr. 1, Sivert Flaate og Knut Giskegjærde, og brukar Lars Knutsen Fylling, på eit utmarksstykke frå den eldste bøgard og austover mot husmannsplassen Jo-Hjellen. Og vestover etter Løken frå den gamle hovudveg. Derfrå i ca. 150 m i sydvestleg retning, så rett i Fyllingsvatnet aust for «Sæteren».

Dei bygde seg ei lita stove, eit lite stabbur og fjøs av stein med høyløe over. I folketelling for 1865 fora dei 2 kyr og 6 sauer, sådde ½ tynne blandakorn, ½ tynne havre og 1 tynne poteter. For å kunne fore desse dyra, måtte dei slå mykje i utmarka. Men dei var svært flittige og nøyaktige, så dei kom seg igjennom på eit vis.

I 1865 har Knut Larsen Fylling skreve ut kårbrev til Nils Olsen Fylling, datert 20/10 1865.

Nils Olsen Fylling og kone Inger Gunnarsdotter hadde desse born:

Oline, f. 1825, I 1859 e.u. Johan Nikolai d. 1869, m/Knut Brusdal. 1862 e.u. Helene m/Knut Brusdal. Helene fekk gå lærarskulen, vart seinare lærar og organist i Hardanger.

Ingeleiv, f. 1828.

Gunder, f. 1830.

Petter Olaus, f. 1833.

Nils Petter, f. 1835.

Jetmund, f. 1838.

Jørgen Elias, f. 1842.

Jetmund Nilsen Fylling gifte seg i 1862 med enka på Akslevold i Ørskog og flytte dit. Dette var eit bygselbruk. Kona døydde i 1874 utan born og Jetmund kom att og gifte seg 1874 med Gidsken Knutsdotter Lindset. Ho var buande hos Lars Petter Lille Fylling. 1874 flytta Jetmund til småbruket Stranda, gnr. 54.

Nils Olsen, Hjelle-Nils, dyrka noko jord på husmannsplassen vest for fylkesvegen, rett syd for stova til Per M. Fylling, og fekk til der om lag 2 mål åker. Denne åkeren vart kalla Nils-åkeren, og heiter det framleis.

Nils og Inger dreiv trufast husmannsplassen. Oline vart heime med foreldra, særleg etter 1870-åra. Ho byrja då å handle med ymse småvarer, t.d. tråd, hekte, fyrstikker, sukker, kringler og tobakk. Dette pusla ho med til ho fekk bli med dottera, Helene, til Egersund og seinare til Hardanger.

Husa vart då selde. Stova kjøpte Jakob Storsæter til husmannsstove på Storsætra, og stabburet kjøpte Daniel Fylling og flytte det til Kvennabakken.

Kart nr. 42

Husmannsplassen Jo-Hjelleu2v gnr. 56, bnr. 3, Fylling, brukar John Johnsen Fylling.

Den fyrste vi kjenner som brukar av denne plassen var John Johnsen, fødd 1797, på Erdal i Stryn. Han var gift med Dorte Olsdotter, f. 1803.

I 1826 har dei fått festeseddel frå Peder Johnsen Flaate, han var då eigar av gnr. 56, bnr. 3, Fylling i Skodje sokn. Dette jordstykket dei feste var utmark, men låg inntil – mot vest – den gamle austre utmarksgard for bømarka. Denne gjerdesgarden gjekk i sydleg retning frå den nordre gjerdesgard for bømarka – ned mot Løken – der står no ein 1 m høg merke-

stein nedsett av Peder Johnsen Fylling, ca. 1850, til eit varigt merke for den gamle bøgarden.

Husa bygde John ca. 40 m aust for fylkesvegen, nord for gardsvegen til plassane, og i ca. grensa mellom bnr. 3 og 4. John vann ikkje over så mykje nydyrking etter å ha bygt stove og løe. Men han fekk slå mykje i utmarka, så han fora 2 kyr og 6 sauer etter 2–3 år. Han sådde litt havre og sette litt poteter. På denne plassen – i bakkeskråninga – like ved Løken, er der tydeleg merke etter tjøre- og kolbrenning. Kol-laget under grastorva er fleire stader mange tommar tjukt. Og i eldre tid har der vore brent mykje kol og tjære og av den grunn har det fått namnet Hjellen, som ennå vert brukt.

I den fyrste tida måtte John sjølv gjerde for plassen sin mot utmarka. Men etter nokre år vart utmarksgarden flytta ca. 200 m lenger aust, og gjerdehaldet vart lagt på fleire.

John måtte legge opp for å få seg ekstra arbeid attåt plassen, for han sjølv hadde ikkje noko handverk. Det vart litt dagarbeid på gardane og i skogen.

John og Dorthe fekk 10 born og desse var:

Anne Marta, f. 1823.

Ingeborg Oline, f. 1825, (mor til Johan Daniel, seinare brukar av Kvennabakken),

Johannes, f. 1827, (vart husmann på Kvennabakken),

Eli, f. 1828, vart gift til Brune.

Tomas Andreas, f. 1830.

Johan Emanuel, f. 1832.

Peter Elias, f. 1835, d. 1838.

Johan Olaus, f. 1838, d. 1860.

Louvise Oline Petrine, f. 1840, vart gift til Ytterland, Valderøy.

Johan Daniel, f. 1842, vart gardbrukar på Indre Ekroll.

1843 døydde John si kone Dorthe.

1844 gifte John seg 2. gong med enkje *Johanne* Olsdotter, Indre Ekroll. Dei fekk eitt barn:

Pernille Dorthea, f. 1844, d. 1848.

John Johnsen var ikkje sterk av helse, og i 1862 gav han opp denne plassen og flytte stova lenger nord – opp mot den nordre bøgard. Dei fekk slå noko der, og den staden vart kalla Johannegjerde. Dei fora 2 sauer som dei hadde i kjellaren om vinteren.

År 1873 døydde John Johnsen etter eit langt og strevsamt liv. Enkja Johanne fortsette å bu i den vesle stova, og slo litt til 2 sauer som ho fora vinteren. Ein vil lett skjøne at det vart travelt for henne. Ho måtte og syte for ved til vinteren. Men ho klaga aldri. Sundag var helg for henne, berre ho ikkje forrekna seg på dagar.

Hausten 1875 – ein sundagsmorgon – vart mi bestemor merksam på at Johanne kom berande tungt på ei kase. Ho kom frå ei leirhole ute i Ekreskogane, og hadde leire i kasa til å tette grua si med. Bestemor nemnde

dette for far og sa at no har Johanne forrekna seg på dagane. Far meinte ho måtte berre få gå heim for ho visste ikkje betre. Men bestemor måtte få sagt det til Johanne. Ho gjekk nord på bakken og ropte til Johanne: «Det er sundag i dag, Johanne.» Johanne sleppte kasa av seg med ein gong og gjekk sorgfull oppatt i den vesle simple stova, lei seg for at ho skulle ta så feil. Kasa let ho liggje til måndag.

Seint på hausten 1877 døydde enka Johanne Knutsdotter Fylling, einsleg i den vesle stova. Stova var så dårleg at den kunne berre nyttast til ved. Murane vart ståande lenge. Der voks godt med stikkelsbær og solbær rundt dei murane i mange år.

Men året 1932 vart vegen over Fyllingsriset omlagt og den kom nett over desse tuftene etter ein husmannsplass. Ca. 20 m syd for nordre ferist på Fylling er desse tuftene gøymde i fylkesvegen.

E. F.

Kart nr. 43

Husmannsguten Erik Nilsen Bø, Lom.

Han var fødd 1830 og voks opp på ein liten husmannsplass i Lom. Det var trongt på plassen og trongt om «brødet» der oppe og, i den tid. Foreldra brukte ein liten husmannsplass, men bygsleleiga var så hard at det var snart ingen som kunne bygsle. Faren, Nils, måtte i bygsel arbeide 5 dagar i veka for ei avtale betaling «in natura» for jordeigaren, og den 6te dagen fekk han arbeide til seg sjølv. Betalinga kunne vere litt korn eller poteter eller kjøt, skinn, hud eller bork eller ull. For folk med born var dette vanskeleg, og det var svært få som bygsla på nytt. Å få kjøpe var ikkje råd. Erik fortalde sjølv at når han var 24 år var han trulova med ei ven jente frå same bygda og var tenkt å gifte seg. Ho var og frå ein husmannsplass, der var og før trongt om plass og ikkje noko å leve av. Å få dagarbeid var mest umulig då der var mange som ikkje hadde noko visst arbeid. Av den grunn var det ein og annan ungdomen som drog over fjellet vestover for å prøve lukka der. Og merkeleg nok, dei som reiste vestover flytte ikkje attende.

I 1855 gifte Erik Nilsen Bø seg med nabojenta Synnøve Hansdotter, ei svært vakker og flink jente. Dei hadde fyrst tenkt å vere der i Lom for der var så vakkert, men det syntest då å vere lita framtid. I 1859 fekk Erik og Synnøve seg ein liten gut, og han vart døypt Nils. Då denne guten voks litt, såg dei at eine foten ikkje var som den andre, og han måtte tidleg lære å bruke stav når han gjekk. Dette var tungt for foreldra. Synnøve og Erik byrja tenkje på å «leite» etter ein stad der dei sjølve kunne bygge og bu.

Våren 1864 var dei samde om at Erik måtte prøve å få lag med einkvan som var i same stode som dei, og som kunne tenkja seg å gå Grotlia så tidleg som mulig til første sumar. Det lukkast. Dei var 3 mann som drog

vestover Grotlia og kom til Geiranger. Der høvde det bra, dei fekk vera med ein 3-røring som skulle til Aalesund. Denne fekk dei vere med til Amdam. Turen gjekk bra, men det var vanskeleg om arbeid. Erik Nilsen Bø var komen til Skodje, og hadde ennå inga von. Men her fekk han eit vink om å gå til Fylling, for Elias Johnsen Fylling hadde nett flytta til nytt tun, og truleg hadde han ennå mykje å gjere. Erik fekk treffe Elias Fylling og der vart avtale om feste av ein husmannsplass «Teinhaugen», til rimeleg avgift, og dertil fekk Erik tilsagn om arbeid i den fyrste tid, når han fekk seg opp eit lite hus til å bu i. Erik vart svært glad og reiste heimatt til Bøverdalen for å hente kona og guten snarast råd. Men før dei kom seg heimanfrå i Bøverdalen kom hausten med snøver og dekte Grotlia, så det var heilt umulig å legge i veg då. Dei måtte vente til neste år.

Like over jonsok neste år prøvde dei over Grotlia, Erik, Synnøve og den vesle Nils, som måtte bruke stav heile vegen. Det vart 90 km å gå frå Bøverdalen til Geiranger, så det var utruleg at dei kom igjennom, for dei bar med seg alt dei eigde. Då dei kom til Geiranger fekk dei overnatte i ei løe og fekk kvile seg godt ut. Frå Geiranger fekk dei så vere med nokon på båt som skulle ut fjorden, og dei vart med til Amdam. Frå Amdam vart det så å gå til Fylling, om lag 20 km. Dei kom heilt utarma til Fylling, trøytte, svoltne og utan mat eller pengar. Ein må tru at dei vart leidde av ei hand som visste meir enn dei sjølve, for dit dei kom var det både evne og vilje til å hjelpe slike. Her fekk dei seg mat og hus, til dei fekk bygge opp ei lita gamal husmannsstove som nett då vart ledig. Erik sette opp murar til stova og den var fort flytta. Så tok han i veg med å bygge fjøs av stein, med ei lita løe over fjøset. Erik tok då namnet Fylling. Stova var knapt 4 x 4½ m med loft over. Der var ein inngong, mindre enn 2 x 2 m, ved sida av den var kjøkken, m/grue av gråstein, og golv av store gråsteinheller, og så ei dør direkte ut på garden. Mot aust var det eit lite vindu med 6 små glasruter, under dette ein høg benk av 2 born. Frå gongen gjekk ei bratt tropp opp på loftet, der oppe låg borna etter kvart dei voks, og då Sivert vart utlærd til skreddar, var det der han hadde «verkstad» og soverom. Sivert var flink skreddar, men var vanfør, så han måtte bruke både krykkje og stav. Han hadde mykje arbeid, men det var ofte vanskeleg å få pengar, for det var mangelvare hjå folk.

Etter kvart som dei fekk i stand hus, dyrka dei litt jord, så neste vår fekk dei setje litt poteter og så nokre skåler med havre, seinare sådde dei bygg og. Etter nokre år fora dei 2 kyr og 2 sauer. Fyrste våren tok Synnøve til å plante og pynte rundt stova, for den var deira, og denne staden rådde dei over. Ho planta ein hekk vest for stova, denne vart stor og svær. Så planta ho ein hyll, som levde lenge etter at folket flytta derrå. Ned med den vesle steintroppa til inngongen planta Synnøve reinfann, påske- og pinseliljer og mange andre vakre blomar. Desse levde lenge etter at begge, Erik og Synnøve, var døde – minnet skulle leve –. Det vart og planta mange bær-

busker, stikkelsbr, solbær, raud og kvit ripsbær og kirsebær. Å, der var så vakkert på denne plassen, og så lunt i denne vesle stova, om alt var svært enkelt og heimelaga. I stoveglaset stod oftast 2–3 store flasker med vatn i. Og i dette vatnet var det 3–5 iglar i kvar flaske. Desse iglane brukte Synnøve setja på folk som hadde verk eller vindt nokon stad – t.d. hoven i andletet av tannverk eller anna verk. Og merkeleg nok var det mange som fekk hjelp. Og Synnøve fekk seg nokre øre for dette. Men så var Synnøve så snill og blid mot alle, at sjølv om dei hadde verk så vart dei betre når dei møtte Synnøve. Ho var som ein solstråle alle dagar. Eit gudfryktig menneske, som kunne takke Gud for både motgong og medgong.

Erik og Synnøve fekk desse born:

Nils, f. 1859 i Lom. Han var svært stutthalt, og måtte bruke stav. Men før han var komfirnert, måtte han ut i teneste, fyrst i Skodjemyrane, derfrå til Flåte. Han kom seg seinare i skomakarlære og vart ein mykje flink skomakar. I saman med broren Hans, bygde dei seg ved sjøvegen på Skodje, eit kjekt hus med 2 leiligheite, som dei fekk kvar si av, og med god kjellar under huset som høvde til verkstad og smie for Hans som var god smed og mekanikar. Nils vart gift 1908 med Bergitte Tomasine Krogsæter. Nils døde i 1915.

Hans f. 1862 i Lom, døde 1874.
Johanne, f. 1865, d. 1872.
Ivar Bendik, f. 1868, d. 1896.
Anne Sofie, f. 1871 d. 1871.
Sivert Hans Andreas, f. 1872 d. 1905.
Hans Jakob, f. 1874, d. 1955.
Johan Edvard f. 1876, d. 1960.

Sivert Andreas var vanfør, han måtte bruke både krykkje og stav. Dette var til stor ulempe for guten. Av den grunn lærde han seg til skreddar, og vart ein mykje flink skreddar. Han hadde loftet på Teinhaugstova til verkstad, der var symaskina hans, og der låg han. Sivert var mykje musikalsk, og var flink å spela trekkspel og gitar. Sivert døde på Molde i 1905.

Hans Jakob var stor og helsesterk. Han måtte tidleg ut å tene. Som 1-2-åring kom han til Osvika i Norddal for å tene. Der trefte han snille folk og han likte seg der. Seinare kom han i teneste på Birkevold i Vatne. Etter han var komfirmera kom han seg i smed-lære. Og det hadde han særleg anlegg for. Og han vart ein mykje flink ildsmed og mekanikar. Hans vart gift 1899 med Berte Eidsvik og dei fekk desse born:

1903 Erling, elektrikar, g.m. Jenny Roald. Ikkje born.
1901 Selma, gift 1926 med Johan Klokk, Fjørtoft.
1900 Synnøve, gift med Karl K. Gamlem.

1905 Peter, g. 1927 med Anna Løkegård, Valderøy, Malar.
1907 Sivert, elektrikar, verkstedeigar, bor på Skodje, g. 1939 m/Anne Sivertsdatter Beite. Dei hev 3 born:

Hans Birger f. 1940, sivil-ingeniør.
Kirsti f. 1945, adjunkt.
Sølvi, f. 1952 siviløkonom.

Johan Edvard, f. 1876, måtte ut og tene som 12-åring, fyrst i Græsdal, så på Vatne. Som vaksen fekk han gå underoffiserskulen, og vart brannkonstabel i Ålesund. 1930 gift med sjukesøster Helene Roald og flytte til Solhøgda, Skodje. Ikkje born.

Det vart berre Hans som hadde ætlingar etter seg. Hans og Nils bygde seg eit hus i lag, og til å byrja med hadde dei og kvar sin verkstad i huset. Nå er huset fornya og er berre bustadhus. Verkstad har vore på Vatne. Som før nemnt var alle gutane til Erik særs mykje flinke handverkarar, og denne givnaden finn ein att i alle ættegreiner etter Hans no og. Nøyaktige i arbeid og pålitelege.

I dei siste åra Erik og Synnøve var på husmannsplassen på Teinhaugen var dei sjukelege og hadde vanskeleg for å greie seg sjølve. Dei fekk noko tilsyn nå og då. Erik var plaga av astma, og Synnøve var skral, men rusla oppe.

Ein sommar i slutten av august (like før dei flytte) sto eg grytidleg ein morgon like nord for stova deira. Det hadde regna i lengre tid og vore vanskeleg om høytørk. Men den morgonen klårna det opp og eg hadde von om høyterre. Fyllingselva rann like forbi meg med noko elvasus. Sola heldt på å kome seg over fjelltoppane, men regn- og doggdråpar hang i lauvskog og kratt som perlekransar. Så høyrde eg kjøkkendøra til Synnøve riksa i hengsla og ut kom Synnøve ruslande, roleg, sakte, andletet vendt mot Gamlesæternakken der sola nett var komen over og sende sine gyldne strålar og skapte perlekransar.

Synnøve såg også dette vakre synet – ho trudde ho var åleine – ho folda hendene, vende andletet mot himmelen og takka Gud for at Han endå ein gong hadde gjeve henne ein så fager dag, og for den store miskunn mot henne. Så rusla ho roleg, med bøygd hovud, inn att på det primitive kjøkkenet.

I mars månad 1916 døydde både Eril Nilsen Fylling og Synnøve Fylling på Skodje gamleheim. Sønene tok del i kostnadene der. Året etter vart stova seld.

Men fleire år etter at stova var flytta, hende det sumardagar at ein såg Hans eller Johan rusle rundt på Teinhaugen, og dei liksom «blada» tilbake i barndoms- og ungdomsminner i tunet, ved elva, ved løken, ved brua, ved vatnet.

E. F.

Kart nr. 44

Bretanusplassen av gnr. 56, bnr. 3 i Skodje.

I 1855 kom Britanius Styrkersen Vestre, i Vatne, f. 1831, og kone Marie Pedersdotter Melset, i Ørskog, f. 1818, til Fylling for å feste eit jordstykke til husmannsplass. Dei vart samde med Elias Johnsen Fylling og dei fekk avtale om eit stykke jord aust for den dåverande austre bøgard på Fylling. På auksjon den 19. juni 1855 fekk Britanius kjøpe den gamle bygninga som Skodje bygdemagasin eigde på Skodje. Bygdemagasinet skulle då avvikle, og Britanius fekk tilslaget på 2 dalar og 12 skilling.

Britanus var ein dugande arbeidskar, han sette opp gode murar m/kjellar og flytte stova til Fylling. Det vart ei bra husmannsstove med inngong og kjøkken i vestre enden og bra stove og kammers m/loft over og der var bra sengeplassar. Han bygde seg og bra løe m/murfjøsar.

Då Britanus og kona Marie kom til Fylling, hadde dei ein son Petter med, f. 1854. Denne voks opp hjå dei. Britanus fekk festesetel i 1866 i samsvar med avtale om årleg avgift og pliktarbeid – ei veke i slåtten + ei veke delt på haust og vår og vegarbeid. Britanus har truleg brukt denne plassen «Lille-gjerde» før festesetel vart skriven, for i folke- og jordbrukstellinga for 1965 er Britanus ført som husmann og fora 2 kyr og 5 sauer.

Britanus var strevsom og nytta godt tida og han dyrka mykje av plassen. I vinterstida var han ofte i fiske. Men før han dro på fiske, laga han mange gode vidjekaser. Det var god avsetnad på desse kaser til ymse bruk på gardane, særleg til fiskarane som brukte dei til å bere torsk ifrå båten til naustet. Til dette måtte alle ha kase. Britanus fekk feste på sæterstøl på Gamlesætra og der bygde han seg sæterhus – fjøs med sel over.

Britanus var ein stor, sterk kar, og han var ikkje redd for eit ekstra slit. All ved dei trengde på plassen til brensel drog han heim på vinterføre. Alt høy han slo på sætra og fram i Storlia, drog han heim, også på vinterføre. Han drog mykje stein av nybrot, og all gjødsel drog han ut. Der det ikkje var vannkraft å treske med, var Britanus ein ettertrakta mann til å drage treskehjulet for tremaskina.

År 1887 døydde kona til Britanus Fylling, Marie Pederdsotter. I 1880 vart sonen deira, Peter, gift med Guro Olsdotter Sorthe. Dei fekk ein son Ole. Men Guro døydde etter 2 år, og Petter flytte så til Fiksdal og gifte seg der 2. gong og vart gardbrukar der.

I 1890 vart Britanus 2. gong gift med Inger Anna Aretsdotter Tomren. Ho flytte til Fylling, og hadde med ei dotter, Kristianna Olivia Petersdotter Tomren.

Britanus og Inger Anna fekk desse born:

Mattias, f. 1890, g. 1917 m/Johanne Folkestad, dei flytte til Løvøy, Vatne.
Karn, f. 1895.
Johanne, f. 1899.

Mattias og Johanne hadde desse born før dei flytte frå Fylling:

Ingrid, f. 1917, Jon, f. 1919, Borghild, f. 1922.
På Løvøy fekk dei:
Bjarne 1924, Einar 1926, Kjellaug 1929, Sigurd 1931, Magnar 1933.

Foreldra til Johanne Fylling, f. Folkestad, kjøpte Løvøya i Vatne til bustad for Mattias og Johanne Fylling m/huslyd. Og dei fekk seg der ein triveleg plass å bu på. Dit flytta dei 1924.

Bretanusplassen (vart skrive Lillegjerdet) vart då oppsagt av Britanus, og han og kona, Inger Anna, vart med Mattias til Løvøya. Britanus døydde 1925 på Løvøya.

Inger Anna flytta då til broren Johan Fremmerlid i Skodje. Seinare flytte ho til Skodje Aldersheim og døydde der.

1929 vart dette jordstykket fråskilt til særskilt bruk frå gnr. 56, bnr. 4, og fekk då bnr. 11. Det vart då tillagt meir innmark og fleire skogteigar, og fekk ei skyld av 0,65 og namnet «Soltun».

1931 fekk Malvin K. Fylling skøyte på «Soltun», gnr. 56, bnr. 11, for kr. 4500, selgar var Karl Magnussen Fylling. Bruket vart då rekna som bureisingsbruk og fekk ekstra bidrag til dyrking og tilskot til løe.

Kart nr. 45
Sylfest-stova på Hjellen av gnr. 56, bnr. 4, Fylling.

År 1891 kom Sylfest Danielsen Fivelstad og kona Sigrid Rasmusdotter Fivelstad til Fylling for å setja bu der. Dei fekk avtale med John Fylling, eigar av bnr. 4, på stovetomt like vest for vegskiftet til fylkesvegen.

Sylfest var fødd 1821 på Vollset i Sunnylven. Vart gift med Sigrid Rasmusdotter Fivelstad og dei vart eigarar og brukarar av gard på Fivelstad. Dei fekk 3 born: Jørgen, Rasmus og Ingeborg. Begge sønene vart skreppekarar. Rasmus kom heimatt på sine gamle dagar, fekk plass på Sunnylven Aldersheim og døydde der. Jørgen høyrde dei ikkje noko ifrå. Ingeborg vart gift 1890 med Jakob *Laurits* Syltevik. Han lærte seg til blikkenslagar. I 1890 kom Laurits og Ingeborg til Brune i Skodje og brukte garden

der 2 år. 1892 fekk dei kjøpe Kassnes, gnr. 54, bnr. 2 i Skodje. Dette bruket dreiv Laurits all si tid.

1891 kom Sylfest og Siri Fivelstad til Fylling, fekk seg oppsett eit kjekt lite hus med stove, gong og kjøken, og loft. I kjøkkenet var grue. Vedskur vart bygt seinare som tilbygg. Sylfest hadde kår ifrå det bruket han dreiv på Fivelstad. Elles såg det slik ut at dei hadde nokre kroner sparte og.

Sylfest og Siri var gode naboar, lettliva og hyggelege. Sylfest var så villeg til å fortelje bjørnehistoriar frå Sunnylven og elles mykje anna og. Vi som var born då, vi ville gjerne få lyde på. Mellom anna fortalde han at i Sunnylven var det mange høge fjell. Når dei sat i røykstova på Fivelstad og såg opp gjennom ljoren, kunne dei godt sjå toppen av Fivelstad-nibba. Mest all ved dei trengde til brenneved bar Sylfest heim i børeband. Om våren og fyrst på sumaren fekk han med mange gardbrukarar furukvist, bjørkatoppar og einer. Dette la han saman passande til ei bør. Og slike parti hadde han mange av. Veden let han ligge utover sumaren, for då turka den godt og vart mykje lettare å bere på ryggen. Kvar dag utover ettersumaren bar han ved, ei bør eller to, når veret var godt. Sylfest var ikkje vand til å ha do, og det syntest han var uturvande no og. Dei hadde ein molddunge nær stova, og dit gjekk dei og gøymde det meste. Det var no av og til noko utrygt, for denne dungen hadde ikkje skjul og låg nær hovudvegen.

Siri var flink til å spinne ull og spøte (strikke) hoser og vottar, til dei sjølve og andre. Når dei begge var inne, kunne ein høyre dei sjølve samsnakkast om «gamle dagar» i Sunnylven. Siri hadde vore vand til å stelle kyr og fjøs, vinter og sumar. Sylfest var meir hestevand, for han hadde og handla litt med hest. I deira tid var det ei stor plage for kyrne med kubremsen. Den la egg i hårrota på ryggen til kyrne og larven åt seg gjennom huda og inn i kjøtet så der voks den og det vart ein stor kul. Når larven vart moden spratt den ut. Då vart der eit sår og det kunne vere mange slike på eit dyr. Og det måtte vekkskjerast når ein slakta. På hestane var det ofte det voks ut harde kjøttkular og det vart kalla fleir. Desse fleira var ofte til plage for hesten, særleg når dei var der seletyet trykte.

På sine gamle dagar var Sylfest plaga av noko som voks i tungerota hans. Det vart ein kul som var noko vond og den voks. Siri kom og fortalde dette. Men ho sa at dei ikkje var samde om kva det kunne vera. Ho sa: «Han Sylfest trur det er eit fleir, men eg trur det er ein Verre. (Det er ein innsektslarve som kjem ut når den er moden).

Sylfest og Siri budde der så lenge dei kunne hjelpa seg sjølve. I 1916 døydde Sylfest. Siri kom til slutt på Aldersheimen på Skodje og døydde der 1921.

Son til Sylfest og Siri, Rasmus, døydde på Sunnylven Aldersheim i 1926, og Knut og Siri Kassnes var einaste arvingar etter han, og han hadde etter seg mange pengar.

Stova til Sylvest vart seld for flytting til ein kjøpar i Spjelkavik.

Pål-stova på Fylling. Utfor stova står brørne Petter til høgre og Tormod til venstre.

Kart nr. 46

Paal-Plassen, gnr. 56, bnr. 1 i Skodje.

Denne husmannsplassen vart frå fyrst rydda og bygt av Rasmus Bendix Andreassen Slettvoll og kone Susanna Margrete Pedersdotter Furset, f. 1825, i Stranda, d. 1895.

År 1864 kom desse til Fylling for å feste eit jordstykke til husmannsplass. Dei vart samde med Knut Larsen Fylling om eit utmarksstykke på ca. 15 mål mellom Lillegjerdet og Ormedalen. På nordsida måtte dei setje opp ny gjerdesgard. Årleg avgift var 1 dalar + 2 veker arbeid – ei og ei halv veke i slåtten og 3 dagar fordelt på haust og vår. Dei fekk kjøpe seg ei lita gamal røykstove som dei flytte dit, og ei lite gamal løe ifrå Andersgarden på Fylling. Eit lite stabbur og fekk dei kjøpe og flytte dit. Det var og gamalt. Så tok dei til med å dyrke noko jord, og det var eit svært slit for desse to for å stelle denne vesle heimen, som då vart kalla «Bendikplassen» etter mannen som rydda den. Bendik og Susanna fekk i 1866 ei jente, ho var skral og vart heimedøypt Anne Marie, av Ragnhild Einarsdotter Fylling. Anne Marie levde berre ein dag. Alt dette tunge arbeidet tok hardt på helsa til Bendik, i 1868 døydde han.

Det vart mest umogleg for Susanne å drive denne plassen utan hjelp, for ho måtte bruke stav når ho gjekk ute i arbeid.

Paul Pedersen Vestre var i denne tid dreng hjå Elias Johnsen Fylling. Paul var ein svært dyktig arbeidsmann og han såg seg nytte i denne plassen med brukbare hus på. Og det vart så at Paul Pedersen Vestre gifte seg med Susanne alt i 1868 og fekk festesetel på denne plassen i 1880 (+ ein skogteig). Paul Pedersen var fødd 1844. Faren var opprinneleg frå Doseth i Gudbrandsdal. Paul og Susanne dreiv denne plassen som då vart kalla Paal-plassen til 1895, då døydde Susanne. Paul og Susanne hadde ikkje born.

No trengtes der ei ny husmor i denne heimen. Det vart ei råd. Ei svært dyktig jente, Karoline Tomasine Kristine Tormodsdotter Midtlid, f. 1859, var viljug til å gifte Paul, og i 1896 vart dei gifte. Paul dreiv godt plassen og dei fora 2 kyr og nokre sauer. Men han var og mykje vekke på dagarbeid. Om kvelden laga han soplingar som han selde til Husfliden i Ålesund, og han laga mange pene vispar av bjørkekvist som var avbarka i vårtida når borken løypte. Desse var fint laga og bundne av pene granne bjørkerøter som vart kløyvde. Dei var lette å selje både i bygd og by. For soplingane fekk han 5 øre pr. stk. på Skodje.

Karoline og Paul fekk 2 søner: 1897 Petter, 1898 Tormod. Petter vart gift 1. gong med Martha Tomren. Dei hadde 2 born: Petra og Paul. Martha døydde og Peter gifte seg 2 gong med Johanne Riksheim, Sykkylven og flytte dit.

Tormod var ein svært dyktig og etterspurd arbeidsmann og var lenge på anlegg. Seinare vart han fast tilsett som sjåfør i Ørskog Auto. Dei siste åra Paul dreiv plassen, hadde han ei syster, Marit, boande hjå seg. Ho vart sengeliggande så det vart mykje ekstra arbeid, og dertil var det trongt om plassen i det vesle huset. Paul døydde i 1928, og då flytte Karoline til Aldersheimen på Skodje og døydde der 1934.

Tormod var gift med Edvine Grimstad frå Spjelkavik, og dei har desse borna:

Paul, g. Erna Sollid, Vestre, Ørskog.
Randi, g. Olav Vestre, Ørskog.
Kjellaug, g. Herold Jakobsen, Lillestrøm.
Tormod, g. Hjørdis Skaar, Brattvåg.

Tormod har bygt seg nytt hus på Vestre i Ørskog. Festeretten til Paalplassen vart oppsagt og husa vart selde til vekkflytting. Stova vart kjøpt av Ludvik Græsdal til sætersel.

No er det berre att tuftene og minna om strevsame, nøysomme folk i små kår som gjerne ville hjelpe seg sjølve, og der det trongdes, rekkje ei hjelpande hand til andre.

E. F.

Kart nr. 47

Husmannsplassen «Kvennhusbakken» av gnr. 56, bnr. 2, Fylling i Skodje (vart sagt Kvennabakken).

Den fyrste bygslar ein no veit var Johannes Johnson Fylling, f. 1828, og kone Inger Rasmusdotter Framhus frå Stranda. Johannes var fødd på Fylling av foreldre Jon Jonsen, f. 1797, på Erdal i Stryn, og mor Dorthe Olsdotter, fødd 1803, og hadde bygsel på ein liten husmannsplass på «Jo-Hjellen», Fylling.

Johannes var den 3dje i rekkja av ein syskenflokk på 11. I 1861 fekk Johannes Johnsen og kone Inger Rasmusdotter bygsle eit jordstykke av Elias Johnsen Fylling til bruk som bygselplass. Dette jordstykke gjekk ved utskifte i 1862 over til gnr. 56, bnr. 2., og ny bygselsetel vart skrive av Peter Jetmundsen Fylling i 1868. Den årlege leige for plassen vart kr. 12,- pr. år + 2 veker slått og 1 veke arbeid fordelt på haust og vår og 1 dag vegarbeid.

Johannes fekk kjøpe ei eldre lita røykstove som Willeik Knutsen hadde brukt ei tid på husmannsplass i Kassnes. Denne vart flytta til Kvennabakken. I denne stova var det 2 rom – ei røykstove og eit lite kammers m/loft i. (Det var ei luke i loftet, og dei gjekk opp etter ein stige.) I austre enden av huset var det gang og eit lite kjøkken med gråsteins-grue. Under stova ein liten kjellar. Utvendige mål på huset var: 7,60 m lengde og 4 m breidde. Så det vart trongt om plassen.

Johannes bygde seg eit lite murfjøs med plass til 3 båsar på ei side og plass for 3 sauer på andre sida. Over fjøset bygde han løe med låve for treksking av korn. Så bygde han i lag med ein nabo, Erik Sæter, som var husmann i Fyllingslia, eit lite kvernhus, og denne kverna brukte desse i lag.

Då dei kom så langt med husa at dei kunne nyttast, tok dei til å rydde og dyrke noko jord til åker for poteter og korn. Det gjekk ikkje så fort, for all stein måtte dragast eller rullast vekk. Noko fekk dei nytte til gjerdesgard, for det måtte også gjerdast godt rundt plassen.

Det vart hardt slit å skaffe mat til huset, og kona, Inger, hadde med eit barn som trengte mat. Dette var ei jente, ho heitte Sofie. Då ho vart vaksen, reiste ho til Isfjorden.

Dette store og tunge arbeidet og det dårlege kostholdet knekte helsa til Johannes, og i 1871 døydde han. Dette vart hardt for Inger. Men ho ville prøve å bruke plassen, for den hadde ho bygsel på, og då fekk ho bu i husa der og kunne få noko ut av plassen. Det vart no ei tid Inger som var brukar, og oftast vart det sagt Ingerplassen og Inger-leet og Ingerkvenna. Johannes hadde ei syster som heitte Oline Johnsdotter. Ho var fødd 1826. Ho var ikkje gift, men hadde ein son med Sivert Iversen Gangstad. Denne vart fødd 1/8 1863, og vart døypt Johan Daniel, og han vaks fyrst opp hos foreldra til mora. Men Inger ville gjerne at når Daniel vaks til noko slik at

han var til hjelp, så skulle han flytte til Kvennabakken. Og når han vart myndig skulle han overta bygsla av plassen.

Daniel flytte til Kvennabakken og voks opp der. Inger dreiv plassen best ho kunne med litt hjelp av Daniel. Men då han vart vaksen måtte han vekk å tena noko. Han dreiv t.d. vinterfiske i mange vintrar, og nokre sumrar var han med storskøyter på bankfiske og.

Året 1885 gifte Daniel seg med Karn Berntsdotter Stavdal, f. 1850. Ho hadde då ei dotter, Karn, fødd 1880, m/Petter Britanussen Fylling. Denne jenta voks opp på Kvennabakken.

I 1892 fekk Daniel festeseddel på plassen av Ole P. Fylling, mot å legge kår til Inger Rasmusdotter, ho var ikkje god for å drive nokon plass lenger. Kåret var: Husrom på livstid og melk av ei ku anna kvar dag. Og så ein liten åkerlapp. Det vart eit magert levebrød, men ho fekk vere heime på denne plassen og slapp å verta sendt rundt på lægd.

No vart det vanskeleg for Karn. Som kårkone hadde dei Inger. Men mor til Daniel, Oline, måtte og få vere der noko. Så var dotter til Karn der og. Så fekk Daniel og Karn ei jente, Emma, f. 1887. Etter at Oline, mor til Daniel, reiste derifrå, kom stemor til Karn, Dorthea Ansok, frå Stordal, og fekk mat og stell der. Og ho var der i 14 år.

Karn og Daniel fekk 1896 ei dotter som også voks opp på plassen. Ho heitte Berntine. 2 år seinare fekk dei ein gut som vart døypt Bernt, men denne guten levde berre nokre dagar. Men nett då var det ei kone i Græsdal som døydde på barselseng. Ho heitte Marthe og var kona til skipper Tomas Græsdal. Barnet vart skralt så dei døypte det snart. Det var ei jente som vart kalla Marte etter mora. Det såg ut som det vart svært vanskeleg for Tomas Græsdal å redde denne vesle jenta. Dette fekk Karn på Kvennabakken frette. Ho hadde nett mist sin einaste gut som spedbarn og kunne skaffe noko brystmelk. Ho sende bod straks at ho ville hjelpe dei. Tomas Græsdal kom med sitt spedbarn og Karn tok imot med glede. Barnet vart redda, og den vesle Marte vart på Kvennabakken i 8 år. Då var Tomas Græsdal flytt til Ålesund og var gift for 2. gong der. Han ville no få dottera på skule i Ålesund. Tomas Græsdal var skipper på fiskebåten Stadt, som forliste i Breisundet. Alle vil vel lett skjøne at det var svært trongt om plassen i den vesle stova. Inger, kårkone, var død, men stedmora til Karn var der og låg til sengs. Ei av døtrene til Dorthe, Ellen Stavdal, kom så og hjelpte med pass og pleie i nokre år til Dorthe døydde. Men korleis kunne dei greie alt dette? Dei fora berre 2 kyr og 3 sauer på plassen og lite var det av poteter og korn og. Og så var det ofte vanskeleg med kornavling. Der var sein vår og tidleg haust. Og eg hugsar at dei hakka litt halm og turka. Dette blanda dei i havra før dei mol. Det var tydeleg grønfarge på mjølet dei mol sjølve.

Omkring hundreårsskiftet orka ikkje Daniel å drive sjøen lenger. Han fekk seg tak i ei skomaskin og tok imot sko og støvlar for vøling. Han sylde og nye sko. Det vart no litt innkome av det, men Karn og døtrene måtte gjere det meste av arbeidet på plassen.

På Kvennabakken fora dei 2 mjølkekyr og desse hadde dei på Gamlesætra. Dei hadde sæterstølsteig, løe, sætersel og fjøs. Fjøset var mura av stein med sel over. Høyløa var lita m/nevertak, med veggar av tettlagde bjørkekvister. Høyet drog Daniel og Karn, eller ei av døtrene, heim på dragarkjelke om vinteren. I den fyrste tid var det Karn som gjekk på Sætra. Då var det berre gangsti til sæterveg og mjølka måtte berast frå sætra til heimgarden eller meieriet som var i drift frå 1894 til 1919. Karn – og fleire av desse frå husmannsplassane gjekk direkte frå sætra til meieriet, vog mjølka og separerte, tok med skummamjølk heimatt med ein gong. Dette gjorde dei kvar yrkedag til kl. var 8–9. Like etter dette, same dag, kunne ein i slåttonna sjå Karn frå Kvennabakken kome forkava og skulle på pliktarbeid i Pettergarden (hovudbruket). Elles var det meir enn nok å gjere på plassen den tid ho var heime frå sætra, for Daniel var ikkje helsesterk. Han hadde litt skomakararbeid og heldt til med det på kammersloftet. Men litt om senn sleit alt dette tunge arbeidet og den pinande omsorg for mat og klede ned helsa til Karn. Ho fekk astma og hjartet var svakt.

Dotra til Karn og Daniel, Berntine, f. 1896, hadde før fått vore noko vekke i teneste eller fiske-jente i vintersfiske. Ho arbeidde i naust fleire vintrar og om sumarstid tok ho seg plass som sætrejente. I 25 sumrar sætra ho for Tore Holt på Langsætrane i Stordal. Då ho slutta der, vart ho tildelt diplom frå Ålesunds og Omegns dyrebeskyttelse med takk for trufast arbeid. Den siste tid Daniel levde var Berntine heime. Ho dreiv plassen og såg til med foreldra, og strikka litegrann. Ho hadde kjøpt seg ei strikkemaskin og strikka til folk i nabolaget. For dette arbeidet fekk ho litt kontantar. I 1929 døydde Daniel og no vart ho heilt åleine med plassen og til syn med mora. I sætertida hadde ho kyrne på Gamlemsætra, men ho gjekk på sætra kvar kveld, let inn kyrne og mjølka. Så sprang ho heim til mor si, var der ei stund til kl. 4–½5, og gjekk så på sætra og mjølka og let ut kyrne, og nær sagt sprang heimatt, for ho hadde stor otte for mora som var sengeliggande heilt åleine.

Det vart vanskeleg å greie alt arbeid med plassen i mange år, graset skulle slåast, tørkast og inndragast. Det var no nokre som gav henne ei handsrekning med slåtten og anna, mellom andre Ole O. Grodaas, naboen, men han tok til slutt til å verte skral i beina og ryggen, og når han skulle stå med stuttljåen måtte han gå på knea – men hjelpe ville han.

Dei siste åra Karn levde, vart det mykje vanskeleg for henne, ho måtte sitje i senga alltid for å puste. Men likevel var ho alltid like snill og takksam. Dei 2 siste åra ho levde var ho heilt blind.

1935 døydde Karn – eit langt strevsamt og smertefullt liv på meir enn ein måte – var slutt i tolmod – – i lovsong – –.

Berntine sa frå seg plassen og selde kyrne til slakt, men kjøparen måtte slakte dei i nærheita. Det vart ein tung avslutning for Berntine, på husmannsplassen Kvennabakken. Ho fekk avtale med grunneigaren at stova skulle få stå medan Berntine levde. Men det er lite ho har kunna nytta den. Etter mora døydde tok ho seg teneste, eller kortare arbeid med fjøs eller husstell. Då hadde ho hus og mat der ho arbeidde. Og dette gjekk bra nokre år, men etter kvart vart hendene hovne og ho leid vondt når ho skulle arbeide. Ho vart då tilrådd å søkje om plass for seg på Skodje alders og trygdeheim. Berntine fekk seg eit rom der som fortent, og der er ho no. Stova på husmannsplassen Kvennabakken står i 1977.

Berntine visste noko om alle desse Messedagane dei gamle hadde. (Dei vart jamt brukt som «merkedagar».) Dei vart haldne som helgedagar.

Nest etter jul er det Kyndelsmesse 2. februar, så er det Marimesse om våren og sumarmål 14. april.

Rundt desse høgtidene var det oftast ei snørid. Men dei gamle sa at kjem «rida» føre høgtida, vert det ein tidleg vår. Men kjem «rida» etter høgtida vert det ein sein vår.
Så har vi Jonsok, så Persok, så Olsok, så Marimesse om hausten, så Barsok, og så Mikkelsmesse. Merkedagane om hausten var ein særleg merksame på, særleg Jakob Vaathatt. Og gamle merke hadde dei fleste vyrdnad for.

På Kvennabakken måtte dei, som dei andre husmennene, drage på dragarkjelke all veden om vinteren. Dertil sæterhøyet. Daniel slo og høy i Storlia og i Gamlesæternakkane og i Sæv-vika v/Svartløkvatnet. Det vart mykje bering og draging på dette foret. Etter at Daniel vart sjukeleg slutta dei å slå utanom plassen.

Saman med fleire husmenn hadde Daniel part i ei mindre piggtruskemaskin og eit stort dragarhjul drog denne maskina. Det måtte 2 mann til å drage når dei truska, men det gjekk på omgong denne truskinga og det gjekk bra. Dei mol og sjølve på kverna i Kvennabakken. Det var bra at dei var mest mogleg sjølvhjelpte.
Daniel var med å skipe sundagsskule i Fylling og heldt denne i gong medan helsa rakk.

E. F.

Ole Olsen Hjelbakk og kona Anne, f. Muldsvor.

Kart nr. 48

Husmannsplassen «Medalen» – Grøddisplassen – av gnr. 56, bnr. 2, Fylling i Skodje.

År 1867 kom Ole Olsen Hjellbakk, f. 1822, og kona Anne, fødd Muldsvor, til Fylling for å feste seg ein husmannsplass. Dei hadde og sonen sin med, Ole Olsen, f. 1863.

Petter Jetmundsen var då brukar, men ikkje eigar, men var alt då i forhandling om kjøp av gnr. 2. Det vart avtalt feste på eit jordstykke som var høveleg til husmannsplass og dette låg på den austre sida av Kvennabakken. Det stod frå før på dette jordstykket ei lita stovebygning, og den forbeheldt Ole Olsen seg rett til å kjøpe. Etter samtykke av eigarane, Peder Fylling og Sivert Flåte, kom avtalen i orden. Festeseddel til Ole Olsen Hjellbakk vart skriven 20. okt. 1869 av Petter Jetmundsen Fylling, som då hadde vorte eigar av gnr. 56, bnr. 2.

Ole Olsen Hjellbakk tok frå denne tid namnet Fylling. Ole kjøpte den vesle stova som stod på jordstykket og tok så til å bygge løe – fjøsane av mur med høyløe over. Så bygde han seg ei lita smie. Plassen vart frå denne tid kalla «Grøddisplassen», og mannen Grøddis-Ola. Det var trivelege folk på Grøddisplassen. Ola var flink skinnfeldmakar og hadde mykje arbeid.

Etter kvart som sonen – han vesle-Ola – voks opp, viste han mange gode evner som han fekk nytte. Han vart ein svært flink felespelar. Så hadde han særleg gode evner som målar og vart mykje nytta til dette på bygdene, til

måling av hus ute og inne. Etter Ålesunds-brannen var han mykje i Ålesund på måling etter oppattbygginga. Heime måla han mange kister og skrin med rosemåling og namn, for det var han særleg flink til.

Han vesle-Ola var og flink til å støype messinglås for lommer til kvinnfolkbunad, men og andre ting, t.d. signet, (grov namn eller bokstavar i). Og når nokon spurde mora, Anne, kva sonen dreiv, kunne ho med god grunn og med godt nordfjordmål svara: «Han Vilj-Ola er både målar og felespelar, signetstikkar og massingestøy-øy-par». Ho drog særleg godt ut ordet støypar. Men Anne (det vart sagt Anje) var ei svært intelligent kvinne, meir enn vanleg. Sjølv om ho brukte snus i nasen kvar dag, så skal ho ha den attest.

Ho var og den «styrande» der i heimen og det kom vel med. Han gamle-Ola var medels av vekst, men lettfør og svært snar til å gå. Han trengte ikkje lang tid til å gå 2 mil. Ein sumar lova han å kome til Rasmus Tomren for å sy skinnfeldar. Ola var som vanleg tidleg oppe den dagen og gjekk over Gamlesætra, Storlia, Tomreskaret og til Tomra. Då Ola kom dit var folk der berre så vidt oppe. Dei pratast litt om ymse, før Ola tok fatt på arbeidet med skinna. Då fekk Ola høyre at naboen til Rasmus hadde ei ku han ville selje. Og denne kua høvde godt for Ola, som nett hadde tenkt å kjøpe seg ei slik ku. Prisen var og lagleg. Men han våga ikkje å kjøpe kua før han fekk snakke med Anne. Men Ola bestemte seg fort. Han starta med ein gong på vegen til Fylling – same vegen som han kom til Tomra – vart samd med Anne om å kjøpa kua, og i same farta byrja han på vegen til Tomra på ny, og kom dit før dei heldt middag. Då hadde han gått denne vegen 3 gongar den dagen. Kven kan greia det no?

Ein dag ut på hausten måtte Ola til handelsmannen. Det var oftast hjå L. P. Fylling på Skodje han handla. Ola var og den dagen tidleg oppe og kom til Skodje ca. 6.30. Då var ikkje handelsmannen oppe. Ola hadde ikkje hug å sitte der og vente, så han gjekk like godt til Sjøholt, kjøpte seg 4 l parafin og det andre han trengte og gjekk så på vegen heim. Han kom til Skodje att før handelsmannen der var oppe.

Anne hadde hug for å lese i blad og få høyre nytt. Rundt hundreårsskiftet heldt ho Illustrert Familjeblad og dette kom til henne i posten. I den tid var det landposttransport frå Tøsse. Det var Lars Tøsse som køyrde posten, men ymse dagar var det Johan Gaupeflog som gjekk og bar posten. Dette var ofte ein strid tur for dei. Som smågut var det moro å få gå med posten til Grøddis-Ola. Når vi kom med post, kom Anne ut alltid med ein god klump brun-sukker. Og det var hugsamt i dei dagar. Det var alltid triveleg å møte desse folka, dei heldt godt grannelag og var beinige.

Mellom anna var det ei stor ære for Vilj-Ola å få måle bringetrea som sæterjentene brukte når dei bar mjølk frå sætra. Desse måla han fint med roser, og ofte med namn. Og dette utan betaling.

Ola måla og skulehuset på Fylling ute og inne heilt utan betaling. Men bygda kjøpte målinga. Det var mange skrin, små og store, Ole rosemåla siste åra han levde. Laupar, bollar og dreia tredåser måla han så vakkert, og det vart mange kjære minner etter han.

På Grøddisplassen fora dei 2 kyr. Desse var på sætra ilag med dei andre buskapane i bygda. Det var jamnt dei frå Kvennabakken som stelte kyrne og bar mjølka heim frå Gamlesætra. Frå Grøddisplassen svarte dei både landsskyld og pliktarbeid til like med eldre husmenn. Men pliktarbeidet vart ofte svart i målararbeid eller skinnfellarbeid. Og begge partar var nøgde.

Kom ein forbi Grøddisplassen ein fineverskveld, laurdag eller søndag, sat Vilj-Ola ute med fela og spela så vakkert. Han likte at vi stansa og lydde på musikken. Når vi gjekk og hadde takka for musikken, var Ola i godt lynne, han var glad for å ha gjort andre glade.

Det var berre denne eine huslyden på denne husmannsplassen. Og stova vart flytta til næraste granne. No er det berre tuftene igjen. Og Grøddisplassen er no berre beitemark.

E. F.

Kart nr. 49

Karl-plassen av gnr. 56, bnr. 1, Fylling i Skodje.

År 1871 kom Karl Karlsen Fausa til Fylling for å røkje etter om her var mogleg å få feste eit jordstykke til husmannsplass her. Karl var f. 1837, var då gift med Marie Ivarsdotter Ansok, og dei hadde då 3 døtre.

Etter å ha sett seg rundt noko, kontakta han Knut Larsen Fylling, som var eigar av gnr. 56, bnr. 1, Fylling i Skodje. Dei vart då samde om eit jordstykke jamsides med Grøddisplassen. Denne staden var kalla Saghaugen, og ligg nord av ein høl i Fyllingselva, og den var kalla Saghølen (ca. 1600 stod der ei sag). På dette jordstykket stod det då mykje furuskog.

Karl Fausa reiste heimatt etter kona si og dei 3 døtrene han då hadde, og flytte så til Fylling og tok fatt på busetjing. Han fekk seg tak i ei lita røykstove og sette opp. Så bygde han seg fjøs av stein med høyløe over fjøsen.

I oktober 1872 vart festesetel til Karl Karlsen Fausa skriven av Knut Larsen Fylling, med visse forpliktelsar i landskyld og pliktarbeid, i slåtten 2 veker + 3 dage haust og 3 dage vår. Karl tok namnet Fylling. Han var ein svært flink arbeidsmann og tok til å vøle på røykstova. Han bygde til ei stove, gang og kjøkken. I stova var det loft. Tømmeret hogg han på hus-

mannsplassen. Men Karl såg og snart at han trengde noko større vidder til husmannsplass og dertil noko i utmarka. Han vart samd med gardeigaren Knut Larsen Fylling i dette, og i oktober 1876 var festesetel skriven på eit jordstykke i tillegg til plassen og så ein skogteig og stølsteig på sætra. No bygde Karl seg sæterhus, sel og fjøs og løe, sæterstølen stelte han på og. Karl arbeidde seint og tidleg og det viste.

Men så var han uheldig, fekk skade på eit auge og miste synet på det. Det var tungt for Karl, for no hadde han kone og 5 jenter å syte for. Men han ga ikkje opp. Han bar og drog frå skogen tømmer og ved. Han slo høy på sætra og i utmarka og drog det heim på vintersføre. På plassen fora han 2 kyr og 4 sauer.

Han tok seg og arbeid som bygningsmann, men det var vanskeleg i onnarbeid, for då måtte han og svare pliktarbeid. Omkring 1890-åra tok Karl til med å lage tynner for sal. Han hogg furu på husmannsplassen, kappa dei passande og drog stokkane til cirkelsaga og fekk det saga til tynnematerial. Han drog dette fram til seg igjen og stabla det opp for tørking. Bandestaka hogg han i skogsteigen han brukte og om hausten laga han mange gode tynner som var lette å selje til bra pris. Dette vart til stor hjelp økonomisk, og han var nøysom. Det vart og noko hjelp av dei eldste døtrene til å stelle plassen og kyrne.

Karl og Marie hadde desse borna:
Elen Lydianna, f. 1862,
Jakobine, 1864, gift med Augdahl, han Trønder, men truleg ætlingar i Bærum eller Oslo.
Nikoline, f. 1866.
Johanne Marie, f. 1876.
Regine, f. 1879.

I 1891 reiste Nikoline Karlsdotter til Amerika, vart der gift med Anders Langlo, Stranda.
I 1893 reiste Johanne Karlsdotter til Amerika, vart der gift med Anton Vad frå Stordal.
I 1896 reiste Regine Karlsdotter til Amerika, vart gift med Martin Vad frå Stordal. I 1896 reiste Elen Karlsdotter til Amerika.

I 1912 var ei av døtrene, Gina og mannen, Martin Vad, heime frå Amerika. Karl og Marie var komne så langt i alder og slit at dottera kunne ikkje reise frå dei att. Her var ingen aldersheim som kunne ta seg av dei gamle. Gina tok då foreldra med seg heim til California. Dette vart ei svær omstilling for dei. Dei kunne ikkje språket, varmen vart slitande og alt gjekk fort – det vart mange vanskar. Dei gamle greidde ikkje denne omplantinga, og om ikkje lenge døydde begge – men hjå sine eigne –.

Då Karl Karlsen Fylling drog til Amerika med heile huslyden i 1912, vart husmannsplassen ledig. Husa vart førbels ståande, for det var Karl sine.

I denne tid var der ein huslyd frå Hornindal som budde i Svortahaugen. Mannen heitte Ole Muldsvor og kona heitte Ingeborg, f. Grodås, Hornindal. Desse var interesserte i denne husmannsplassen, men ville helst kjøpe den. Eigaren av plassen, Lars K. Fylling, gjekk med på det. Det vart då halde skylddelingsforretning over dette areal innmark og utmark.

Skylddelingsforretning vart halde november 1917 og parsellen fekk namnet Sollid gnr. 56, bnr. 5, i Skodje.

Dei nye eigarar og brukarar vert nærare omtala seinare.

E. F.

Kart nr. 50

Olasetplassen – den vestre, Nedrelid i Skodje, av gnr. 56, bnr. 3 og 4, Fylling.

I 1860 kom Ole Larsen Nordang, f. 1828, og kone Kristi Arentsdotter frå Tomren i Vestnes til Fylling, for om mogleg å få feste ein plass til å bygge og bu på. Etter samråd med gardbrukarane i bygda, skulle dei få gjerde inn eit bra stort stykke utmark, som då var felles beite og felles eige. Dette jordstykket vart så inngjerdt med gard rundt heile, og vart frå den tid kalla Olasetbakken. Det var eit stort arbeid å setja opp gard rundt heile og rydde noko av plassen til slåttemark. Juli 1864 fekk dei av Elias Johnsen festeseddel. Dei var så heldige å få kjøpa ei lita gamal røykstove som dei flytte dit, så dei vart hjelpte førebils. Ei lita løe og fjøs måtte dei og ordne til. Og det lukkast, det og.

Ole og Krsti fekk desse born:
Lars Britanus, f. 1863, g. 1888 m/Lydianna Larsdtr. Nygård.
Hans Edvard, f. 1865, d. 1889.
Inger Anna, f. 1867, g. m/Peder Olsen Hemnes, Helgeland.
Karl O. Fylling, f. 1870, g.m/Anna Nilsdtr. Strømmen.
Sofie Bergitte, f. 1873, g. m/Jonas Alvestad.
Joakkim, f. 1877, flytte til Alvestad.

I nokre år hadde Ole Larsen god hjelp av sønene til arbeid på plassen, for det var mange arbeid å ta fatt på, t.d. veg, og det måtte til. Eldste sonen, Lars, var interessert og hadde anlegg for smedarbeid, og smedar var her lite av. Av den grunn kom mange ljåsmedar og selde ljåar. Det var særleg frå Hornindal og Nordfjord desse smedane kom, og dei hadde gode ljåar. På Nygård var det flinke ljåsmedar. Og det laga seg så for Lars Olsen Fylling at han fekk kome til Lars Larsen Nygård i lære, for å bli ljåsmed. Lars var der i to vintrar og vart flink smed. Denne Lars L. Nygård hadde ei

dotter, ho heitte Lydianna, og hadde same alder som Lars. Desse vart trulova, og i 1887 vart dei gifte, og Lydianna flytte då til Fylling. Men no måtte det betre hus til. Lars bygde ny stove med 2 stoverom og gong og kjøken, og dertil gode rom i loftshøgda. Så bygde han ny løe. Dertil ei romsleg smie med veggar av gråstein. Vinter og vår dreiv han smedarbeid av ymse slag. I den fyrste tida vart det mest ljåar. Han hadde eit stempelmerke på ljåen og der stod LOF, tyder Lars Olsen Fylling. Og desse ljåane var kvasse og ettertrakta.

Etter nokre år tok han til å lage treskemaskinar, og han hadde ein treskemaskin på Amts-utstillinga på Molde 1908 og fekk premie og god omtale på maskinen. Og no arbeidde han fleire treskemaskinar.

Som ljåsmed trengde han mykje trekol og det brende han sjøl. Men det var mykje arbeid med det. Det siste eg hugsa han brende var i Høgsæterlia. Dit var det så bratt og så lang veg at han fekk skogen mest for inkje. Men mykje arbeid vart det, fyrst å felle skogen, så å bera den til ein lagleg plass for kol-mile, så å sage og kløyve veden, legge den opp i ein stor haug og dekke den med torv. Når han kom så langt at han fekk tenne fyr i mila, måtte han vera til stades og passe på så det ikkje slokna, men og så det ikkje brende hol i torvdekket. Men å få tre-kolet heim i smia, vart det travelegaste. Det vart berre på vinterføre det kunne hentast. Lars måtte ta dragarkjelken sin og 4–5 jutesekkar med når det var lagleg snøføre. Å kome opp på Høgsætra vintersdag med ein dragarkjelke ville vel ikkje mange notidsfolk prøve på ein gong, men Lars var ikkje kvien, og han måtte ha trekolet skulle han smi ljåar. Han drog fram på Nesjesætra, så derfrå nordvest opp på Høgsætra og tok med nokre sekkar trekol ettersom snøføret var, og kom seg heim. Han fortalde at det var dagar han greidde to turar, men då var han heilt utmatta.

Lars var ein strevsom og påliteleg arbeidsmann, venleg og hjelpsom mot alle. I 10 år var han med som smed når Skodje bru vart bygd. Og i den tid letna det noko økonomisk for han.

Lars Olsen og Lydianna hadde desse born:
Josefine, f. 1888, Hanna, f. 1890, Lars, f. 1893.
Josefine og Lars døydde ugifte. Hanna vart gift med Karl Havnegjerde, Langevåg.

År 1928 vart Lars Olsen sjølveigar av plassen og i 1945 fekk sonen Lars Larsen skøyte på eigedomen og var eigar til sin død.

Lars Larsen var ein svært flink arbeidsmann i sykkelreparasjon og i elektriske installasjonar. Men det vart mest måling av hus han dreiv – ute

og inne. Etter at dei vart sjølveigarar, dyrka dei mykje av jorda, og ei tid fora dei fire kyr og leverte mykje mjølk med rutebilen til Ålesund. Dei hadde sæter til brukdei som andre brukarar i bygda. No vert ikkje bruket drive, husa står tome, dei venesæle – hjelpsame folka er vekk ––.

E. F.

Kart nr. 51

Huslyden som reiste til Amerika frå Fyllingslia 1903: Frå venstre: Ingeborg, f. 1894, husfaren Johan Eriksen f. 1864, Lina, f. 1899, Jon, f. 1896, Oluffa f. 1887. husmora Malene, f. 1864 med yngstebarnet på fanget – Ole f. 1902, Elise f. 1893. Same dag reiste same veg: Den fyrste rydningsmannen i Fyllingslia – Erik Nilsen Sæter, f. 1839 i Grytten, Romsdal. Han var far til Johan og bestefar til desse borna. Same dag reiste og dotterson til Erik – Ole J. han hadde og budd i Fyllingslia. Det var sorg i bygda den dagen.

Dette foto var tekje eit år etter dei kom til Minnesota.

Olasetplassen – den austre, av gnr. 54, bnr. 1, Lille Fylling, og av gnr. 56, bnr. 2, Store Fylling i Skodje.

Dei fyrste rydningsfolk her var Erik Nilsen Sæter, f. 1839 i Grytten i Romsdal, og kone Jørgine Olsdotter Fremmerlid, f. 1825 i Skodje. Desse var gift 1859. Erik kom til Fremmerlid 1857.

Jørgine og Erik hadde stor hug å få feste eit jordstykke til husmannsplass i Fyllingslia, og etter noko forhandling med gardeigarane i bygda, fekk dei lov å gjerde inn eit stort stykke utmark som ennå var felleseige og fellesbeite. Seinare vart denne utmarka delt ved off. utskifting, og då vart noko lagt på gnr. 54, bnr. 1 og noko på gnr. 56, bnr. 2, Fylling. Festeseddel vart skriven og tinglyst 1886.

Foreldra til Jørgine var Ole Jørgensen og Ragnhild Hansdotter Fremmerlid, Skodje. Jørgine og Erik hadde ei dotter, Tomasine, før dei var gifte. Ho fekk ein gut, Ole J. Fylling, f 1882. Han voks opp på Fylling, og gjekk på skule der. Jørgine og Erik hadde desse born:

1852 Hans Eriksen, d. 1874.
1863 Johanne Eriksdotter, d. 1877.
1864 Nils J o h a n Eriksen.
1867 Ole Gunder Eriksen.
1872 Edvard J o h a n n e s Eriksen.

Jørgine og Erik måtte bygge seg hus, så dei vart førebils hjelpte. Det vart ei gammal røykstove dei fekk kjøpe og flytte dit. Så måtte dei ha fjøs og løe, men det vart og førebils. Erik var ein svært arbeidsom mann. Mykje av plassen dyrka han og drog all stein ut til byta, og mura opp fleire hundre meter med steingard, ca. 600 m. Når det var dårleg arbeidsver, var han inne og laga hornskeier eller vevskeier, og det var han svært flink til. Erik laga og pene treskeier og små tredallar av einer eller barlind – smør – og osteøskjer og liknande. Alt var pent laga. Erik var flink til å rosemåle skrin og kiste.

Sønene til Erik var og til stor hjelp med nyrydding. Nils Johan, vart sagt Johan, lærte seg til bygningsmann. 1886 vart Nils Johan Eriksen gift med Malene, f. 1864, av foreldre Ole Gregorius Vesteraas, f. 1833, og Ingeborg Rasmusdotter Møll, Geiranger. Desse flytte til Tenfjordkleiva og budde på ein plass der.

I 1890-åra bygde Johan ny stove og ny løe. I murane var brukt pent hogd stein og murane står ennå. Stova var bygd av 3» saga tømmer, men sjeldan pent oppsett, med 2 stover, gong, kjøken og kammers, og gode soverom på loftet. Og det vart ein velstelt og triveleg bustad dei fekk seg. Johan var og mykje vekke på bygningsarbeid, t.d. i 1887 var han med og bygde skulehuset på Fylling. Og det var og pent oppsett.

Erik var framleis nøytig med tida, dyrka jord og mura steingardar. Han gjerda inn eit stort jordstykke – ca. 15 mål utmark – aust for husmannsplassen – dette stykket var kalla Bakke-gjerdet. Og rundt heile stykket mura han steingard, – ca. 600 m her og, og dyrka noko av dette stykket og. Så fekk han feste seg sæterstøl på Gamlesætra og rundt den og mura han steingard og dyrka opp marka, så det vart berre langorvsmark å slå. Sonen, Johan, bygde eit lite, pent nytt sætersel, og det var svært triveleg.

Erik bygde og kvern og kvernhus saman med Johannes i Kvennabakken ved Fyllingselva. Og der mol dei kvar sin dag, det dei trengde. No hende det av og til at dei kom i vegen for kvarandre. Erik klaga over at når han kom og ville male, så ville Inger (enkja etter Johannes) male. Og Inger var lei for at Erik ville male berre når det var mykje vatn. Men dei vart no hjelpt.

Malene og Johan hadde desse born: Oluffa, f. 1887, Ingeborg, f. 1889, d. 1890, Elise, f. 1893, Ingeborg f. 1894, Jon, f. 1896, Lina, f. 1899, Ole Magnus, f. 1902.

Utvandringa til Amerika hadde i 1880/90 åra skapt mykje uro i folket. Dei fyrste som reiste skreiv heimatt og oppmuntra andre til å koma. I 1893 reiste Ole Gunder Eriksen frå Fylling. 1896 reiste broren Johannes. Han var svært musikalsk og flink spelemann. I Amerika kom han saman med den då kjende felespelar Bolstad, og desse to for rundt i Amerika og spela. Desse to kom over att til Europa og for rundt og heldt konsertar. Dei var heilt til Petersburg. Derfrå kom dei til Norge, og heilt til Fylling i Skodje ca. 1902, og stansa noko heime i Fyllingslia. Og der spela dei mykje og det var mange då som fann vegen til heimen der dei budde. Ein kveld held dei konsert på Korsvegen på Skodje. Spelarane sat på låven til Petter Tomas, men tilhøyrarane stod ute – og der var ei masse folk. Dei reiste så vidare – til Amerika.

Johan Eriksen fekk brev frå sin bror, Ole Gunder, om forholda i Amerika, og no fekk han frette meir med sin bror, spelemannen Johannes. Framtidsvonene for han og huslyden, på ein liten plass, var ikkje særleg

gode. Og i 1903 sa han opp husmannsplassen og drog til Minnesota, Amerika med heile huslyden, og tok faren med og (mora var død nokre år før). Det var ein tung dag for dei som reiste, men og for dei som var att i bygda.

Den nye husmannsstova vart seld til Lars Slyngstadli, Tenfjord, og vart oppattsett i nærleiken av den gamle fabrikken til J. Tenfjord. Løa kjøpte handelsmann Johs. Vadset, d.e. til lagerbygg på Skodje. Sæterselet kjøpte naboen, Lars Olsen Fylling, og fekk lov å ha det ståande der det stod.

Etter knapt eit år kom det helsing frå Johan og huslyd med foto av heile huslyden. Faren var då omkomen ved ei ulukke på ein jarnbaneovergong.

Som før nemnt hadde Johan Eriksen ei syster Tomasine. Ho hadde ein u.e. son, Ole Johansen, f. 1882, som gjekk på skule på Fylling. Han vart og med denne store, men vakre flokken frå Olasetplassen då dei drog til Amerika.

Tomasine var gift til Myklebust på Harøya.

E. F.

HUSMANNSFOLK

Dei kom for lenge sia,
ho Mali og han Nils,
dei bygde seg hus i Fyllingslia, og braut seg åker og hage der
mellom stein og røtter og tågebær.

Nils var modig og flink med hendom
og Rak i ryggen i unge år.
Han bar og drog – og kom igjennom,
dei harde vintrar frå haust til vår
i 20 lange armodsår.

Ho Mali stelte so godt ho kunne
med ku og sauer og seks born små.
Men mang ei natt fekk ho snaudt nok blunde,
av di ho visste inga råd,
kvar mat og klæde skulle koma ifrå.

Verst var det dei åra frosten
tok husmannsåkeren med den stod grøn.
Då laut dei drygja ut vinterkosten
med borkamjøl og ei gamal Bøn – –
til ein med kjærleik – og feilfritt skjøn – –

Barna voks – – alle med foreldri måtte
vandra ut ifrå heimen i Fyllingslia.
Dei drog til America alle otte,
men i Minnesota vart guten agta og jenta gift.

No ligg det att berre store steiner,
i mellom bregner og mager bring.
Og bjørk og selje og osp og einer,
veks årleg tettare rundt ikring
og gjøyme minner om mange ting – – –

Men i Fyllingslia der Nils og Mali
i seine haustkveldar sat og batt,
hev skogen spara ei turr hard slette,
der Stedmorsblomar kvar vår kjem att – – –
og står med tårer i stille natt – – –

Kart nr. 52

Gnr. 60, bnr. 3.

12. januar 1858 fekk Rasmus Andreas Østensen Sollid og Helga Karoline Olsdatter festeseddel av Peter Gunder Stor Engeset på ein husmannsplass kalla *Saghaug*, gnr. 60, bnr. 3.

Rasmus var frå Stryn, fødd 1825 og Helga frå Fremmerlid i Skodje, fødd 1828. Far hennar var Ola Jørgensen Furre Stryn. Han hadde ein bror i Stryn som og heitte Ola. Ein gong han var i Fremmerlid på besøk, ville han ha med seg eit av borna til Ola i Fremmerlid. For han i Stryn hadde ingen born. Han i Fremmerlid hadde mange born. Og det vart til at Helga skulle vera med til Stryn. Ho var då 9 år. Ho vart der gift med Rasmus Østensen Sollid og kom her og bygde både løe og stove på Saghaugen. 15/7 1874 vart det skylddeling og frå den dag vart det kalla Solhaug.

Rasmus var bygningsmann og han var med på husbygging. So var han og skinnfeldmakar. Han sydde skinnfeldar av saueskinn og selde. Når dei kom seg til, fora dei nokre sauer og ei ku. I onnene hadde dei pliktarbeid på hovudbruket.

Rasmus og Helga hadde 2 born:

Østen Joakim, fødd 1859.

Karl Johan, fødd 1865.

1872 bygsla dei austre bruk på neste Skar av Kristofa Pedersd. Stor Engeset og flytta dit.

Kart nr. 53

Husmannsplassar i Vasspegard – gnr. 60, bnr. 2 Stor Engeset.

Saghaug

Den andre plassen, Saghaug, låg til høgre for vegen til Storsæter. Dei som budde der var Klemet Salvesen Ytre Beite, fødd i 1797. I 1858 vart han gift med enken Kristi Johsndotter Furulien. Ho var før gift på Stige.

Ein finn ikkje noko i bøkene om festeseddel eller bygsel på plassen. Men det er fortalt av folk som levde den tid at dei fora ei ku og nokre sauer. Då Kristi blei enke, tok ho seg frå eit stykke av garden på Ytre Stige – oppunder utmarksgarden. Og det vert kalla Kristihaugen den dag i dag. Den brukte dei slå, og dei køyrde og bar høyet fram på Saghaugen. Ho hadde og kår av Ytre Stige.

Kart nr. 54

Geilhaug

I Vasspegard har der vore to husmannsplassar. Den eine var Geilhaug. Den var aust for tunet til Arnegard. Den andre var kalla Saghaug, det stykket som høyrer Vasspegard til.

19. juli 1876 fekk Thore Kristensen Ordlykken festeseddel av Peter Ja-

kobsen Engeset på Geilhaug med forbehold om pant i plassemannens hus for 35 spesidaler. Når der då var hus, so var det kanskje so at der har budd folk før.

Thore Kristensen var frå Lom i Gudbrandsdal og var gift med Berthe Helene Olsdatter Furulien (Fremmerlid) fødd i 1834. Dei hadde sonen Ole Kristian, fødd ca. 1874. Då han vart vaksen, kjøpte han bruket Danielgard på Indre Ekroll.

Berte Helene døydde i 1917. Thore døydde seinare på Skodje aldersheim.

Kart nr. 55

Plass under Jørngarden.
Gnr. 62, bnr. 1, Bertebakken.

Omkring 1863 vart enkemann Martinus Olsen Græsdal gift med Berte Larine Olsdatter Indre Ekroll. Han 62 år, ho 43 år. I 1865 fekk dei husmannsseddel av Jørgen Karolus J. Ekroll på ein plass av Jørngarden sørvest i ein bakke som seinare fekk namnet Bertebakken.

Dei bygde seg hus der og fora ei ku. I 1881 fekk Berte kårbrev av Jørgen Karolus. Det kan tyde på at Martinus då var død. Ho hadde eit bismarpund bygg i kår frå Jørngarden. Plassen var då lagd under hovudbruket att.

Murane av den vesle stova i Bertebakken syner ennå. Der skal til og med ha vore kjellar under stova.

Martinus Olsen Græsdal, f. 1801, var frå Akslen i Borgund. I 1827 vart han gift med Maren Larsdatter Ytter-Skodje. Mor hennar var frå Græsdal.

Dei budde ei tid på Ytter-Skodje og hadde der 3 born:
1828 Peter Elias, 1829 Lars Martinus, 1834 Ingebrikt.

I 1827 fekk Martinus Olsen skøyte på ein part av bruksnr. 2 i Græsdal for 48 spesidaler. Dei flytte då til Græsdal.

I 1854, 15. juli, skøytte Martinus Olsen garden over til sonen Lars Martinus Martinussen for 140 spesidaler.

På samme tid kårbrev frå Lars Martinussen til Martinus Olsen og Maren Larsdatter, 5 års verdi 127 spesidaler.

Soleis kom Maren Larsdatter att til heimen mor hennar var frå.

I 1862 døydde Maren, 70 år gamal. Martinus Olsen gifta seg oppatt i 1863 med Berte Larine Olsd. Indre Ekroll.

Dei vart plassfolk i Jørngard Indre Ekroll, gnr. 62, bnr. 1.

Kart nr. 56 A

Ekroll-Ytre, gnr. 62, bnr. 5.
Brauteplassen

Under Pelarsgard, Ytre Ekroll, har der vore ein husmannsplass som vart kalla Braute.

I 1846 vart Knud Elias Johnsen Græsdal gift med Inger Katrine Gunnarsdatter Skar. Han var 24 år og ho 22 år.

Den 23. juli 1853 fekk Knud Johnsen festeseddel på Braute av enken Ingeborg Pedersdatter Ytre Ekroll. Knud og Inger hadde før vore indertsfolk på Nesteskar. Der fekk dei tre born. I 1846 Johanne Karoline, i 1849 Gabriel Nikolai og i 1851 Karn Marie.

Den 18. april 1854 gav Knud Johnsen obligasjon til Skaue sogn med rett i ei husbygning for 4 spesidaler. Det kan tyde på at der har budd folk før. Etter dei kom til Braute fekk dei sonen Knud Elias. Dei brukte plassen til Knud døde i 1868.

I 1870 fekk Tore Sølfestson Maråk festeseddel på plassen med kårforpliktelse til enken Inger Katrine Gunnarsdatter, tinglest 21. februar 1870. Kona til Tore var Ingeborg Marie Jakobsdatter Knivsflå. Dei hadde dotra Olivia, fødd i 1870. Ho vart gift til Storsæter. Seinare fekk dei sonen Sølfest, men han døde i ung alder.

Ingeborg Jakobsdatter døde og Tore gifta seg på nytt med Ingeborg Larsdatter Græsdal, fødd i 1856. Dei fekk desse borna: I 1894 Ingvald, han vart gift med Pernille Sølfestdatter Rødal. Sina Toresdatter, ho vart gift til Breivika i Borgund. Lovise Toresdatter, ho vart gift Finnsnes og bur i Ålesund.

Braute vart skild frå Pelarsbruket i 1933, og Ingvald Toresen fekk skøyte 4/12 1933. Han dreiv bruket til 1969. Då fekk sonen Trygve skøyte. Han bur i Ålesund.

Tore Sølfestson var med og arbeidde på vegen frå Geiranger til Skjåk, så han hadde lært muring og minering. Han braut opp eit stykke nedfor husa i Braute. Der var mykje stein, og av steinen mura han ein stor gard rundt stykket så det vart til hage, og planta der bærtre og epletre. Garden står enno. I førstninga han var der hadde han ikkje hest. Han fora to kyr og nokre sauer og sume tider ein kalv. Han bar inn alt høyet like eins kornet. Seinare fora han og hest.

Sonen Ingvald braut opp og dyrka mykje av plassen.

Kart nr. 56 B

Engeset-Store, gnr. 60, bnr. 1–2–3–4.
Rabelhaug.

År 1879, den 1. februar fekk Ole Petter Rasmussen Nordbrekken, Sunnylven, festeseddel frå alle fire gardbrukarane på Engeset på husmannsplassen Rabelhaug.

Ole var f. 1849, d. 1928, var gift og hadde desse born:

Anna Petrine, d. 1912.

Regine Bergitte Lovise, f. 1885, døvstum.

Petrine.

Den fyrste kona døydde, og Ole Petter gifte seg 2. gong 1900 med Marte Petrine Berntsdatter Stavdal, frå Stordal. Ho døydde i 1922.

Den fyrste kona til Ole heitte Karoline. Ole Petter var ein mykje staut arbeidskar. Han bygde dei turvande hus, og rydda og dyrka mykje av denne husmannspladsen, og var vide kjent for sin styrkje. Vi hev skreve om Ole Petter Rabbelhaug i vårt Årsskrift 1975.

Kart nr. 57

Mauren Gr. nr. 46

Her var det to husmannsplassar.

Ved austenden av den vesle tjønna på garden låg «Kjønnaplassen». – Der budde Karl Elias Nilsen Slyngstadli, og kona Anna Andersd. Krogsæter (ho var syster til Margrete i Tennfjordkleiva).

I 1888 fekk dei sonen Andreas, og Anna døydde då på barselseng. Andreas vart seinare gift på Vatne, og tok navnet Andreas Myren.

Karl Nilsen var i 1890 atter gift med Kristofa Jonsd. Eidsvik. Dei fekk desse born: 1890 Anna – 1893 Nils Gustav – 1896 Ole, han kom vekk ved forlis i Ishavet.

På plassen hadde dei ei stove og ei lita løe. Der fora dei 1 ku og 3 sauer.

Kristofa Jonsd. døydde 1913 – 54 år gamal.

Karl Nilsen døydde 1929 – 72 år gamal.

Kart nr. 58

Nilsplassen eller «Vaulen».

Denne plassen låg ned mot sjøen aust for heimebøen. – 1895 er det skrive husmannsetel frå Knut Knutsen Mauren til Nils Andreasen Stenset, som då nokre år hadde budd på Langøya.

Nils Andreasen Stenset var 1888 gift med Johanne Hand. Ramstad. Dei fekk 8 born som alle vart gift og busette seg i Borgund og Ålesund.

Dei 8 borna var: 1880 Anton – 1890 Ole – 1892 Anna – 1895 Lisa – 1897 Knut – 1900 Hans, han døydde ugift 1921 – 1905 Laura – 1908 Harald.

Dei hadde ikkje løe til husmannsplassen. Men til stova var der ein liten kjellar, og der fora dei 2 til 3 sauer. – Det vart ikkje mykje å leve av, so livberginga vart tilfeldig dagarbeid.

Nils Andreasen døydde 1939 – 71 år.

Johanne Hansd. døydde 1945 – 85 år.

Kart nr. 59

Steinset Gr. nr. 47.
Thorsteingjæret (Tøstengjæret).

Plassen ligg like vest for bøgarden på Steinset ned mot sjøen.

I 1859 kom brørne Thorstein og Hans Sylfestsøner frå Hove i Lom. – I 1863 vart Thorstein gift med Petrine Martinusd. Høyvik, ho var oppfostra i Nilsgarden på Steinset.

I 1867 er det skrive festesetel frå Bernt Nilsen Stenset til Thorstein Syl-

festsen på plassen, der dei då fora 1 ku og 2 sauer. Stove og ei lita løe hadde dei der då. – Dei fekk 4 born, men 3 døydde unge. Sonen Nils som var fødd 1873 reiste seinare til Amerika. Han kom heim, og døydde ugift i 1929.

Hans Sylfestsen gifta seg ikkje. Han var ein flink steinarbeidar og vart kalla minar-Hans.

Eldre folk som hugsar dei, har bore vidare sumt av det Thorstein fortalde frå sin barndom i Lom. Der var trange tider, og dei leid ofte naud. – Ein gong fortalte Thorstein millom anna: «I å han Hans sloss om spikjesillhaua.»

Hans døydde 1888 – 75 år gamal.

Thorstein døydde 1911 – 81 år gammal.

Petrine Martinusd. døydde 1925 – 87 år gammal.

Kart nr. 60

Stafset Gr. nr. 48.

Det er ikkje mykje spor etter husmenn og plassfolk på Stafset. I kyrkjeboka for Skodje år 1756 står det:

Ole Larsen fra Bergen, nu huusmand på Stauseth giftes med Maren Knudsd. Stauseth. – Det kan samstava med det som Hans Strøm skriv at det er ein husmann på Stafset på dei tider.

Noko meir veit vi ikkje om dei.

Om det kan vere denne plassen som seinare vart frådelt som eige bruk under namnet Lundberg er uvisst.

Men dit kom i 1854 Erik Jonsen Korsedal og kona Ane Marta Pedersd. Hellesylt.

Dei hadde 3 døtre: 1847 Helene Marta, ho var ugift. 1858 Johanne, ho vart seinare gift med Kristoffer Larsen Mørkeset. 1860 Berte Petrine, ho var ugift.

Erik Jonsen var naturlækjar, og hans spesielitet var årelating og å «slå koppar» på folk. Han vart difor kalla «koppar-Erik», og staden vert til dagleg nemnt Koppargjære.

Erik Jonsen vart sjølveigar i 1890.

Han døydde i 1900 – 76 år gamal.

Ane Marta Pedersd. døydde 1894 – 76 år.

Kart nr. 61

Storhaug Gr. nr. 50

Ein husmann Knut Hansen Storhaug, født i Skoiebøen 1713 – døydde på Storhaug 1782. Og kona Brite Andersd. (1726–1783) hadde desse borna til dåpen: 1757 Ole – 1759 Arne – 1762 Gunhild – 1765 Lars – 1768 Berte Eline – 1771 Gunhilde.

Kvar det so vart av desse veit vi ikkje.

Kart nr. 64

Husmann på Storhaug Arne Bodvardsen og kona Mali Kristensd. hadde til dåpen desse borna: 1755 Johanne – 1758 Bodvar – 1765 tvillingane Karen og Ingeber som begge døydde.

Ca. 1766 flytter denne huslyden til Straumen.

Kart nr. 64

Yste-Rema

Ca. 1840 kom Amund Johansen Ystenes frå Ålesund og busette seg her. – Kona hans og kona til Peder Storhaug var systre. Om det då var ein urudt plass, eller om Arne Bodvarsen hadde budd her før, veit vi ikkje.

Amund Johansen var gift med Marte Pedersd. Stette. Dei hadde då budd ei kort stund i Beite, og hadde døtrene Anne f. 1835 og Berte Helene f. 1839.

I 1852 døydde Marte Pedersd. på spedalskehospitalet på Molde, 62 år gamal. – Og Amund gifte seg same året oppatt med Ingeborg Rasmusd. frå Flo i Stryn (ho var syster til «Dale-Synnøve» i Straumen).

I 1865 fora dei 1 ku, 7 sauer. Attåt hausta dei 21 halvtunne korn og 1 tunne poteter. Ein so pass stor avdrått kan tyde på at det har vore rudt jord før.

Anne Amundsd. var gift med Rasmus Strømmen og dei flytta til Ålesund. – Berte Helene Amundsd. vart gift med Nils Karlsen Indrevik.

Amund døydde 1879 – 77 år gamal.

Ingeborg Rasmusd. døydde 1904 – 88 år.

Etter Amund kom Petter Hansen Rekdal til Ysterema. Han var gift med Anna Oline Pedersd. Valde. Dei hadde 5 born. Dei 4 eldste for til Amerika. Men den yngste – Marie – vart gift med Nils Digernes.

– Då Anna Pedersd. døydde i 1903 – 54 år gamal, gifte Petter seg oppatt med Johanne Rasmusd. Remme.

Bruket vart kjøpt av Ole Laurits Steinset som kom og bygde nye hus i 1909. – Men Petter og Johanne budde i dei gamle husa sine livet ut.

Johanne Rasmusd. døydde 1913 – 62 år gamal.

Petter Hansen døydde 1927 – 80 år.

Kart nr. 65

Arne-plassen.

Brukarar i Toregarden på Størok var Knut Pedersen Storhaug og kona Berte Paulsd. Dei var gift i 1810. Men alt i 1828 døydde kona, og Knut Pedersen gifte seg oppatt i 1829 med Gjertrud Pedersd. Håhjem.

Men i 1841 døydde Knut Pedersen, og Gjertrud sat att som enkje. Året etter – i 1842 – gifta ho seg oppatt med Arne Elias Pedersen Stige.

Men i 1849 kom det nye brukarar til garden. – Gjertrud og Arne tok seg då frå ein plass like ovanfor der lærar Karl Hagen seinare bygde. Denne

staden vart heitande Arneplassen. Dei hadde der ei stove og ei løe der dei fora 1 ku og nokre sauer. Gjertrud og Arne sine born: 1843 Karl Johan – 1844 Ole Petter, han vart seinare gift med Ragnhild Krogsæter.

Arne var flink med hendene sine, og haghendt til mangt slags arbeid. Og at han i sume høve tenkte litt lenger enn andre, fortel denne stubben: «Arne hadde saman med eit notlag vore på Solnørvika. Dei var på veg heim og kom roande utover Skodjevika då dei fekk over seg ei kraftig lokal regnbyge. Dei andre karane tok på seg trøyene sine, men Arne tok like godt og kledde seg naken på overkroppen, pakka skjorta inn i trøya og sette seg på det. – Då bya vel var over og dei andre sat der våte til skinnet tok Arne på seg turre klede.»

Gjertrud Pedersd. døydde 1882 – 82 år gamal.

Arne som var født 1818 døydde hjå sonen på Krogsætra.

Kart nr. 66

Pørsen.

Denne plassen låg der Petter D. Storhaug no har bygt. Det me med visse veit om denne plassen er at Lars Martinus Larsen Korsedal i 1863 vart gift med Karen *Petrine* Thomasine Larsd. Valde, og dei busette seg her.

Dei fekk 3 born som alle for til Amerika.

I 1877 døydde Lars Larsen, 43 år gamal. – Og Petrine vart i 1882 oppattgift med Mons Joakim Larsen Strømmen.

I 1883 fekk dei tvillingar, der mora døydde på barnseng. Også begge borna døydde.

I 1886 gifta Mons seg oppatt med Karen Marie Johannesd. Halvardsæter, og i 1887 fekk dei dottera Ragna (ho døydde ugift i 1968).

Men alt i 1889 døydde Karen Johannesd. 39 år gamal, so Mons vart enkemann for andre gong. – Og i 1890 gifta han seg for tredje gong, no med Johanne Skår ifrå Vatne.

På plassen hadde dei stove og ei løe der dei fora ei ku og nokre sauer.

Sjøl om levebrødet ikkje var so raust på den vesle plassen, var det ein tung dag for Mons då dei måtte flytte til gamleheimen like før 1920-året.

Mons døydde 1920 – 75 år gamal.

Johanne døydde 1934 – 90 år.

Kart nr. 67

Leita Gr. nr. 51.

Kjøsen.

Kjøsen var ein plass i kjøsen nord mot vatnet. I 1795 vart Sjur Eliassen Riise frå Hareide gift med Brite Knudsd. Grindvikgjære (ho var dotterdotter til «Agnes-Knut»). Og dei sette bu i Kjøsen.

I 1796 fekk dei sonen Elias.

Sjur Eliasen døydde 1819 – 60 år.

Brite Knudsd. døydde 1830 – 65 år.

Elias Sjursen vart i 1821 gift med Berte Monsd. Saltkjellsvik (ho var faster til Pørse-Mons). Dei budde i Kjøsen, men dei fekk ikkje born.

I 1852 døydde Berte Monsd. 77 år gamal.

Og Elias Sjursen gifte seg i 1853 oppatt med Oline Halvorsd. Grindvikgjære. – Men alt året etter, i 1854 døydde Elias Sjursen. Han var svært rik. Om rikdomen hadde tilfalle han ved arv, eller om han sjøl hadde skapt rikdomen er uvisst. – Men enkja fekk heile arven etter han.

Og som rimeleg kan vere sat ho ikkje lenge i enkjestand. – I 1855 vart ho atter gift med Sivert Martinus Knudsen Leite. Ho 55 år, og han 29 år gamal.

Oline Halvorsd. døydde 1889 – 88 år gamal.

Kvar det seinare vart av Sivert Martinus Knudsen er uvisst.

Kart nr. 68

Stette Gr. nr. 52.
Stette-rema eller Insterema.

Like uvisst som det var i Ysterema er det i litt eldre tid i Insterema. I 1816 var ein Erik Eliassen Årset frå Barstadvik gift med Anne Paulsd. Stette. I 1829 bar dei til dåpen ein son som vart døypt Peter Elias, og dei er då nemnt å vere husmannsfolk på Stette. Denne sonen deira døyr 10 år gamal, og er då nemnd å vere «tienestedreng» på Stette.

Erik Eliassen døydde 1855 – 79 år.

Anne Paulsd. døydde 1852 – 64 år.

Størker Størkersen, Nes, gift i 1822 med Marte Larsd. Tuene, fekk i 1823 sonen Syver Lars Andreas. Det er då oppgjeve at dei bur i Stetterem. – Men ca. 1833 flytta dei til ein plass i Straumen.

I 1834 vart Absalon Absalonsen Erstad gift med Ingeborg Martinusd. Vollstad ifrå Ellingsøya og dei sette bu i Insterema.

Dei hadde 4 born, men berre 2 levde opp. Det var: 1838 Ingeborg, seinare gift med skomakar Ola Indreberg. 1842 Anne Pernille.

Absalon Absalonsen døydde 1870 – 64 år.

Ingeborg Martinusd. døydde 1888 – 82 år.

Anna Pernille Absalonsd. vart i 1871 gift med Peter Karolusen Valderhaug og overtok Insterema. Dei hadde 6 born som voks opp, 2 døydde som små. – Av desse vart 4 gift og busette i Ålesund, medan den yngste vart gift i Mosjøen.

Sonen Fredrik Rikard født 1878å og gift 1917 med Karen Larsd. Ytreberg. Dei levde som sjøleigarar på bruket.

Kart nr. 69

Stettegjæret

Hit kom Einar Pedersen Vadset og kona Marit Slyngstadhagen. Dei hadde tidlegare budd ei tid på Leitevollen. I 1835 fekk dei dottera Ingeleiv. Ho vart seinare gift med Nils Nilsen Strømmen.

Einar Pedersen døydde 1872 – 73 år gamal.

Kart nr. 70

..Nes Gr. nr. 53

Nes er ein av dei gardar som har fostra få husmenn og plassingar. I 1747 hadde ein Husmann Knud Hansen frå Skarbøe «boende på Nes» og kona Ingeborg Jonsd. til dåpen ei dotter Marte. – Og i 1755 til dåpen ei dotter Birte.

Ingeborg Jonsd. døydde 1772 – 64 år gamal. Og sidan veit vi ikkje meir om dei.

Kart nr. 71

I seinare tid kom Knut Johan Rasmussen Utvik og kona Nikoline Karoline Nikolaisd. Saltkjelsvik til Nes og fekk seg ein plass kalla «Skarpetegen» undan Hansgarden.

Dei fekk gamlehusa på garden og sette oppatt til stove. Og dei bygde seg og ei lita løe, der dei fora 1 ku og 2 sauer. Dei hadde ikkje born.

Då Knut var gamal og synet hadde dimmest, dreiv han og slo med stuttorv. Det var nok ikkje lett å sjå skilnad på gras og hasl- og bjørkerenningar. Og sidan har det vorte eit ordtøkje etter Knut Skarpeteg: «De e hare jolar på Nesbønå.»

Knut Rasmussen døydde 1922 – 80 år gamal.

Karoline Nikolaisd. døydde 1923 – 70 år.

Kart nr. 72

Strømmen Gr. nr. 28.

«Dalen» eller Dæmmegjeret.

Det er noko uvisst kvar den første busetnaden var her. Jon Størkersen og kona Anne Olsd. budde her. Ein kan ikkje finne at dei hadde born.

Jon Størkersen døydde i 1831 – 60 år.

Anne Olsd. døydde i 1834 – 61 år.

Kart nr. 73

I 1839 er det skrive festesetel frå Halvor Nilsen Strømmen til Størker Størkersen Nes, og kona Marte Larsd. Tuene på Dæmmegjerdet.

Dei hadde før budd i Insterema på Stette der sonen Sivert Lars Petter var født i 1823 (han fekk seg seinare ein plass i Skodjevågen).

Det er truleg at Størker Størkersen sine hus stod på dei tuftene som ligg om lag der Halvard Karlsen no har bygd.

Marte Larsd. døydde i 1837 – 50 år.

Støker Størkersen døydde i 1850 – 75 år.

Kart nr. 74

I 1840 er det skreve festesetel frå Halvor Nilsen til Anders Eriksen også på Dæmmegjeret.

Det er visst at hans hus stod lenger fram i dalen, like nord for løa til Harald Nilsen Strømmen, og denne plassen har vore kalla «Dalen».

Anders Eriksen var frå Rygg i Stryn og kona Synnøve Rasmusd. var frå Flo i Stryn. – Dei hadde 2 born: 1834 Kari (ho vart seinare gift til Vatnehaug). I 1836 Erik, (han kjøpte seg seinare eit bruk i Grindvik).

Anders Eriksen var ein fling bygningsmann. Han hadde og sagstelling der han dreiv og saga opp material. Tømmer fekk han kjøpe av bonden i Straumen. – Dertil har Anders og truleg vore ein god forvaltar, for han la seg opp mykje pengar som borna ervde.

Anders Eriksen døydde i 1886 – 85 år gamal.

Synnøve Rasmusd. døydde i 1894 – 86 år.

Sidan har det truleg ikkje budd folk på desse tuftene.

I 1869 vart Nils Nilsen Strømmen gift med Ingeleiv Einersd. Stette. Dei sette bu på Plassen eller Dæmmegjerdet. – Det er visst at dei budde på same staden som Størker Størkersen var før.

Dei budde der i ei gamal røykstove som seinare vart flytta til Østrem og oppattsett til sommarfjøs.

Nils og Ingeleiv fekk 5 born: I 1869 Nils Petter – i 1871 Hanna Nikoline – i 1873 Elen Marie – i 1875 Halvar Johan – i 1878 Gjertrud *Nikoline*.

Nils Nilsen d.y. vart ein flink spelemann og militærmusikar. Han er ein av dei som har gjort mest for songen og musikken i Skodje.

Han vart gift med Karoline Petersd. Midtlid og bygde nye hus på bruket i 1909.

Det er av deira etterkomarar som no er sjøleigarar og bor på bruket.

Nils Nilsen d.e. døydde i 1913 – 83 år gamal.

Ingeleiv Einersd. døydde i 1923 – 93 år.

Kart nr. 75

Malihaugen

Malihaugen ligg om lag der drosjeeigar Ola K. Strømmen no har bygt. Skal ein gå beint etter namnet, var det truleg her Arne Bodvarsen og kona Mali Kristensd. budde.

Dei kom frå Storhaug ca. 1776. – Uvisst er det om dei kom frå

Ysterema der. – Dei hadde 7 born. Ei dotter Kristine vart gift til Mauren. Ei Johanne vart gift til Beite. Og ein son Halvor som var fødd i Straumen vart gift til Taftesund.

Arne Bodvardsen døydde i 1782 – 61 år.

Mali Kristensd. døydde i 1783 – 63 år.

Kart nr. 76

Stølen

Denne plassen låg om lag der Lovise og Karl Strømmen seinare bygde. Her budde Tore Monsen Saltkjelsvik og kona Siri Kristensd. Dei hadde desse borna: I 1798 Johannes Karolus – i 1801 Birte Severine – i 1805 Knud Andreas – i 1812 Ragnhild Kristine Anna. Denne siste vart i 1831 gift med Knud Jonsen Raknes.

Tore Monsen døydde i 1815 – 43 år gamal.

Siri Kristensd. døydde i 1817 – 46 år gamal.

Etter Tore og Siri kom Lars Jonsen Sandvik frå Stryn, og kona Else Monsd. frå Flo i Stryn. – Dei hadde 2 søner: 1845 Mons Joakim (Pørse-Mons) og 1849 Rasmus Martinus (som seinare vart gift med Anne Amundsd. frå Ysterema på Størok. Dei flytta til Ålesund).

Lars Jonsen døydde i 1861 – 56 år.

Else Monsd. døydde som legdslem på Stette i 1887 – 82 år.

Då Ole Larsen Digernes vart utsagt frå Digernes i 1860, flytta dei hit til Stølen.

Ole Larsen døydde i 1879 – 86 år gamal.

Kona Gurine Iversd. døydde 1878 – 79 år.

Deira son Iver Olaus Olsen var født 1832. I 1862 gifta han seg med Laurentse Asbjørnsd. Fyllingstrand. Dei budde nokre år på Stølen, og dei 3 fyrste borna deira var født her.

Men ca. 1870 flytta dei til Fremmerlid. Og seinare fekk sei seg ein plass på Skodje – «Laurentseplassen».

Kart nr. 77

Grindvik Gr. nr. 27.
«Langsetstova».

I Grindvik har det vore få plassar og husmenn.

Hans Strøm nemner 1 plassmann og 1 husmann i Grindvikgjære.

I den seinare tid budde husmann Johan Pedersen Langset, og kona Marie Iversd. frå Sylte i Tresfjord her.

Johan hadde slektskap i Grindvik, og dei kom hit og fekk setja seg opp ei lita stove. – Stova stod på same staden som Amalie Knutsd. Grindvik Nilsen no har feriehus.

Johan og Marja hadde i tillegg til stova eit lite uthus og ein potetåker, og nokre bærtre.

Marie Iversd. døydde i 1933 – 82 år.

Johan døydde i 1938 – 72 år.

Kart nr. 78

Dyrøy Gr. nr. 40.

På Dyrøya har det vore 2 plassar.

Halvorplassen

Då Halvor Olsen og kona Marie Eriksd. blei utsagt frå Olagarden på Steinset 1839 flytta dei til Dyrøya og fekk seg ein plass som blei heitande «Halvarplassen».

Dei hadde 2 born: 1839 Peter Olaus som var født på Steinset. – 1842 Anna Oline Kristine.

I festesetelen er det teke med klausul om at dei ikkje hadde rett til hamning av meir enn 1 ku. Men seinare vart ikkje dette handheva so dei fødde 2 kyr på plassen.

Halvor Olsen døydde i 1887 – 77 år gamal.

Marie Eriksd. døydde 1981 – 86 år.

Dotter deira Anna Oline vart i 1883 gift med Karl Kristoffer Olsen Rødset frå Borgund. – Dei vart sjøleigarar.

Dei hadde ikkje born. – Og etter dei har det ikkje vore fast busetting på Halvarplassen.

Karl Olsen døydde i 1928 – 66 år.

Anna Halvarsd. døydde i 1934 – 92 år.

Kart nr. 79

Ingebrigtplassen

På denne plassen budde Ingebrikt Ananias Rasmusen frå Voldsdal i Borgund, og kona Nille Kristensd. frå Synnes på Vigra.

Ingebrigt var ein kjend naturlækjar både for folk og fe. Mest dreiv han med urtemedisin, og folk søkte hit frå mange kantar. Og skrive om Dyrøy-Ingebrikt får bli ei soge for seg.

Ingebrikt og Nille hadde ikkje born. Men Nille hadde ei ugift dotter på Haram som fekk ein son Lars. – Nille og Ingebrikt reiste til Haram og tok den vesle guten med seg til Dyrøya og fostra han der.

På Ingebriktplassen fødde dei då 1 ku. So det var nok lækjarverksemda som gav levebrødet.

I 1888 døydde Nille Kristensd. – 90 år gamal.

I 1890 gifta Ingebrikt seg oppatt med Nikoline Johanne Eriksd. Garshol frå Ulstein.

Då Ingebrikt døydde i 1902 – 80 år gamal, gifta Nikoline Eriksd. seg oppatt med Ole Olsen Slinning, og dei busette seg på Heissa.

Fosterson til Nille og Ingebrikt: Lars Andreas Sivertsen Dyrøy vart i 1877 gift med Anna *Severine* Johannesd. Ertresvåg.

Dei budde på Ingebriktplassen og blei seinare sjølveigarar. Dei hadde 5 born: 1877 Ingeborg Nikoline, ho reiste seinare til Amerika. – 1880 Marte Anna, ho blei gift med skipper Ole Oksnes frå Valderøy. – 1883 Ingebrikt, han blei gift med ei frå Rødset og budde i Ålesund. – 1886 Olivia, ho var ugift.

Lars hadde lært medisinkunstene av fosterfar sin. So også han blei mykje søkt av folk mot utslett og «gust».

Lars Sivertsen døydde i 1934 – 80 år.

Severine Johannesd. døydde i 1935 – 89 år.

Etter dei har det heller ikkje på Ingebriktplassen vore fast busetting.

Kart nr. 80

Løvig

Mads Eriksen

I 1793 Rasmus. 1795 Margrete. 1798 Gunder. 1801 Ragnhild. 1804 Paul Kristensen Fremmerlid. 1771–1839 g. m. Marie Ingebriktsd. Indre-Skodje (Bøen) 1759–1839.

Petter Jetmundsen Giskemo. 1807–1892. g.m. Oline Larsd. Viset 1808–1881.

Barn: 1843 Sevrin Johan. 1845 Petter Carolus. 1849 Lars Carl.

Kart nr. 81

Solnør

Hølsbø.

Plassen låg aust for Sundsbakken. Ole Knutsen f. ca. 1716 d. 1812, g. 1777 m. enke Kari Hansd. Born: 1777 Ole.

Peder Olsen f. ca. 1756. 1800 g.m. Sara Olsdatter Haugset. Born: 1801 Anna Karen. 1821 Sara gift 2. g. m. John Mikkelsen Tøsse. Han døde i 1829.

Lars Jørgensen Fivelstad. 1800–1874 g.m. Jøssi Larsd. Vinje. 1704–1888. Born: Jørgen Martinus. 1831. Lovise Anna Ragnhild. 1836 Lovise Henrikke. 1838 Johan Christoffer 1846. Pernille Marie 1851.

Sivert Pedersen g. 1873 m. Anne Nilsd. Born: 1874 Peder Kristen. 1876 Berte Maren. 1883 Nils. Nils busette seg i Ålesund.

Kart nr. 82

Hølen.

Plassen var der som vegstasjonen er no. Plassmann Martinus Jørgensen 1800–1876 og kone Oline Christoffersd. Solnørhøl frå Eid i Nordfjord.

Bastian Knutsen Krogseter g. 1881 m. Pernille Larsd. Hølsbø. Born: 1882 Karl Johan, d. 1904. 1890 Laurits, d. 1907, 1892 Oline, gift Heltne i Volda.

Kart nr. 83

Solnørbø.

Plassen låg nord for elva. Peder Kristensen (opplands-Pe) f. ca. 1752 d. 1839 og kone Karen Olsd. f. ca. 1750 d. 1829. Ei dotter f. ca. 1791 Berte Olave, d. 1800.

Kart nr. 84

Solnørplassen.

Syd for elva på Solnørbakken. Der budde ein Johannes Johnsen og kone Berte Salmonsd. frå Kjønes. I 1837 døydde Johannes, og Berta gifta seg oppatt med Ola Paulsen Dalen, frå Lom.

Paul Gudbrandsen Kringen 1851–1931. 1880 g.m. Anne Marie Martinusd. Nedrehus i Nordal. 1846–1907.

Born: 1882 Ludvig. 1886 Lars Martinus.

Kart nr. 85

Apalvik gr. nr. 16

Ole Arnesen Abelvig, Husmand. 1718 soldat i Søndmørske Compagni under Capt. Rømer. 1800 Amund Olsen, pladsmand. Iver Samuelsen Skodje f. 1828. g. i 1863 m. Olave Jakobstad. Skodjebakken, f. 1830. Brukte plass på Apalvikmyr. Flytta seinare til Nerem i Tresfjorden. Dei hadde sonen Hans Jakob, f. 1866.

Lars Olsen Abelvik, frå Vang i Lom, f. i 1850. Husmann på Apalvikmyr, g. i 1876 m. Ragnhild Larsd. Hølsbø, f. 1836.

Born: Lars Martinus, f. 1863. Hennar son. 1878 Gyda Lovise Marie.

Kart nr. 86

Fremmerlid gr. nr. 18

Johan Asbjørnsen Beite, f. 1824. Gift i 1847 m. Berte Jørgine Olsd. Fremmerlid f. 1825.

Born: 1846 Ole Andreas. 1849 Kristine. 1852 Johanne. Berte g. 2. g. i 1859 m. Erik Nilsen frå Sætre i Grytten, f. 1839.

Born: Johanne f. 1858. Dei flytta seinare til Store-Fylling.

Kart nr. 87

I Fremmerlid budde ein Anders Hansen (Døve-Andreas). Han åtte eit jordstykke og ei stove der som hytta til Vogt-Svendsen er. Andreas hadde ein skogteig til hogst på si levetid, av Petterbruket på Fylling. Andreas testamenterte alt han åtte til Lars Fremmerlid.

1882. Lars Sivertsen Fremmerlid f. 1849 g.m. Anne Thormodsd. Skod-

je, f. 1851. Han var frå Vågsplassen. Born: Sverre Bernhard f. 1883, d. 1905.

Lars Thormodsen Fremmerlid f. 1856, gift i 1887 m. Ane Jonsd. Lars Thormodsen var frå Røane. Born: 1891 Thomasine. 1893 Hansine, 1894 Hanna. 1895 Thormod. 1897 Johan. 1899 Tora.

Kart nr. 88

Midtlid gr. nr. 19
Plassfolk i Midtlid.

Peder Olsen Midtlid, f. ca. 1767 d. 1837. g.m. Brite Olsd. f. ca. 1760 d. 1839. Born: 1801 Anne. 1806 Jakob. 1807 Birte. Nils Olsen g.m. Inger Petrine Gundersd. Born: 1824 Elias Martinus.

Kart nr. 89

I ei stove aust for husa i Midtlia, budde ein mann som vart kalla «Stor-Kristian». Tormod i Sjurslia og Stor-Kristian bar med seg ei kastenot fram i Mevatnet, og der tok dei så mykje fisk at dei salta ned ei heil tynne.

Kart nr. 90

Ole Martinus Tormodsen Midtlid, f. 1792. 1816 g.m. Synneve Olsd. Øye, f. 1786. Dei budde i Øye, og seinare på ein plass vest for husa i Midtlid. Foreldra til «Rø-Tormod».

Kart nr. 91

Olaplassen

Ola Jakobsen Lyshagen, frå Kvikne i Nord-Fron f. 1854. 1883 g.m. Berte Petersd. Ytrelid f. 1857.

Born: 1883 Peter. 1885 Rebekka, d. 1887. 1887 Johan. 1889 Oluffa. 1890 Petrine. 1893 Anna. 1898 Rikhard. 1899 Marta. Dei budde først i Grindvik. Peter var fødd i Ytrelid, og i 1885 var dei busett i Midtlid. Ola tok hamnet etter plassen han budde på, som var det vanlege den tida. Ola var murar av fag.

Kart nr. 92

Lars-Peter plassen

1865 Skjæresliber (omreisende), Lars Peter Eriksen Ulvestad, f. 1833. g.m. Ingerid Gustavsd. f. 1843. Dei hadde åtte born, fødd på ymse stader. 1870 i Sundsbakk, Josefine. 1872 i Grindvik, Anton. 1874 i Midtlid, Ludvig. 1877 i Midtlid, Peder. 1879 i Skodjevåg, Peter. 1882 i Birkelo i Gloppen, tvillingane Lovise og Olave. 1884 i Grindvik, Laurits. Lars Peter døydde på Molde i 1884. Dyra dei fora hadde dei i kjellaren.

Kart nr. 93

Skodjevåg gr. nr. 17
Britplassen

Plassen låg i bakken aust for elva, ovanfor vegen til Solnørdalen. Vi veit ikkje mykje av folket der, men plassen måtte no heite etter ei brit.

I 1828 vart Lars Karl Toresen Skodjevåg, f. 1805, gift med Brite Torstensd. Villa, f. 1795. Det kan tenkjast at plassen har namnet etter henne. Far til Lars Karl, var Tore Knudsen Skodjevåg f. 1776 – d. 1805.

Vågsplassen

har alltid vore særskilt matrikulert bruk, og kjem med i gardssoga.

Kart nr. 94

Jensplassen

1877. Jens Ingebriktsen Skauevåg, f. 1853. Han var frå Valldal. g.m. Ingeborg Paulsd. Indre-Skaue (Bøen) f. 1856.

Born: 1876 Peder. 1878 Ingebrikt. 1881 Ole. 1883 Anton. 1886 Gunder. 1887 Anna. 1891 Olaf. 1839 Jenny. 1896 Nils. 1898 Olave. Plassen vart seinare frådelt som eige bruk.

Kart nr. 95

Ytrelid gr. nr. 20
Øvrebøen

Peter Andersen Ytrelid f. ca. 1818. Han var frå Helset i Sunnylven, g.m. Anne Olsd. Korsbrekke, f. ca. 1816.

Born: 1849 Lovise, fødd i Sunnylven. 1854 Anders. 1857 Berte. 1865 Hanna. Plassen vart seinare frådelt som eige bruk.

Kart nr. 96

Indre-Skodje gr. nr. 21.
Johansplass seinare Lundbø

Plassen låg på utmarka og var utgått frå desse bruka på Indre-Skodje: Sjurgarden, Audungarden, Olivergarden, Røane og Bakken. Bygsel frå 1861. Plassen grensa i aust til Midtlid. Frådelt som eige bruk i 1895. Johan Endresen Sundsbakk og kone Gjertrud Gregoriusd.

Born: 1862 Karl Johan. 1867 Johanne Marie. 1891 Karl Johansen Skodje, Lundbø, f. 1862, g.m. Berte Petersd. Leite, f. 1857. Born: 1891 Johan. 1894 Peter. 1896 Gudrun. 1899 Kristofa.

Kart nr. 97

Gregoriusplass
Plass under Olmanngarden gr. nr. 21 –7.

Gregorius Ingebriktsen Valldal f. 1846 og kona Olave Ingebriktsd. f.

1840. Dei kom til Skodje i 1874–75. Festesetel frå Amund Kristensen Skaue i 1869.

Born: 1868 Inger. 1870 Ole. 1875 Ingebrikt. 1880 Magnus. 1884 Gyda.

Gregorius var flink garnbøtar. Tok seg heim arbeid frå Ålesund. Plassen er no utlagt til tomter.

Kart nr. 98

Samuelsplass

Plass under Knutgarden på Bøen (Olivergarden) gnr. 21–11. Plassen låg ovanfor bygdevegen, om lag der Karl P. Skodje har eigedomen sin. Der budde Samuel Halstensen og kona Sigrid Larsd. Han var frå Storstein i Sunnylven. Han hadde før vore forpaktar på prestegarden. Han hadde sonen Iver som var gift m. Olave i Skauebakken, og dottera Marte, som vart gift i 1866 m. plassmann Arne Ingebriktsen Emmedal frå Stranda.

Kart nr. 99

Skuleplassen.
Plass under gr. nr. 21–1 Sjurgarden.

Knut Larsen Gudmundset. Han var skulelærar i 51 år frå 1823–1874. Han var gift med Sissel, enkje etter Jakob Magnussen Skauebakken. Etter jordskiftet kom plassen under Bøen, og dei brukte to jordstykker av Sjurgarden so lenge Knut Gudmundset sat med plassen. Stova til Knut vart seinare seld til Fylling.

Kart nr. 100

Iverplassen.
Plass under gr. nr. 21–1 Sjurgarden.

Plassen låg nedanfor klokkargarden, og grensa mot aust til Nygjerde. Iver Olsen Skodje f. 1832, gift 1862 m. Laurentse Asbjørnsd. Beite, f. 1833. Han var frå Digernes. Dei budde ei tid i Straumen, seinare var dei forpaktarfolk på prestegarden, og so fekk dei seg plass under Sjurgarden.

Born: 1862 Sivert, d. 1866. 1864 Oline. 1867 Sivert. 1870 Hansine. 1873 Ingeborg. Ho vart misjonær. 1876 Petrine.

På Bøen var det ein husmann i 1750. Han kom bort på sjøen saman med Lars Olsen frå Olmanngarden. I kyrkjeboka står dette om dei: «Lars Olsen Inderskoye, 42 år, og husmand Lars Styrkersen Skauebøen, 34 år. Disse to druknede ved Tendøen på sin ferd til Molde.»

Kart nr. 101

Plass i Skauebakken.
Bakken gr. nr. 21–13.

Plassen låg ovanfor tunet i Bakken.

1790 er Nils Knutsen Hatlen frå Ørskog g.m. Marte Larsd. Skauebakken.

Born: 1791 Jørgine. 1794 Berte. 1800 Karoline. 1796 Jakob Pedersen Hildremyr, g.m. Synneve Larsd. Skauebakken.

Born: 1797 Anne. 1800 Endre. 1803 Endre. 1806 Andreas. Nils Knutsen var truleg plassemann, for i 1801 er Jakob Pedersen oppført som gårdmann i Bakken. Truleg var Jakob plassemann etter at det kom nye folk i Bakken, frå Sunnylven.

Kart nr. 102

Simengjerdet

Plass under gr. nr. 21–7 Olmanngarden.

Husmannssetel i 1886 frå Amund Kristensen Skaue. 1879 Murer Amund Olsen Enebo, frå Lesja, f. 1848. g.m. Karen Simonsd. Indre-Skodje, frå plassen «Fagerrosten», f. 1848.

Born: 1867 Johanne, hennar dotter. 1880 Oleanna. 1881 Ole. 1883 Sivert. 1885 Petrine. 1887 Henrik. Johanne gift i 1898 m. Karl Olsen Sæter, Ålesund.

Kart nr. 103

Bertelplassen.

Ytre-Skodje gr. nr. 23.

Peder Bertelsen Ytre-Skodje g.m. Brite Jonsd.

Born: 1780 Else. 1783 Bernt. 1784 Jetmund. 1787 Berte. 1789 Anne. 1792 Nils. 1796 Petrine. 1799 Ragnhild.

Jetmund hadde i 1809 dottera Johanne m. pige Inger Johnsd. Abelset. I 1810 vart han gift med Annike Arnesd. Ytre-Ekroll, og flytta til Alvestad. Anne gift i 1826 m. Ole Olsen Aarvik. Ragnhild var ikkje gift. I 1826 fekk ho sonen Peter Elias, og i 1840 sonen Britanus, m. Hans Knudsen Helset. Martinus budde seinare på ein plass nede ved vatnet under Stige.

Kart nr. 105

Skodjereite gr. nr. 22.

Ole Bojesen Skøiereiten er 68 år. Har en søn Boje Olesøn Skøiereiten er 12 år, tjener Justin Øfre-Glomset og siges å være synsk. Dette er ca. år 1700.

Kart nr. 106

Nedre-Skodje gr. nr. 25

Fagerrosten. Plass under Skodje Prestegard.

Simen Martinussen Indre-Skaue, f. 1812, g. 1841 m. Johanne Salmonsd. Løset, f. 1812.

Born: 1841 Else. 1843 Knut. 1846 Martinus. 1848 Karen. 1851 Oline. Plassen vart seinare makeskifta med eit jordstykke som Sjurgarden åtte ved bygdevegen (Klokkargarden). Plassen vart ogso kalla Simenplassen.

Villemplassen.

Plassen var under Nedre-Skodje. I tillegg var kjøpt nokre teigar av desse gardane på Indre-Skodje: Olmanngarden, Sjurgarden, Audungarden og Knutgarden på Bøen (Olivergarden).

1833 Vilhelm Berntsen Nedre-Skodje, f. 1819, g.m. Berte Larsd. Ytre-Skodje f. 1795. Born: 1832 Birgitte. 1835 Amund. 1837 Petrine. 1874 Vilhelm g. 2. g. m. Synnøve Torsd. Greidung frå Stryn. 1864 Amund Vilhelmsen Nedrebø, f. 1835 g.m. Pernille Andersd. Øye, f. 1836.

Born: 1864 Vilhelm. 1866 Albert. 1868 Karl Britanus Peter. 1870 Peder. 1872 Anne. 1874 Johanne. 1875 Johan.

Kart nr. 107

Murvika.

Plass under Prestegarden.

Jakob Jonsen Ramstad g. 1848 m. Petrine Knutsd. Storhaug, f. 1820.

Born: 1847 Karoline. 1852 Olaus, d. 1853. 1853 Daniel. 1857 Karl. 1859 Karen. Jakob gift 2 g. m. Dorthe Petersd. Amdam. Daniel gift m. Oline Johannesd. Urkevig i Borgund. 1899 Johan Kristoffer Larsen Beite (Hølsbø). g. m. Anne Marie Klementsd. Rørhus i Sunnylven.

Høiås TREVARE A/S

Produksjon av DØRER og VINDUER

Spesialitet:

STJERNEVINDUET

SVORTA — Tlf.6240 SJØHOLT

Veganlegg — Fjellsprenging

Planering — Grunnarbeid

Egil Strømmen Maskinstasjon

Skodje — Ring tlf. 6334

Nose Hill distriktet
av Marie Ekrol

Det er no 150 år sidan imigrasjonen frå Noreg til Nord-Amerika tok til. John Ekrol, som eg seinare vart gift med, reiste frå Noreg i 1909, og kom til onkelen sin i Crokston, Minnesota. Vi to hadde halde saman i to år og vi lova å skrive til kvarandre. I Crookston fekk John seg arbeid på jarnvegen og ved sagbruk for 1,35 dollar dagen. Om vinteren vart han og fleire andre utan arbeid, og så tok han til på ein skule i Crookston.

I 1910 kom fleire unge gutar frå heimbygda vår *Skodje* over til USA., mellom dei Lars J. Ekrol, John P. Ekrol og Ole Tennfjord. Dei kom til Souris i Nord Dakota og fekk seg arbeid på farmane. John Ekrol arbeidde også ei stund på ein farm.

På den tida var avisene fulle av oppmodingar til unge menn om å dra til Canada og byrja med nydyrking og få seg farmar. Tre andre av venene våre kom også over på denne tid: Karl Eidsvik, Daniel Skodje og John R. Ekrol. Dei kom til Calgary, og sidan dei var tømmermenn, fekk dei seg arbeid med husbygging, og i 1911 var John og alle hans kameratar i Calgary. Den eldste, Karl Eidsvik, bygde heimen sin i Calgary og fann arbeid til dei andre her. Ei tid arbeidde dei for ein entreprenør og bygde Hudson Bay Company Store i Calgary.

Våren 1912 tok fire av desse gutane toget til Red Deer for å teikne seg for farmland. John Ekrol teikna seg for N.W. 10 – 37 – 8 – 4, Ole Tennfjord for S. W. 16 – 37 – 8 – 4 og Lars J. Ekrol og «Little John» P. Ekrol for eit stykke, to mil nordanfor. Utpå sommaren kom dei med toget til Coronation som var endestasjonen på jernbana. Frå Coronation gjekk dei til fots ca 25 engelske mil på ein dag til Ole Walhovds heim, syd for Nose Hills, og morgonen etter fylgde Ole dei ut for å lokalisere områda dei hadde sett seg ut. Graset var svært høgt, og til å finna merka her i «ingenmannsland» var ikkje lett. Frå toppen av Nose Hills, der fjernsynstårnet no stend, var utsynet mot vest endelause åsar og open prærie so langt auga kunne sjå. Her hadde ingen vore og dyrka, og ingen hadde slått seg til her. Etter ein lang og heit dag kom dei attende til Ole sitt «tømmerskur», og sov på golvet der. Neste dag gjekk dei til fots tilbake til Coronation og tok toget attende til Calgary.

Om hausten måtte karane attende til dette distriktet, for dei måtte bo 6 månader om året på farmlandet sitt for å få kjøperett. Alle tre måtte bygga seg ei hytte. På den tid hadde jernbana kome så langt som til Veteran, så

dei kunne kjøpa timber der, men nokre av dei sette opp jordhytter til å byrja med.

Johan hadde 60 dollars i lomma etter han hadde bygd den 12 x 14 fots hytta si, og dette skulle vara heile vinteren.

Der ute på prærien var der ikkje vegar og ikkje gjerder, dei kunne bruke ridehestar her, men til det ville dei trenga både låvar og uthus. So inntil dei kunne få opp dette, måtte dei gå til fots over alt.

Johan Petersen Ekroll, f. 1891 i Skodje. Utvandra 1908 til Alberta Canada. Tok seg farm, men det vart hardt slit for ein ungdom. Han møtte som dei andre mange motgangar. Det er fortalt, at han var ein triveleg og hjelpsom ungdom. Men i 1918 døydde han av Spanske-sykja som då herja mellom ungdomane i Alberta.

Om våren fekk John seg arbeid hjå Smith og John Ranch, to mil syd frå farmen sin. John arbeidde der i to somrar. Seinare fekk han seg arbeid hjå Mr. Zeedyke, og medan han var der, fekk han låna utstyr til å dyrka og bryta opp jord. Han betalte Zeedyke for å få låna hest og plog og då han drog heim til hytta si, var han svært glad for ein sekk poteter Mr. Zeedyke hadde gitt han.

I 1912 kom mange nybyggarar til distriktet. Ein av desse var Richard Lewis frå Hull i England. Dei hadde fem born, sonen Frank var John sin næraste nabo, og dei var mykje saman. Den eine dottera, Kathleen vart gift med Lars J. Ekrol, men omkom i ei ulukke i 1924. Ho skulle eit ærend til handelsmannen og måtte bruke ridehest.

Mellom dei mange nybyggarane frå ulike kantar, var der også ein frå Finland, John Borg. Han var ein iherdig kar og sparte seg aldri. Han gjekk barbeint attom plogen støtt. Han vart ikkje lenge her, han selde farmen i 1921.

Ein annan nybyggar var Georg Aarhus. Han brukte oksespann når han pløgde, men hadde ikkje nok fôr til oksane om vinteren, så dei var radmagre. George måtte få naboane til å hjelpa seg med å få ut dei utsvoltne krøttera om våren, dei kunne knapt fota seg. Dette vart ei dagleg rutine i vårknipa, men eit lyspunkt også for dei unge nybyggarane, for George var ein god kokk. Dessutan hadde han ein grammofon, og med Vesle-John Ekrol i selskapet, mangla det ikkje på underhaldning! Vesle-John var full av liv og godt humør. Diverre så varde ikkje moroa lenge, – oksane dauda.

Frå Valdres kom ein mann, Knut Robley, og kjøpte ein farm av ein engelskmann. Han fekk seg også opp ei jordhytte, men i 1928 kom systera Anna frå heimlandet og skulle slå seg til hjå han. Då fekk han seg opp eit skikkeleg hus. Knut var ein moralsk og fin kar, godt humør og ein god nabo. Seinare slo han og systera seg til i Veteran. No er dei båe vandra bort.

I 1916, då spørsmålet om kvar skulen skulle plasserast reiste seg, vart det noko konflikt omkring dette. Her var det to grupper av farmarar, dei som høyrde til i Nose Hill og dei i Casebyville, og det var ikkje lett å ta ei

Johan Petersen Ekroll, f. 1891 i Skodje. Utvandra 1908 til Alberta – Canada. Tok seg farm, men det vart hardt slit for ein ungdom. Han møtte som dei andre mange motgangar. Det er fortalt, at han var ein triveleg og hjelpsom ungdom. Men i 1918 døde han av Spanske-sykja som då herja mellom ungdomane i Alberta.

avgjerd. Løysinga vart eit kompromiss. Skulen vart bygd ved foten av Nose Hill, ved hovudvegen, og båe partar var nøgde.

I 1914, da den 1. verdskrigen braut ut, vart alle unge menn innkalla, og skulle møta i Coronation. Dersom dei hadde farmar, eller jordbruksmaskinar, vart dei sendt heim inntil vidare, og John Ekrol var ein av dei.

I 1917–18 herja spanskesykja over prærien, og nesten alle unge menn fekk henne. Det såg ut som om dei unge mennene fekk den lettare enn andre. Eldre menn køyrde rundt i landet for å ta seg av dei unge som låg sjuke rundt omkring i hyttene. Mannen min fortalde at han skulle aldri gløyma den gode, varme «supakoppen» som ein nabo kom med då han låg sjuk og hjelpelaus i hytta si.

Epidemien var so alvorleg at den nye skulen i Veteran måtte takast i bruk til sjukehus. Alle dei fire gutane som kom ut frå Noreg vart liggande der i spanska. Vesle-John, den kvikkaste og livlegaste av dei alle, døydde der. Det tok lang tid før dei andre kom seg til krefter igjen.

Som om spanska ikkje var nok, måtte nybyggarane også igjennom endå ein motgang. Den 16. juli fraus heile avlinga. John Ekrol hadde dette året svært gode utsikter for kveiteavlinga si, og hadde planar om å reise til heimlandet etter innhaustinga. Dette kunne naturlegvis ikkje verta noko av då.

I 1919 slo avlinga til, og farmarane var heldige og fekk avsetnad på kveita. Det leid langt ut i november før Nils Raniseth og John Ekrol var ferdige med innhaustinga og kunne seta kursen heim. Dei nådde så vidt

den siste passasjer-båten som skulle seta ut frå St. John før jul, så dei var ute i Atlanteren i jula. I dei dagar tok det lang tid å reisa, så det var ikkje før over nyåret at John nådde Ålesund, og Nils Raniseth nådde Valdres, der han kom ifrå.

John og eg vart gift i 1920, og var på veg til Canada i slutten av september. Vi reiste frå Ålesund den 16. september med C.P.R. linja, og måtte vera i Bergen i 3 dagar før vi kom oss vidare. Dette hende også då vi kom til Liverpool, så hotella tok sanneleg sin del av billettane våre! Sjøreisa over Atlanteren var uroleg, så eg var nokså sjøsjuk, og eg hadde faktisk berre to måltider om bord. Men eg tok det att då vi kom på land.

Det tok fem dagar med toget frå Montreal til Veteran. I alle dei små byane la eg merke til at der var ein kinesisk restaurant og ei lita plattform eller perrong. Det same var der i Veteran, men her var det meir av den vestlege atmosfæra. Der var plakatar utanfor Brattons sin butikk og ein stor brunn med ein vanntank midt i gata.

Der var mange møtt fram på stasjonen den kvelden vi kom, og då mannen min hadde vore i Veteran-distriktet i åtte år, var mange av hans vener der for å helsa på oss. Vi fekk eit rom på Hibbners hotell. Neste dag fekk vi vita at Knut Robley hadde treska kveite, og lagra den inne i John si hytte.

Mannem min hadde leigt ut farmen sin til Knut Robley, og eg *visste* at John hadde skreve til han og fortalt han at vi kom. Vi måtte då vera på hotellet ei heil veke til John kunne ordna opp med dette. Eg skreiv heim til våre og fortalde at vi var vel komne fram til Veteran. Men eg skal aldri gløyma kor dum eg kjende meg då eg skulle inn på butikken og kjøpa skrivepapir. Eg kunne ikkje engelsk! Eg kom inn i butikken, såg meg rundt, såg skrivepapir låg i hylla, gjekk bak disken og tok papir og konvoluttar, la pengar på disken, smilte til Mr. Hogarth som forsynte seg med dei pengane han skulle ha. I dei dagar lærte vi ikkje språk i skulen slik som dei gjer i dag. Det tar tid å læra eit framant språk, og det er ofte ein lang og prøvsam veg å gå, før du kan snakka med folk.

Marie Ekroll køyrer sin fyrste tur utover prærien 17. okt. 1920 mot farmen – snaudt, inkje folk, inkje hus. Dei ser sovidt i noko små hus langt, langt burte. Skal det verta heimen vår?

Dei ser sovidt i noko små hus langt langt burte. Skal det verta heimen vår?

Det var sundags morgon, den 17. oktober, at vi køyrde avgarde til farmen vår. Eg la merke til at den opparbeidde vegen berre rakk eit stykke forbi jarnbanelinja, resten av vegen nordover var berre hjulspor.

Langs ruta vår passerte vi fleire farmar, og John fortalde kven som åtte dei. Det var for det meste engelske namn. Fleire hadde pene nymalte hus, kvite våningshus og raude låvebygningar. På den tid var det svært lite av tre og buskar, så utsynet over den veldige prærien var storslege og ugløymande. I dei siste femti år har det vakse til med meir skog mot Veteran og Loyalist.

Ifrå det høge setet på kjerra vår kunne vi sjå vidt utover farmlandet rundt oss. Mange av dei farmane som vi for forbi har skifta eigar mange gonger.

Landskapet vart etter kvart nokså einsformig og audt, og farmen vår hadde også dette einslege draget over seg, berre den vesle hytta vår og noko stubbemark braut dei lange linjene. Vi nådde omsider farmen, og oppdaga at hytta vår endå var full av korn. Til slutt kom då Knut Robley med hestar og vogner for å få hytta tømt. Det snødde litt og vi sat på koffertane våre utanfor og åt nokre brødskiver vi hadde med oss frå Veteran. Eg kunne ikkje verta boren av mannen min over dørstokken, slik som skikken var, fordi vi måtte krypa inn gjennom vindauga! Den einaste døra i hytta var innebygd av eit lite bislag og då dette bislaget også var fylt av korn, var

Her ser ein Johan Ekrols farm og hus.

einaste inngangen eit vindauge som heldigvis var så stort at vi kunne krypa inn og attpå til få med oss komfyren, senga og koffertane våre. Mannen min fekk seta opp komfyren og pipa, og eg kosta ned av veggane og sopte golvet, og omkring midnatt kunne vi gå til ro.

Farmen vår var nokså tom for utstyr, fordi John hadde bedt ein Mr. Longheed å selja hestana, maskinane og utstyret hans medan han var i Noreg. Eg hadde nemleg overtalt mannen min til å slå seg ned i Noreg, men han fann snart ut at etter å ha vore her i over ti år, var det vanskeleg å slå seg til i heimlandet.

John lånte hestar frå Lars Ekrol i førstninga, slik at han kunne kjøpa seg utstyr og hestar i byen når det baud seg noko rimeleg. Vi måtte ha eit hus til vinteren, så John byrja å dra på tømmer frå Veteran. Vi leigde Ivar Robley og Vegger Myhre til å seta opp huset vårt, på to rom og kunne flytta inn til jul.

Vinteren 1920 var berr, utan snø, så eg trudde eg hadde kome til eit godt land. Vi spaserte til Lars Ekrols heim, til familien Lewis og mange gonger til skulen.

I midten av desember drog vi til brudlaupsdansen til Mrs. Merriken som vart halden på Nose Hill School. Ho heitte Ragnhild Olsen før ho vart gift og hadde norske foreldre. Familien Olsen budde i Avonlea-distriktet. Eg var veldig glad over å møta nokon som eg kunne snakka norsk med. Ragnhild presenterte meg for alle damene på denne dansen, og det mest interessante for meg var alle dei underlege namna. Den vinteren drog vi ofte til skulen på samankomstar av ulikt slag, – vi hadde møter, dansar, klubbar o.s.b. Av og til kom Mr. Merriken (Ragnhilds mann) og møtte oss på halvvegen med Forden sin.

Julefesten i 1920, som vart halden på skulen, var verkeleg ein jubileumsfest, fordi mange av veteranane hadde kome heim frå verdskrigen. Læraren hadde kjøpt små leike-trompetar for borna, og gleda stod høgt i taket.

Eg hadde blitt fortalt at vinteren 1919 var ein hard vinter med snø langt ut på vårparten. Naboen vår, Frank Jacamore, kunne fortelja at dei hadde køyrt til Veteran med hest og slede i mai månad.

I desse vintermånadene var det mange som misste både krøter og hestar i dei harde snøriene med storm og uver. Det var harde slag, og folk hadde lite pengar å kjøpa att både dyr og utstyr.

Den fyrste julaftan i det nye huset vårt ba vi til oss nokre av ungkarane der omkring. Juledag var vi bedne til familien Lewis. Eg var ein tagal gjest, eg kunne ikkje snakka engelsk. Etter middagen spelte Mrs. Lewis julesongar på orgelet. Eg måtte berre svelgja ein klump i halsen – eg kunne ikkje ta del i dei for meg ukjende songane.

Hausten 1920 kjøpte vi meir land nord for eigedomen vår. Det var ope land, utan gjerder, slik at heste- og krøterfolkkar kom hit for å finna vatn frå elvar og tjørn. Det var artig å sjå hestane koma i lange, endelause rekker til kjeldene og så trekke vestover og heimover slettene, til der dei høyrde heime.

Den første mars 1921, såg eg at Doktor Little frå Veteran drog forbi med hesteskyss for å sjå til Mrs. Dodge, og eg visste at eg skulle bli neste pasienten hans! Det første barnet vårt vart fødd heime på farmen og dr. Little tok imot det. Eg hadde spurt naboen vår Mrs. Lewis å vera hjå meg i ti dagar. Ho var eit godt og snilt menneske og alt gjekk vel.

Når våronna var unnagjort, fekk vi låna Merrikan sitt store treskeverk til å flytta husa våre lenger nord på farmen. Vi kunne då bryta opp resten

Dette var den dagen Randi var døypt.

av jorda her, og beite på den andre delen. Vi hadde ingen brønn før i august, så vi måtte bera vatnet frå bekkar lenger oppe. Den sumaren fekk vi også gjerda inn tunet, beitemarkane og jordene. Vi kjøpte ei brukt barnevogn, slik at eg kunne ta med meg barnet ut og hjelpa John med å strekka gjerder.

Den fyrste sundagen etter at vi hadde flytta til den nye plassen, og medan huset vårt enno stod på lunnar, kom det mange og vitja oss. Dei kom køyrande eller på hesteryggen. I vogn kom Ole Walhovd og dei tre borna, Mary, Thorleif og Torstein, dessutan familien Raniseth med borna sine, Ingeborg, Harald og Alma. Til hest kom Ivar Venaasen, Vegger Myhre, Ivar og Knut Robley, Anders Ellestad, Julia Bakken og Anna Gunvaldsen. Vi var veldig glade fordi dei kom, og seinare var vi mykje saman med desse. Mr. Raniseth døydde i 1923.

På denne tid hadde vi ikkje anna framkomstmiddel enn hest og kjerre, så eg var glad kvar gong Mr. og Mrs. Elling Johnsen kom med Forden sin og tok meg med til byen. Mr. Johnsen hadde kome ut frå Noreg, og Mrs. Johnsen hadde kome til Canada frå Statane. Dei hadde tre døtre, Mabel, Evelyn og Irma. Dei vart ikkje lenge verande i distriktet. Dei selde farmen til Arthur Johnsen og flytta til Alberta.

På ein marknad kjøpte vi ein hest og ein karjol. Hesten var trena til riding, og «Lady» vart ein framifrå ridehest for meg, og gjorde det mogeleg for meg å koma meg meir ut. Med denne hesten og den lette karjolen kom vi oss til kyrkje, på turar og på besøk til naboane.

Kvart år kom folk frå mange kantar saman ute i det fri. Slik var 3. juni ein fast dag for slike samankomstar. Då møttest dei frå Veteran, Talbot,

Ridehesten til Marie. Ein trygg hest.

Lakesend, Neutral Hill og heilt frå Coronation. Dei kom ridande og køyrande, og vi hadde mykje moro, leikar, konkurransar, ridning, symjing – og siste nummer på programmet var å fanga ein olja gris!

I 1923 var avlinga svært god på nydyrkingsfelta, men året etterpå vart den øydelagd av sennepsfrø som blei ført av vinden over prærien. Ein eller annan staden dyrka dei sennep, og frøet kom som støvskyer og la seg over kveiten. Men så nokre år framover hadde vi bra avling.

I 1924 byrja vi å plante eit vernebelte rundt gardstunet vårt. Vi tinga planter frå Saskatchewan. Det var ikkje spørsmål om å leiga hjelp til dette, så mannen og eg fekk det travelt med dette. Eg fekk jobben med å grava mold rundt trea.

Etter kvart vart landområdet utbygd, folk gifte seg og fekk familiar og det vart meir og meir «liv og rørelse» rundt om på haugane og over viddene. Marie Fleming, lærerinna på skulen gifte seg med ein Henry Davies. Vi drog til brudlaupet, henta Ole Tennfjord på vegen og drog til Merriken sin farm der dei nygifte var. Kvelden starta med at alle bilhorna tuta, klokker ringde og det var jubel til høgt under taket og langt på kveld.

Sidan vi var norske, var det kjærkome for oss å møta folk frå heimlandet. Nordanfor Throne, Alberta, var der eit norsk settlement, og der hadde vi nokre norske vener. Dei fyrste norske nybyggjarane kom anten frå Noreg eller frå Statane og det var ikkje så få av dei rundt Throne og syd for Nose Hill. Dei fleste hadde familiar, men andre var ungkarar.

Kyrkja dei bygde seg. Den er lita, men pen. Alle er glad for at dei evna å bygge den.

I 1916 grunnla norske nybyggjarar St. Olafs Lutherske menighet, som var tilknytt den Amerikanske Lutherske kyrkje. Presten kom frå Monotor, Alberta. Eg vart med i kvinneforeninga i 1922, og vi møttest regelmessig for å samle pengar til eit fond som skulle vera til å reisa ei kyrkje. I dei fyrste åra vart gudstenestene haldne på ein skule nord for Throne. Skulen heitte Pleasant Height School. Jentene våre vart døypte der, Randi av Pastor Sætre og Anne og Pastor Johnson.

Kyrkja dei bygde seg. Den er lita, men pen. Alle er glad for at dei evna å bygge den.

Hart School vart bygt i 1929, og då hadde vi gudstenestene våre på *den* skulen. Robert vart døypt der av Pastor Johnsen.

Mellom medlemene av kyrkjelyden i dei fyrste åra var dei tre Bakkenfamiliane, to familiar Rødvang, to Belsheim, to Walhovd, to Raniseth, to Robley og to Ekrol-familiar. Så familiane Einar Skulstad, Lars Larsen, Olav Garstad, Halvard Brujord, Nils Ellestad, M. Kvatums og Sverre Bye.

I fyrstninga vart gudstenestene haldne på norsk, men då borna våre gjekk på engelske skular, vart det bestemt at sundagsskulen skulle vera på engelsk. Det vart også bestemt at det skulle vera fast sundagsskule med konfirmasjonsopplæring og konfirmasjon kvart fjerde år.

Planen var at menigheten skulle byggja ei kyrkje i Pleasant Height, og dei kjøpte tomt der. Men i depresjonstida begynte folk å fråflytta dette strøket, så den største del av menigheten bodde nordanfor Nose Hill.

På eit menighetsmøte hadde vi pastor Egedal frå Provost hjå oss for å sjå på planane. I meir enn tjue år hadde vi no hatt gudstenester rundt omkring

på forskjellige skular. I dei «tørre åra» hadde planane om ei kyrkje verka så langt unna. Men no vart det endeleg vedteke at vi skulle gå i gang, for vi hadde tilbod frå Olav Garstad om ei fin tomt på 5 acres ved foten av Nose Hill.

Åra 1935–38 var avlingane dårlege og farmarane syntes å ha betre tid enn dei har no, så mennene kom saman for å byggja kyrkje. Lars Larsen og Oluf Walhovd var bygningsmenn og teikna planane og medlemer av kyrkjelyden hjelpte til med tømmermannsarbeid så ofte tida strakk til. Kvinnene kom med mat. Naboane våre, Elmer Longheed og Frank Lewis, ville også hjelpa til, så dei drog til kyrkjebygget fleire dagar saman med mannen min.

I 1939 vart kyrkja vigsla, «tørketida» var over og vi var velsigna. På V. dagen i 1945, var det takkegudsteneste i kyrkja og den var fylt til trengsel av folk frå mange kyrkjesamfunn.

Frå 1925–29 var gode år med rik haust og då Alberta Kveite Silo vart grunnlagd i 1923, fekk farmarane større forteneste av avlinga. Vi hadde ulike treskemaskinar kvart år. Desse åra var der berre vanlege treskeverk med ei maskin og ein separator. Det var før vi fekk skurtreskarar.

Hausten 1926 drog Lars Ekrol og Ole Tennfjord til Noreg. Ole hadde ein kjærest der og hadde planar om å gifta seg, men etter ei sterk influensa døydde han den vinteren. Før han reiste, hadde han avtalt med John om å sjå etter hestane og eigedomen og få avlinga i hus. Men Ole kom ikkje att. Lars Ekroll vart i Noreg eit år, han hadde leigt ut farmen sin. Han hadde også ei jente i Noreg, som kom til Canada i 1935. I dei åra før han gifte seg omatt, hadde han Olava Bye som husholderske, og dottera Odrun budde der også.

Dei fyrste åra eg budde i Nose Hill var til dels vanskelege, eg kunne ikkje språket, og vi hadde ikkje telefon. Der var eit bibliotek på skulen og det hjelpte noko. Dessutan fekk eg lokalavisene heimanfrå, men dei las eg ferdig på ein kveld. Eg kom frå eit triveleg miljø i Skodje, der det var ungdomslag, songkor, hornmusikklag og mange andre ting. Eg sakna dette svært i fyrstninga, men etter eit par år i Canada, kunne eg lesa bøker frå biblioteket og canadiske aviser og vekeblad. Mannen min heldt «The Saturday Evening Post», og det kontakta oss med verda utanfor.

Hausten 1925 kjøpte vi ein brukt bil i Veteran. Det var ein «Overland» og vi betalte 500 dollars for den. Vi hadde den til vi kjøpte ein ny sommaren 1928. Dei fleste farmarar hadde no bilar eller lastebilar. Men vegane var elendige, så det var lett å ruinera ein bil i dei djupe hjulspora og gjørmehola.

Noko vegarbeid hadde blitt gjort av hest og mann, men om våren i teleløysinga var det like ille. Det var ikkje før i femtiåra, då skulane vart sentraliserte, at vegane vart forbetra. I depresjonsåra var dette strøket skissert som «spesielt område», og det vart bevilga svært lite pengar til vegar.

Ettersom åra gjekk, nådde mange farmarar aldersgrensa, selde farmane sine og flytta. Robert Ekrol kjøpte då farmen til Mr. Lewis.

Alt frå 1921 hadde vi United Farmers (bondelag) i Alberta, også bondeungdomslag og bondekvinnelag. Møtene til kvinnelaget var rundt i heimane. Kvart år hadde desse laga større samlingar og konferansar.

Vi bodde tre engelske mil frå skulen og borna våre måtte anten gå, ri eller køyra til skulen når veret var bra. Var det dårleg ver, brukte vi lastebilar til å frakte dei med. Alle klassar frå 1. klasse til 10. klasse gjekk på same skulen. Og i depresjonsåra fekk studentar også hjelp av lærarane her.

Lærarane her gjorde eit godt og verdifullt arbeid. Kvart år hadde dei julefest for borna, kjøpte presangar til dei og dei hadde dårleg løn på toppen av det heile.

Lærarane hadde ca. 600 daler i året og utav desse pengane gjekk 200 dalar til kost og losji. På ein skule var det to unge lærarar som delte ein post og løna, framfor å la den eine gå utan arbeid.

Vi hadde den ordning med staten at skattebetalarane hadde læraren i huset for 20 daler i månaden, og fekk dette som avdragspost på skatten. Lærarane budde hjå forskjellige huslydar kvar månad. Vi ville så gjerne ha stelt det så mykje betre for lærarane denne tida, gitt dei betre mat og husvære. Men det var lite pengar, vi levde av det vi dyrka på farmen.

I dei dagar var det fleire farmarar rundt Neutral Hill enn i dag. Ein av dei var John Brandvold, frå Østerdalen. Han åtte eit stort stykke land og masse kveg. Han såg riktig ut som ein baron med det raude hovudplagget og den staselege trøya, når han kom ridande på den svarte hesten sin. Han var ein dugande farmar og hadde leigefolk. I dei siste åra sine studerte han spiritisme som han var svært interessert i. Eitt år reiste han til Noreg og Danmark, og han fortalde meg at han hadde studert spiritisme hjå dei mest framståande spiritualistane i Skandinavia. Medan han var burte, var dei to leigdekarane hans vettskremde fordi dei såg og høyrde han over alt. Vi hadde våre eigne meiningar om dette, mest truleg hadde dei teke litt for mykje av det »sterke» og dette sette fantasien i sving. John Brandvold var nesten åtti år gamal då huset hans brann ned, og han sjølv omkom i brannen.

Borna og eg drog ofte saman med mannen til Neutral Hill og Nose Hill for å henta brensel. Det var ein fin tur om sommaren. Eg brukte alltid å baka brød og eg bakte brød også for ungkarane av og til. Om sommaren mjølka vi kyrne og lagde smør som vi selde til naboane.

Mr. og Mrs. Sverre Bye vart våre naboar i 1929, då dei kjøpte farmen av ein av farmarane der. Borna deira gjekk på skule saman med borna våre.

I krigsåra vart bondekvinnelaget omskipa til Røde Kors. Alle medlemer møttest på skulen kvar laurdag for å laga klær og utstyr som skulle sendast til soldatane. I Veteran hadde vi eit depot som sende det vidare.

Lars og Olivia Ekrol. Dei hadde stor farm, ca. 6000 mål stor.

HØYRT OG SETT

Som før fortalt vart kyrkja til Norsk-amerikanarane i Veteran bygd i tida 1936–1938. Dei var samde om kyrkje-staden. Dei fleste farmarar kunne – heime – sjå kyrkja si frå farmen.

Det kom ei sekt og fekk setja seg fast der. Desse var ikkje interessert i Luthersk Kyrkje, men i å kjøpa farmland til fellesdrift. Dei var dyktige farmarar og kjøpte opp alt godt land som vart ledig. Dei hadde 1 kjøken, men eit spiserom for menn, eitt for kvinner og eitt for born. Alle mannfolk gjekk likt kledd, sameleis alle kvinner.

Desse folka åt seg nærare og nærare kyrkja. Og det vart slik, at kyrkja vart ståande i eine hjørnet av sognet. Av den grunn fann dei å måtte prøve å flytte kyrkja, sjølv om dei hadde kyrkjegard der. Dei fekk so kjøpe seg ny tomt, og flytte kyrkja heil, burtsett frå tårnet som dei tok av. Denne flyttinga vart gjort i 1963.

Kyrkja er 8,50 m brei og 11 m lang + sakristi som er 2,5 m langt og 5 m breidt. I andre enden er det ein inngang av same storleik. Dei hev ei pen altartavle, måla av Hans Holmen, som var fødd av norske foreldre og budde ca. 70 mil sørvest for Veteran. Motiver for tavla er:

«Jesus stend for døri og bankar.»

Døypefonten vart laga av Oluf Walhovd – ein utvandrar frå Gudbrandsdal. Det var ei lita pen kyrkje og dei var mykje glad i den. Dei hadde

sjølve kosta den, og sjølve leigde dei prest. Den presten dei hadde heitte William Flath.

Dei 2 gutane frå Indre Ekrol – Johan Iversen og Lars Jakobsen, som vaks opp på Ekrol, gjekk på skule ilag i Engesetdal, vart i lag i Amerika, reiste til Alberta – Canada ilag, tok seg farm side om side. Dei sleit mykje der i Alberta og der døydde dei. Eg kom dit okt. 1967 for å vitja mi syster Marie som var gift med Johan Iversen Ekrol. Begge desse grannane Ekrol var då døde. Eg ville gjerne sjå gravstaden, men kyrkja var då flytta. Eg fekk sjå det eg aldri gløymer, her ute på Alberta prærie, låg desse naboane side om side – berre ei grav til eit stykke ifrå. Dei hadde vakse opp ilag, reiste ilag, lengta og budde ilag, sleit og hjelptest ilag – og no – kvile ilag.

Fred over deira minne!

For ca. 30 år sidan kom eit norskfødd ektepar og tok heimstad ca. 100 mil nord for Veteran. Der var heller ikkje vegar, og det vart lenge før dei fekk veg. Men dei ville gjerne verta med i kyrkjelyden.

Etter eit års tid fekk dei ei lita jente. Men den tid var det uråd å reise frå farmen, so jenta vart ikkje døypt. Det var ikkje greit – utan vegar – utan gjerde rundt farmen, inkje folk til å sjå etter farmen, dei mange dagane dei trengde til turen, for det måtte verta med okse- eller hesteskyss. Det måtte utsetjast. Denne lille jenta vaks no opp der i einsemda, men utvikla seg godt og det var bra utvikling med vegane og. Denne jenta vart gift og fekk ei lita jente ho og.

I mai 1977 var det gudsteneste i den Norsk-Amerikanske Lutherske Kyrkje i Veteran, og då var det påmeldt barnedåp. Det var denne farmarjenta som budde så langt – langt nord, men no var ho koma for å få døypt si småjente – men ho bad om å få bli døypt f y r s t sjølv – og so barnet sitt.

Desse utvandrarane sa det, at det er «høgt under taket» utpå prærien i Alberta, men den dagen var «himmelen nær».

Fortalt

Ellinor R. Merriken kom saman med sine foreldre til Alberta og tok homested v/Nose Hills Country – 18 mil øst for byen Coronation, ca. 18 mil frå handelsstaden Castor – der jernbanen slutta då.

Inn under jul drog Ellinor og faren til Wheatbilt – ein av dei nye stasjonsbyane for å proviantere. Dei drog med oksar. Dei var berre so vidt byrja på heimvegen, då dei fekk ein forferdeleg snøstorm. Oksane vart vanskelege og ville berre gå i feil retning, sjølv om faren prøvde å gå ved sida av dei. Men å gå ved sida av dei var ikkje å halde ut i den snøstormen. Til slutt måtte faren gi opp, og dei la seg ned i sleden – tett saman – for å halde varmen, og pakka alt rundt seg som var i sleden. Oksane tok til å gå rett med vinden, med hovuda mot jorda. Slik gjekk det i fleire timar i sviande snøstorm. Og retninga måtte oksane få bestemme. Plutselig stansa oksane

og Mr. Merriken stakk hovudet ut for å sjå kva orsaka var at oksane stansa. Då fekk han sjå ei fjøslykt – og det var deira fjøslykt kona hadde sett ut, for om mogleg vera til hjelp i retninga – *dei var komne heim*. Oksane tok sjølve vegen heimatt.

Mest same oppleving hadde Johan Ekrol ein vinter. Han køyrde med hest til byen, men fekk snøstorm då han skulle heim. Det var uråd å ha berrt andlet – for det var livsfarleg å pusta inn den tette, fine *iskalde* snøen. Han måtte lita på hesten, og sjølv pakka seg godt ned i sleden. Slik gjekk det i mange timar. Men so stansa hesten. Johan prøvde å sjå ut i snøstormen – hesten hadde stansa i ly av ein stor høystakk – og når han såg nærare etter var det hans eigen høystakk, og den var ikkje langt frå stallen. Dei var berga både mann og hest. Dette var før han var gift – og det var is-kaldt i hytta då han kom dit.

Når eg i 1967 «dala» ned på fly i Edmonton i Alberta og vart køyrd med bil utover dette «præriehavet» Alberta i fleire timar, til dei norske setlarane, stansa eg der det var beste utsyn. Eg såg berre litegrand – men tenkte: «Her er det viljen det kommer an på.» Den som ikkje hev sterk nok vilje som farmar i Alberta, kan reise heimatt – fyrst best. Og dertil: Ein må vera budd på «å trøysta seg sjølv».

Åkrar på tusenvis av mål – kuflokkar på 100–150 pr. farm, ein eller to mann – isingar tidleg hausten – snøstormar vinteren – og ofte seine vårar –.

BRUNE, GNR. 57, BNR. 1 I SKODJE.

Matrikulert 1838 – 242 – 12.
Bruker Lars Larsen –
Gl. skyld 1 mark + 3
Skyld i 1977 – 0,77.

Dette bruk er truleg mellom dei tidlegaste busett i Fylling og Engesetdal. Det er øverste bruket i Brune-aasen, noko bratt, men sydvendt, hev forholdsvis turrlend mark med kalkrik jord, og sol heile året, so der var gode voner til modent korn og andre vekster. Dertil rikeleg med tidleg nyttbar utmarksbeite, og alt dette verdsette busitjaren mykje. Det var tungvint å kome dit, men ein kunne køyre dit med hest og slede. Skog til husbruk og brensel var det og rikeleg av. Gangsti og rideveg mellom Engeset og Skodje gjekk like forbi over Brunekleiva. Denne vegen kan ein kjend mann enno finna.

I Brunekleiva var det at Lars Paalsen Lille Engeset i 1741 fant den store sylvskatten, når han var på friarveg til Ingeborg Torsteinsdatter Store Fylling. Denne skatten hjelpte til, so han fekk gifte sin kjære Ingeborg Torsteinsdotter Store Fylling.

Bruket er ført i skattelister frå år 1600. Søndmørsmandtal (Giske Bønder) og låg under Giske–Godset – slik som dei aller fleste gardar i Valle og Grytten Skibsreider.

Ein kan enno ikkje sikkert tidfeste når den fyrste busitjaren kom. Men eit sagn hev gått på folkemunnar i mange hundre år, at her vart buset ca. 1340, like før svartedauden kom til bygda.

Det var ein velståande smed ifrå Stettebygda, som vilde røma unna svartedauden, og tok med seg heile huslyden og ein prest, og flytte til Brune. Dei bygde seg turvande hus og eit lite hus-kapel. (tufta viser enno etter dette huskapel).

Dei kom seg ikkje unna svartedauden, for sagnet fortel, at etter ei tid fann forbifarande folk – alle tilflytte – døde i kapellet, og vart gravlagt der.

Sjå meir om dette i Peder Fyllings Folkesagn og Optagelser.

Den fyrste registrerte brukar og skattytar i Brune er i året

1603 – husmann Knut Brune, leilendingsskatt med 2 ort.

1606 – Thorgels Brune, skattlagt for 1/2 vog fisk.

1612 – Same år er ført som husmand Knut Brune.

Same år er ført som husmand Ingebrigt Brune, 1 kalvskind i landskyld.

1628 – Kongelig majestets leding: Olaf Brune, 1 kalveskind ½ fjerding.

1628 – Tiende Oluf Brune.

1636 – Kongelig majestets leding Steffen Brune.

1658 – Kvegskatt-manntal. 1 hest, 6 nød, 5 gjeder, 4 får.

1666 – Størker Brune, 45 (manntal).

1624 – er ført under Ødegårdsmenn, enken på Brune.

1675 – betaler Steffen Brune, Kongelig Tiend og Kirkens Tiend med 1 pund og 4 mark.

1654 – Ole Olsen Brune, f. 1654, g. 1702, d. 1723. Kone: Berte Mikelsdtr. Born: Ole, f. 1704, Arne f. 1706.

1730 –Ingebrigt Iversen Brune. Born: Randi 1739, Anna 1745, Anna 1746, Randi 1745, Iver 1749 – Helge 1754.

1759 –Lars Olsen Brune, gift med Maren.

1761 – Jon Knudsen Brune 1761, g. m. Berte Hansdtr. Slettebakk. Born: Hans 1762, Ingebrigt 1764 – Marta 1767. Ivar nu tilhold på Vemøen.

1711 Ole Olsen og Kvinde betalte 12 skilling skoskatt (6 skilling av kvart par).

1770 – Ivar Eriksen Brune. Born: Anne 1772. Anna 1774 Inger 1778. Peder Wilhelmsen Brune. Born: Anders 1779. d. 1780.

1760 – Knut Simonsen Brune. Kone Synnøve Eriksdatter. Desse flytte 1804 til Grindvik.

1797 – Ivar Knutsen Brune, d. 1821. Kom frå Frøysalid, Sunnelven. Kone: Berte Hansdotter. Born: Anica f. 1807 – gift til Vemøya. Lars Larsen Brune, f. 1775, g. 1818 med Tyri Knutsdotter Store Fylling, f. 1792. Born Marie Lovise, f. 1819. Knut Britanus 1822. Anders Andersen Brune, g. med Anne Olsdtr. Born Anne Marie f. 1834.

Våren 1841 kom Jakob Johannesen Kjelstad, frå Sunnylven, og kona Brita Knutsdotter Røyrhus, f. 1814, han 42 år, ho 30 år. Dei fekk desse born: 1844 Anne Gurine, d. 1895. 1846 Knut Britannus. 1849 Johan. 1854 Jakob. 1854 døyde Jakob Johannesen 54 år gamal. 1863 vart Anne Gurine gift med Johannes Olsen Kjelstad, han 32 år gamal. Han var karde-makar. Knut Jakobsen vart g. til Åse i Borgund. (Kolbeinsbruket). Johan flytte seinare innatt på farsgarden, Helstad. Jakob vart buande i Ålesund.

Skjøte frå Peder Johnsen Fylling på denne gard til broren Elias Johnsen Fylling for 150 spd., dat. 26. oktober 1859.

Skjøte frå Elias Johnsen Fylling til Johannes Kjelstad for 215 spd. dat. 15. juli 1863.

Kårbrev frå Johannes Kjelstad til Brita Knutsdotter, dat. 12/4 1864. Anne Gurine Jakobsdotter f. 1844 og Johannes Olsen Kjelstad fekk desse born: 1869 Ole, d. same år. 1871 Oleanna Bergitte. Johan Brune? Jakob Ole Elias f. 1865. Johannes Olsen døde 1875.

Bygselseddel frå Skodje kommune til Johan Jakobsen Brune og kona for deira levetid på denne gard med rett for sistnevnte å få attendebetalt bygselsummen kr. 350,- om eigedomen skulle verta utløyst ved odel, dat. 6/5 1879.

Skøyte frå lensmann Johan Daae m/fullmagt at selja garden frå stud. J. Brune og Olianna J. Brune, til Skodje kommune denne gard for kr. 1535,- 24. mai 1897.

Jakob Johannesen Brune viste gode evner på folkeskulen, og hadde hug til å få gå skule når han vart konfirmert. Og han fekk gå so mykje skule at han vart immatrikulert som student i Oslo, og hadde sett seg som mål å bli prest. Men faren døde når Jakob var 10 år. Det vart vel det avgjerande. Mora – Anne var mykje glad over denne sonen som var so flink. Ho snakka ofte om son sin når ho trefte nokon, og sa, at det vert ein stor dag for henne når han vert ferdig som prest, og då truleg kan han få preika ein gang i Skodje kyrkje.

Dette var hennar store von. Men det skulle mange pengar til. Ho var enkje, men sleit og drog og bar i Brune – for ho dreiv gardsbruket. Ho prøvde å hjelpa sonene alt ho orka. Lånte pengar og kom i gjeld. Skatten vart ikkje betalt. Oleanne fekk seg teneste i Ålesund og sidan arbeid der. Det gjekk nedover med økonomien og med helsa til Anne. Til slutt måtte ho gi opp dette vesle tungdrevne gardsbruket. Innan kort tid døde Anne, 1895, utan å få høyre sonen preike i Skodje kyrkje.

1897 skreiv lensmann Joh. Daae – etter fullmakt av Jakob J. Brune og Olianna J. Brune, skjøte på gnr. 57, bnr. 1, Brune til Skodje kommune. Det vart eit hardt slag for stud. J. Brune og systera. Olianna var i Ålesund når den brand og miste alt ho eigde. Jakob vart ikkje prest – men fekk seg arbeid – bra løna – Riksarkivet – var forfremma og fekk ein mykje god stilling der. 1914 var han der og skreiv til nokon kjend i bygda her, at det er med interesse han handsamar folketellingar og ymse anna registreringsarbeid frå Skodje – for der ser ein mange kjende namn. Sjølv hev han visst ikkje vore til Brune, etter at mora døde.

1892 kom Jakob Laurits Knutsen Langeland f. 1860 og kona Ingeborg Sølfestdatter Fivelstad f. 1861, busette seg som brukarar i Brune, men flytta til Kassnes 1893.

Våren 1897 kom Johan Jakobsen Brune, og kone Stina, f. Langset til Brune for å drive dette bruk. Bygselsetel frå Skodje kommune vart skrevet okt. 1897.

Johan Jakobsen og Stina hadde desse born: når dei kom. Ole, utv. Amerika, Johanna J. utv., Berte, J. f. 1875, utv. 1901. Elise. f. 1880, Josefine Petrine J. f. 1882, utv. 1901, Jakob i Ålesund f. 1884, Karl J. F. 1886, utvandret 1904, vart prest i USA. Elias døde ung. Emelie, f. 1890, gift med entreprenør E. Aakvik, Ålesund. Dei vart buande i Ålesund og fekk mange born. Aakvik var entreprenør og sønene fortsatte. Ei av døtrene – Bjørg er gift med gardbrukar Lars K. Fylling, Fyllingsbygd. I skyldskifte av 1908 vart fråskild 3 parseller, bnr. 3–4, desse vart seld til nr. 3 til Knut J. Strand, nr. 4 til Johan E. Fylling, nr. 5 til Lars J. Græsdal. 1918 vart stova seld av Skodje kommune til Statens Vegvesen, og vart oppsett til arbeidsbrakke, fyrst i Landedalen, so flytt til Straumen, når Straumsbrua vart påbegynt. Då brua var ferdig, fekk H. Nygård, far til den vidgjetne Herluf Nygård, kjendt fra siste verdskrig, kjøpe stova og sette den opp like ved fylkesvegen i Berget – Skodje. Der står den pent stelt no. Nygård arbeidde før og seinare i Statens vegvesen.

Garden Brune, bnr. 1 vart i 1913 seld av Skodje kommune til Knut Pedersen Græsdal og Ludvig Jørgensen Græsdal, for kr. 1300 uten hus. Desse eigarar slo nokre år bruket og køyrde høyet heim, men no vert inkje gjærdegardane haldne og krøtera tek graset.

Ved 1900-åra var der god avling i Brune, der er solrikt og lunt, og tidleg berrt. I eldre tid avla dei noko humle der, og humlehagen står enno. Der var mykje karveplantar i enga i Øvste Brune. Eg hugsa at då Johan var brukar ved 1900, hausta dei mykje karve. Han plukka ut av kvar skår når han slo desse store plantane, og lagde dei i eit børe-band. Og når han gjekk til middag hadde han ei stor bør med karveplantar. Desse turka dei og då truska dei karvefrøet ut. Dei selde dette til forretningane i Ålesund. Fjøsen til garden var mura av gråstein. Det var pent arbeid. Det som var av tre er reve no, men fjøsmurane står enno.

«Brune-presten». Mr. C. J. Brune og familje. (Foto frå Amerika.)

Sæterfjøsen og sel og av gråstein, og pent mura.

No er Brune, gnr. 57, bnr. 1, fråflytta, alle hus er reve. Utmarksgarden steller seg sjølv, og innbøen og. Karl Johansen Brune fekk seg inkje noko arbeid her som han såg noko framtid i. Han var tenestegut på gard ei tid, men det var inkje noko framtid. Ifrå syskjen som før var reist, fekk Karl billett til Amerika, og i 1904 reiste han. Fekk seg arbeid der med ein gong og var på ymse arbeid ei tid. Karl var religiøst påverka når han reiste til Amerika. Av den grunn søkte han inn på ein bibelskule og gjekk der til han vart Frikirkeprest i Statene. Han var ein mykje flink talar, og vart kalla Ildprofeten frå Østen.

År 1933 kom Karl heim som snarast, og stasjonerte med si syster i Ålesund, men måtte ein tur til Brune for å sjå att mange kjære stader – store steinar – slette berg, og – å få sjå det store – rolege – blanke Fyllingsvatnet – der furuåsar og bjørkelier spegla seg i sin sumarspynt. 1935 var Carl heime for andre gong.

Med Karl Brune var i Ålesund, vart det skipa til misjonsmøte på Misjonshuset. Der møtte mykje folk, og frå Skodje kom det ein stor buss, fullsett av folk. Karl Brune helsa på alle, og mange kjende han att. Brune

fortalde då, at siste sundag før han reiste i 1904, var han i Skodje kirke. Borgermester Solem talte, og det sette seg fast i hjarte med det same. Han hugsa enno teksten.

I august 1977 spurde eg etter Karl Brune i Washington og i Alberta. Dei eg trefte hadde inkje møtt Karl Brune, men høyrt om han. Og dei viste meg ymse kalendarar og i ein stod trykt:

Mr. C. J. Fylling. Rev.
Hospital and Institutut – Misjon.

Drøymen om ein Brune-prest vart ein – trass i mykje motgang – røyndom.

Det er no 365 år sidan Brune var fyrste gong ført som Øydegard – no er den på ny Øydegard.

MINNE FRÅ EIN DAG I HØYSLÅTTEN I FYLLINGSBYGDA 1904.

I denne tid var det berre ljåen å hjelpa seg med, til å slå gjødsla eng og småhøy. Og gardbrukarane hadde stor vidde til å fara over. Fyrst var det å slå langhøyet, som det vart sagt, prøve å få det i løa so godt som råd. Det var ofte tungt arbeid å stå heile dagane med langorven. Det var mest natur-eng. Og når ein gjødsla enga våren fekk ein bra avling. Var det nok høyterre, vart alt turka på marka. Det vart berre sjeldan det vart hesja noko for hesjestreng hadde ein inkje. Oftast gjekk det bra. Når langhøyet var kome i hus, vart det å ruste seg ut for sætre-slått. Alle ljåar vart ettersett og slipt. Ein langorv og 2 små-ljåar vart so binde saman for kvar slåttmann. Til det vart brukt eit høy-børeband. Surra samstundes med noko klæde til å byta med – om ein vart våt. Var ein 2 slåtte-karar til kvart bruk, gjekk det med 3–4 dagar berre til slått. Var det utsikt for godt ver, gjekk ein på sætra kvelden. Men sjeldan alle brukarar same kveld. For sæterjentene måtte gå i saman – so dei låg to i kvar seng, for å gjeva sengeplass for slåttemenner. Og det gjekk fint. Var det høyterre fyrste dagen, var slåttekarane tidleg oppe – jamnast kl. 5 og slo då fyrst noko gras som turka fort. Dette vart tynt breidt, for å få det turt til kvelden. Då kunne ein nytta det i høyløa til å sova i – om det trengtest. Var vi heldige med nok høyterre, kunne ein få inn alt sæterhøy på ei veke. Men då måtte ein ha ei «raksta–deie» som dei sa, for sæterjenta skulle heim med mjølka som skulle på meieriet, og so måtte ho då oftast få med middagsmat til sætra, når ho kom fram att.

Etter ein fekk inn noko turt høy i løa, kunne sæterjenta ligge i si seng. Slåttekarane var tidleg oppe kvar dag, og dreiv det hardt. Under gode for-

hold kunne 2 slåttekarar + 2 rakarar – då medrekna sæterjenta – få i hus sæterhøyet på ei veke.

Etter sætre-slåtten var det å taka fatt på små-høyslåtten heime. Hovudbruka hadde store vidder. Om kvart hovudbruk hadde tre husmenner, vart det likevel mykje å slå, og sume hadde fleire utløer for høy.

Brn. 1, Larsbruket, hadde ei utløe ut med kalvegjerdet, ei løe på Kvennabakkstykket og ei løe i Storekrokane og bnr. 2, tilsvarande 3 utløer. Der vart slått-arbeid 6–7 veker. Men det vart og mykje langvarig arbeid for dei som var kokker. Slåttekarane låg heime, men det var uråd å gå heimatt til middag, det var for lang veg, og ein mista for mykje tid. Då måtte husmora koke middagsmat heime til kl. 11.30 og so bera denne – ofte 1,5 km – til slåtteteigen.

Eg hugsar enno, at ofte kom Lars-Gurina og Petter-Petrine berande med bringetre – tunge matbører, og i varmt ver rann det sveitte nedover kinna til desse strevsame konene. Men likevel kunne ein høra morosame merknader.

I eldre tid og heilt fram til 1875, vart det av gardbrukarane i Fyllingsbygda, nytta mykje meir utmarksslått enn her nemnt. Då vart alt heimanfor sætrane (burtsett øvre del av Lia) nytta til høyslått, og kvart hovudbruk hadde minst to løe for høy der. I tillegg til alt dette som her er nemnt, hadde Fyllingsbygda eit stort godt slætte i Storlia – nord for Svartløkvatnet Dette vart kalla «Smørholslættet», og vart rekna som det beste av alle. Diverre vart det langt dit – ca. 1 mil frå Kassneset. Men alle bruk hadde og der kvar si løe. Dei var bygd av runde stokkar og tekt med næver.

Av grunn vanskar med å få høyet heim, vart det slutt med slåtten i «Smørholslættet» omkring 1850. Høyløene vart flytta, og bnr. 2 sette oppatt løa på Storegjære, ned med elva. (Der er eit køyrevad over elva). Slåttemarka rundt løa – i ei stor vidd, vart kalla «Smørholslettet», etter løa og hev det namnet no og. Her i denne løa vart Lars Elias Severin Pettersen Fylling født, 9. august 1856. Det var i hardaste slått-onna – mora kom seg ikkje heim.

Omkring 1895 vart denne høyløa flytt på ny, det var då slutt med utmarksslåtten, (men sæterstølane vart slegne til ca. 1955. Løa vart oppattsett på heimebøen til bruk nr. 2, like ved den gamle «Korsvegen» på Fylling, og vart brukt til lagerhus for salgsved. Den vart reven i ca. 1950.

Det var ofte vanskelegt om nok høy-terre til dei som hadde so mykje å slå, og sumaren 1904 var det tregt om terre, det vart berre nok til sæting, og der vart det ståande i såter i åtte dage. Men ein kveld kom ein eldre mann og sa: « I morgon vert det terre!» Ein spurde: «Kva merke hev du på det då?» Han svara: «Sjå den lette skoddedotten som ligg rundt toppen av Skorgetinden, det er eit sikkert merke!»

Neste dags arbeid måtte planleggast godt. Dei husmennene som stod att med pliktarbeid fekk eit vink om å møte.

Om morgonen kom sola tidleg og varm. Fuglar, folk og fe var tidleg ute. Sæterjentene var og tidleg den dagen, dei var glade i den vakre solskinnsdagen *alle* fekk. Ein høyrde jentene lo og skratta langt fram i lia.

Vi hadde hestane i bèitemarka, og eg fekk ordre om å henta merra so snart eg kunne, (eg var då 9 år).

Då sæterjentene kom heim spurde eg om jentene såg hestane. (Dei var vant til å verte spurt om liknande). «Å, jau, hestane var fram med «jørnstølen», men det såg ut som dei trekte austover!» So snart eg fekk meg mat tok eg fatt på turen. Sola steig høgre – varmen og steig og kleggen vart hissig. Etter ca. ½ time var eg komen til Jørenstølen, men hestane var inkje å sjå eller høyre. Dei var fleire i lag og ein hadde god bjølle. Eg måtte prøve å finne sporet etter dei for om mogleg å finne ut kva veg og retning dei tok. Eg var ikkje mykje kjend, hadde gått Storlia ein gong og so vore på Stangarskare ein gong og då fekk eg sjå Engeset-sætra og opp i Tverbotten. En fann snart spora framover Nevrevollen mot Storlia. Men om ei kort stund mista eg spora – eg kunne ikkje finna kva veg dei hadde teke. Og kleggen vart hissigare etter kvart.

Eg vona at dei hadde teke av fram gjennom Storlia mot Frostadsætra for der hadde eg vore ein gang og der var greit å leite. Eg starta fram over – forbi Skinneset – der var alt komne mykje kyr som søkte etter skinstø – då kleggen var mykje hissig og kyrne viste kvar Skinneset var.

Eg kryssa Storlia opp og ned til Frostadstølen, men fann ikkje spor etter hestane. Og eg vart sikker på dei hadde ikkje fare forbi der. Eg var då snar å snu, for no måtte eg leite etter spor rundt Engeset-sætra, og tok beine vegen dit. Men det vart varmt å gå – og motet var eg i ferd med å missa. Eg tenkte på dei heime som trengte merra til å køyre turrhøy – og kom mest på gråten.

Eg brukte truleg ein time frå Frostadsætra til Engesetsætra. Men når eg kom til Engesetsætra fann eg spor etter hestar – dei hadde teke tvers over sætra – ut i Smaaliene. Men nå var eg varsam so eg ikkje misste spora. Det nesten utrulege var, at dei hadde sett rett til fjells frå Smålien. Men det var vel kleggen som dreiv dei. No var det lettare for meg å fylgja fara, og høgare og høgare barst det.

Og til slutt kom eg til Tverbotten – der hadde eg aldri vore – men der fann eg hestane. Men då var eg mest ferdig – trøytt – tyst og svolten. Eg fann meg då vatn i ein klar bekk, fekk begsel på merra, sette meg so på den og reid eit stykke ut på sør Skåla. Derfrå vart det noko bratt unna og vanskeleg å ri. Då eg kom ned på sætervegen mot Øie, so reid eg ei stund. Men til Øie måtte eg gå. Sola var alt komen langt vest, då eg kom til tunet i Øie. Elen og Lars hadde visst sett det eg kom med hest og kom ut. Dei spurde kvar eg fann den, og forklarte kvar det var, og dei sa at det var Tverbotten.

«Kva er klokka no» – spurde eg Lars Øie. «Om lag halv seks», sa han. Elen spurte meg kva tid eg gjekk heimafrå. «Kl. 8», sa eg. Elen var då snar og sprang inn på kjøkkenet, og kom med ein stor komme med søt mjølk til meg, ho såg eg var elendig – Men då eg hadde drukke den mjølka kom eg meg fort, og fortsette heimover mot Engeset. Etter eg kom forbi grinda på Saghaugen reid eg heilt til austra grind for Engeset.

Dei hadde vore ottefull for meg heime – det vart so mykje lenger enn dei venta, og so hadde eg ikkje noko mat med meg heller. Det var då godt å få mat – og drikke, og so *trøytt*.

Eg hadde gått snart 3 mil i sterk varme og utan mat. Eg var stiv i føtene den kvelden, so eg la meg på ei høy-såte nær stabburet for å kvile. Det hadde vore ein travel dag for alle heime og. Mykje høy, sterk varme og kleggen lei for dei og.

Om ei stund kom sæterjentene og skulle på sætra – dei som skulle på Nesjesætra gjekk øvre vegen, og dei som skulle på Gamlesætra gjekk neste vegen. Men det var godt å skjøna, at det hadde vore ein travel dag for dei og, og dei var onnug – skunda seg, men var still, for dei var trøytt, og enda måtte dei på sætra att i kveld. Eit par plassingar kom og slitande etter ein travel dag, og var trøytt. Men enno hadde dei noko høy å få inn til seg sjølv, om dei orka det.

Eg låg lenge og kvilte meg på høysåta. Kvelden var so fin – sola held på å gå ned, det var ikkje eit vindpust, og so klar luft og lydt.

Då høyrde eg ei kraftig jentestemme hauka to gonger frå Nesjesetra. Eg tenkte no er det noko ekstra, for det var *regel*, at hauka ei jente 2 gonger måtte ho få svar snart. Eg kjente stemma, det var Anna Langnes si. Eit augneblink etter svarte ei kraftig stemme på Skodjestølen.

Anna Langnes spurde om dei hadde sett kyrne deira. «Nei,», svara dei på Skodjestølen, «men eg skal hauke til Gamlesætra». Det gjorde ho, to gonger og fekk då svar. Det var mi syster som svarte der. «Hev dokke sett Nesje-kyrne?» «Nei», var svaret. «Men eg skal hauke til Steinset.» Det gjorde ho to gonger. Og her svarte ei kraftig stemme: «Eg ser ein buskap i Storlia – opp for Haustølen», svarte ho Berte Skodjereite. Det var so klart å høyre.

På Gamlesætra svarte dei at dei skulle hauke til Skodjestølen om dette og dei igjen hauka til Nesjesætra.

Etter ein travel dag – fyrst tidleg oppe, mjølka, og bar tung bør frå sætra, so travelt med høying heime og so til Nesjesætra, so måtte dei atpå alt, taka i veg til Storlia for å få heim kyrne til mjølking. Og det vart seint. Kyrne hadde vore på Skinneset – søkt skinstø av skuld kleggen. Av den grunn hadde dei vorte forseinka.

Men dette var i «gamle dagar!»

Nikolai Alfred Salkjelsvik, f. 26/9 1889.

Nikolai Alfred Salkjelsvik, f. 26.09 1889 i Skodje. Han drog til Sambandsstatane i 1910. Ferda gjekk på den tida med båt til England, og vidare til USA, som tok om lag 8 dagar.

Han drog til Duluth i Minnesota, der han vart gardsbestyrar.

Livet på ein farm der borte på den tida var hardt. Ein måtte ta til med arbeidet kl. 04.00 om morgonen og drive på til seine kvelden.

Vintrane var gneistrande kalde med opptil fleirfoldige kuldegrader medan somrane var tropisk varme.

Åkrane kunne stå i bløming ein dag, men over natta kunne alt vere øydelagt og farmaren på ruinens rand.

Store hagleskurar og tornadoar herja ofte.

Seinare fekk han sin eigen gard, men denne måtte han selje, då han blei innkalla til U.S. Army i 1917.

Mobiliseringsstaden var Baker i Clay County, Minnesota.

Soldatane vart sendt til Camp Grant, Illinois, der dei fekk uniform. Vidare blei dei lasta i store troppetog og reiste tvers over det store landet til ein stor soldatleir, Camp Lewis, nær byen Tacoma i Washington.

Her vart det samla 200 000 soldatar på 8 dagar, med jarnbane inn i leiren.

Soldatlivet var hardt og treninga likeins. Han fortalde at han sovna av lyden frå maskingevær og vakna av same lyden.

Han hevda at eit U.S. regiment var like bra som tre norske, og litt erfaring skulle han no ha frå si tid på befalsskolen her heime, han vart og tatt ut til befalskurs der borte av den grunn.

Når to soldatar vart uenige om eit kvart, so fekk dei ikkje gjere opp før etter at tenesta var over. Då måtte dei to sverte nevane, og medan regimentet slo ring, so var det berre og gå løs.

All mat som soldaten fekk vart nøye granska, då dei tvilte på sabotasje frå tyske spionar.

Troppetoget frå Camp Grant til Camp Lewis stansa berre for kvar 100 miles for å fylle vatten. Med toget fylgde detektivar som skulle lodde stemninga blant soldaten. Var det ein som våga å snakke nedsettande om armeen, so vart uniformen reven av han og kasta av toget.

Då det vart mangel på mannskap til det motoriserte transportcorps, melde han seg som frivillig dit.

Han vart derfor overført til Vancouver i Washington, som var eit stort militærsenter både i første og andre heimskrigen.

Som so mange andre gjekk han heller ikkje skotfri for skade. Eine hofta vart ille medfaren, og dette melde seg særleg på hans eldre dagar.

Han vart demobilisert med ære den 21. januar 1919 ved Camp Grant, Illinois, og har m.a. deltakarmedaljen med clips, og oppebar militærpensjon frå U.S. Army på livstid. Han var ca. 4 år i armeen.

I 1920 vart han tilsett i Fengselsvesenet og gjekk av som fengselsinspektør i 1955, og døde i april 1965.

Han vart i 1923 gift med Marie Digernes,født 1893 og dei busette seg då i Vannspringdalen 2, Ålesund. Dei har sonen Kåre, fødd 1923.

Nes, gnr. 53, bnr. 2 i Skodje

På denne garden budde i 1879-åra og ut hundreåret Hans Petter Pettersen Nes, f. 1852, g. 1977 med Karn *Lovise* P. Abelvik. Dei fekk 13 barn.

Det er lett å skjøna, at dette bruket kunne ikkje brødfø alle. Etter kvart dei vaks til, måtte dei reise ut. Åtte av gutane reiste til Amerika Sju busette seg i Alberta, Canada og ein i Minneapolis, Minnesota. Han vart gift der med Marthe O. Skodje, og vart buande der.

Petter måtte heimatt etter nokre år, for å taka over farsgarden. Alle desse gutane møtte der i Alberta – dei uvante forhold i klima og miljø – slik som alle andre innvandrarar fekk å stri med. Store avstandar, harde vintrar, mange uår for farmarar og då lite om pengar. Lars var lengst aust av desse brørne, han hadde farm, avla kveite. Det var 2 oksar han pløgde med. Huset var 3 jordveggar, og ein trevegg. I den var det dør og vindu.

Brødrene Nes, frå venstre: Olav H. Nes, Sverre Nes, Lars Nes, Ole Nes, Peder, gift med Kaia Ytre-Skodje. Den eldste – Petter – var heimreist. Ingvald og.

Dei brørne som var lenger vest hadde betre avling mest kvart år. Og Lars bestemte seg for å flytte lenger vest å der prøve å få seg nytt land. Ein okse selde han, den andre vilde han køyre med. Han hadde ikkje vogn, men i eit lite skogkratt fann han 2 ospetre som var ein liten krok på i rota. Desse hogde han, og fekk seg eit par slemegar, som han skøpa til med øksa. På sleden lagde han då, alle sine eignelutar, mellom anna ein liten kokeovn og kokekar og noko andre reiskap, øks, sag og div. Og so sengklæder og arbeidsklede. Det var lite vegar å fylgje, mest berre prærieland. Men oksen drog jamt dag etter dag mot nord-vest. So ein dag vart han var, at sle-megane var utslitt. Og han måtte sjå etter om han fann nye emne til megar.

Etter ein dag fann han nye emner, og laga nye megar til sleden. So var det å køyre vidare for å leite etter farm-land som han trengte.

Og det lukkast til slutt. Tre av dei andre brørne var ein gong ute etter nytt og betre land. Dei gjekk i dagevis. Dei kom til ein einsleg farmar, og spurte etter arbeid. Jau, arbeid fekk dei, men ikkje mat. Nista deira var snart oppbrukt, men dei måtte vidare. Olav var då so utslitt at han orka ikkje å gå lenger den dagen. Han kraup inn i ein halmstakk og la seg der. Han fekk lite grand av nista dei hadde att. Dei to andre gjekk vidare – og dei og fann seg land, som gav betre avling enn det dei før hadde. Olav kom og etter dei ein dag seinare.

I 1914 kom Ingvald Hansen Nes heimatt for godt. Han hadde fått ein sjukdom som han trengte hjelp med. Sjukdomen var ikkje til å lækje og

innan eit år døydde han. Dei andre hev slite seg igjennom bra. No er alle desse brørne døde, men ætlingar er å finne etter dei, også i Alberta, Canada og her på Sunnmøre.

Steinar Jarle Engeset.

Steinar Jarle Engeset, er født 1942 på Engeset i Skodje, av foreldre Peter S. Engeset og kone Olga, f. Reiten, N. Heggdal i R.

I ungdomstida viste han å ha gode evner, tiltaksom – ordentlig og påliteleg. Han ville gjerne få kome på skule, og det lagast. Fyrst fekk han gå yrkesskule, so realskule, og kom seg so inn på den tekniske høgskule i Gøteborg. Etter endt utdaning der, fekk han hug til å reise til Amerika. Men han hadde ein liten kjæreste, og den ville han ikkje reise frå. I 1966 gifte han seg med Else Marie Andvik, Stavern. Og dei vart samde om å reise ilag til Montreal, Canada. Dei reiste til Jens Moe, frå Skodje, og stoppa der ei tid.

Derfrå reiste Steinar og kone til Halifaks, og starta et nytt firma i shipping. Steinar Engeset er visepresident og disponent i maskinfirmaet Maritime Hydraulics & Machinery Litited i Dartmouth, Nova Scotia i Canada. Firmaet starta for 10 år sidan, og sunnmøringen Engeset var fyrste ansatte. Han hev kjøpt seg inn i firmaet, og er den eine av to eigarar. Han er ofte i forretningsreise til Skandinavia.

I 1977 var han til Sunnmør i juni og i november.

Det er barndomsheimen som dreg – – –

---

*Kristoffer Pettersen Fylling,*f. 23/7 1893 i Skodje, var ein av dei som fekk føle hardt nedgangen i inntektene av fiskeri i 1922–30-åra. Saman med Knut K. Græsdal, måtte dei begge gå ifrå ein dekksbåt på 44 fot som dei hadde kjøpt seg for sildefiske – torskefiske og bankfiske. Det var hardt å misse alt dei hadde tent seg før. Men i dei åra var det mange som misste alt.

Mrs. Johanne Fylling, f. Alvik, Mr. Chris Fylling, frå Skodje.

Kristoffer bestemte seg for å reise til Amerika. Han var forlova med Johanne A. Alvik, Borgund, og den 3/1 1924 gifte dei seg. Og den 5/1 1924 reiste han til California.

I Santa Barbara fekk han seg arbeid hjå senator Chlark. Johanne kom til Santa Barbara i 1925. Dei bygde seg hus der. Han hadde då arbeid i Oljecompaniet Barnsdal & Co. med oljeboring. Dei bora på mange stader og Chris, som han då skreiv seg for, måtte av og til flytte.

Eit borehol var 6000 fot djupt men 900 fot langt. Og dei fann olje. Nokre hol var på 15 000 fot.

I dette farefulle arbeidet var han bra heldig, men i 1934 vart det ein eksplosjon – flammane stod over heile boreriggen – han måtte berre springe gjennom heile eldhavet, og kom seg i land. Men då var han rein-brend for alle klæde og hår og hud, og vart liggande på sjukehus i fleira månader. Det vart til stor ulempe seinare. Etter å ha vore med i oljeboring i 30 år – slutta han med pensjon frå companiet.

Chris og Johanne hev ein son, f. 1928, han er døypt Anker og er utdana ingeniør og arbeider på ein stor flyfabrikk i Los Angeles.

Chris var heime i Norge i 1955 og 1961, då var kona med.

Lars Jakobsen Skodje, (Skodjebakken) f. 1891 i Skodje, var ein av dei mange som drog over det store hav, for om mogleg å finne ei tryggare framtid i Amerika eller Canada. Han reiste frå Skodje 10. juni 1910. Frå

Lars Jakobsen Skodje (Skodjebakken) f. 1891 i Skodje. Han utvandra frå Skodje 10/6 1910 til Amerika.

Bergen vart dei mange nordmenn. Han stansa i Dakota – Batmo – prærie. Fekk seg arbeid. Der var norsk–svensk og amerikansk setlement. Fyrste sundagen han var der, var det preike i kyrkja deira. Det var preike på norsk og presten heitte Fovshol. Lars arbeidde for ein trønder, han heitte Ola Myhra. Vintrane var det lite å tene og mindre arbeid. Lars reiste derfor vestover til Washington for å arbeide i skogen eller sagbruk. Han var rundt Everett og Bellingham. Der var han fleire vintrar. Våren 1913 reiste han saman med Lars Krogsæter, Ivar Orten, Johan P. Ekrol til Montana. Fekk arbeid på ein farm, der dei dreiv hesteal. På farmen 3–400 hestar og masse følmerrar.

Der tok han seg ½ seksjon farm og var farmar 1913–1933. Det vart ikkje avling kvart år – turke eller frost øydelagde fleire år avlingane. Men dei år det vart god avling, so mona det.

I 1947 kom han heim til Skodje for godt. Han er ugift og leiger seg hus på farsgarden. Han er framleis amerikansk statsborgar.

Lars er ein triveleg, venesæl mann og er glad for å få ein prat.

Dei mange, lange år i Amerika, i mykje hardt arbeid og hardt klima, hev sett varigt merke på Lars, men likevel – om han er 87 år, går han sjølv til handelsmannen, og alltid med godt humør.

ØYDEGARDAR I SKODJE

Å skrive soge om øydegardar er ofte vanskeleg. Deira tid i bygdelaga var det, ein – med rette – no vil kalle «før i tida». Der busetnaden var for 300–500 år før denne tid – og truleg meir.

Noko skriftlege kjelder om desse «bureisarar» hev vi lite av, berre nokre skattelister frå det 16-århundret fortel om nokre menn. Dessforutan er det kva gamle folk hev fortalt – og so – kva du sjølv kan sjå av «far etter folk», – av no lite synlege hustufter. Men stadnamna held seg, – og fortel soge.

Det var fleire enn ein kunne tru, som saman med kona si, fann den plassen dei trudde var brukbar, og tufta der, langt til dals, både ei til to mil frå sjøen. Og næraste nabo 3–6 km. unna. Og er ein so heldig på sin tur, at ein kjem frampå slike – nesten overvakse tufter – ja, som er berre 100 år gamle, må ein i vyrdnad taka hatten av for seg og sine. Og so må ein lata «tanken» få taka deg med til den tid busitjaren med huslyd var her «einbølt» sumar som vinter. Sumars tid ei smal krøter-ràs å gå etter. Om vinteren eit skifar eller ei ràs etter truge.

Det var ein framand som spurde meg: «Kva levde dei av?» Eg måtte svare: «Noko mat måtte dei ha dei og, no og då – –.

Det å bu so langt frå nabo var truleg vanskeleg på mange måtar i den tid. Der var udyr, særleg om sumaren, men uver kunne skape vanskar, for den nabohjelp ein ofte trengde.

Ein kan berre hugse på den huslyden som i eldste tid – einbølt budde på Svartløken. Mannen var ein tur til Sjøholt, og vart borte nokre dagar, so kona var heime med borna åleine. Dette var hausten og det tok til å verte kaldt. So mista ho elden i grua – ho greidde inkje å slå ny eld – og eld *måtte* ho ha, då borna var små. Det leid på dagen og myrkna snart. Kva skulle ho gjera? Ho såg berre ei råd, ho måtte gå til nabo og «låne eld» – som dei gamle sa. Ho fann seg ei bra lett trebøtte og so sprang ho til næraste nabo – Akslevollen – etter blaute myrar, ulendt skogsmark, over stor elv i mørkret, fann Akslevollen, og der var gode grannar. Ho fekk seg eld – lagt i mykje oske i trebøtta. Og so i full fart attende til borna i heimen på Svartløken – i svarte natta.

Det kunne vere meir å skrive om Svartløken, men Gerhard Kjølaas hev skrive godt om denne øydegarden i boka «Ørskog gjennom tidene». Den siste fastbuande på Svartløken heitte Ola, vart kalla Løk-Ola. Året 1760 flytta Ola frå Svartløken til Bjørlykke i Samfjorden. Stova stod til 1773, då vart ho seld til ein mann på Erstad i Engesetdalen.

År 1611 var Knut Sorteløk skattlagt til Kronens landskyld 12 voge smør.

Steinset – heiter ein øydegard, no sæter, den ligg 3 km frå fylkesvegane Skodje–Fylling. Der er no arbeidd traktor- og bilveg på søre sida av Fyllingdalen heilt til Steinset. Denne øydegarden vart nytta til sæter av

Prestegarden – Nedre Skodje, Ytre-Skodje og Skodjereite.

Men i eldre tid og i hundrer av år var den busett og skattlagt. Vi finn i mange skattelister for 1600-åra namn på brukarane. Og dertil fortel sagn om ymse.

I Kongeleg Majestæts leding for 1625 er nemnd Ivar Olsen Stenset. Og i skattelister – leding tiendemanntal år 1610–11 er ført Peder Steinset.

Sagnet fortel at ein gong budde der ein Lasse – han hadde jamt langt hår og fekk tilnamnet Langehår, og vart soleis kalla Lasse Langhaar Peder Fylling hev skrive i sine Folkesagn og Historiske Optegnelser om denne Lasse Langhaar.

Denne Lasse – fortel sagnet – var ein driftig mann. Han braut jord, dreiv i skogen, reiv opp mykje fururøter for å brenne tjøre av. Til å hjelpe seg med dette hadde han 2 drenger – ein frå Ørskogbygda og ein frå Tomrefjord. Lasse hadde ein uvane at han held so seint kveldstid, det vart arbeidt ute med rotkløyving utover alle kveldar. Dette mislikte tenestegutane. Dei samsnakkast om korleis dei skulle få han til å slutte med dette. Jau, dei vart samde om denne planen:

Dei ville spørje husbonden om å få fri ei helg til å reise heim, og når dei reiste heim, so var dei samde om at han frå Ørskog skulle gå over Steinset-nakken (ein høgfjellås sør for Steinset) og den frå Tomrefjorden skulle gå over Gamlesæter-nakken. Desse stadane låg rett av kvarandre i Fyllingsdalen. No hadde desse tenestegutane lagt merke til at Lasse var mykje overtruisk og vart samde om å skreme han med han stod på arbeid seine laurdagskvelden. Det vart avtala korleis. Når han frå Ørskog var komen på Steinset-nakken og den frå Tomrefjorden var komen på Gamlesæter-nakken, stod Lasse Langhaar og kløyvde rot enno. So ropa han frå Steinset-nakken høgt: «Hallo – kan eg få låne storkjelen din?». Den på Gamlesæternakken svara: «Kva vil du med den då?» Han på Steinset-nakken sa då: «Eg vil koke han Lasse Langhaar fordi han held so sein kveldstid.» Han på Gamlesæter-nakken sa: «Kjelen skal du få låne, men eg vil ha skova i leige.» Han få Steinset-nakken sa då: «Nei, skova får du ikkje for eg vil steikje han Lasse på glodungen.»

Denne samtalen høyrde Lasse, hivde fort øksa frå seg og sprang heim i stova og låste døra. Han torde ikkje gå ut meir den kvelden.

Då drengane kom att mandag, fortalde Lasse det han hadde høyrt. Og drengene sa at det vart vel det sikraste om han slutta arbeidet kveldane i rimeleg tid.

Og slik vart det.

Det er uvisst kva tid, og kva som var grunnen til at det var fleire på same tid av desse avsidesgardane som vart fråflytta. Men ein av grunnane er truleg dei mange på rad og store urå omkring år 1600. Det vert og nemnt av Hans Strøm, at i den tida var her so mykje rovdyr i skog og fjellbeite at buskapen måtte ha gjetar (vaktar) heile dagen, eller so misste dei

den. Det var lettare å rekke over når ein var fleire grannar, men for einbølte gardar vart det umogleg.

Fram mot 1800-årsskiftet vart Steinset fråflytta. Den vesle stova som stod på Steinset vart flytt til Grindvik. Derfrå vart den seld til plassen Solnørhøl og derfrå vart den seld til ein husmannsplass i Eidsvik. Herfrå vart den seld til Krogsæter i Vatne og der nytta til fjøs.

Løa som stod på Steinset vart seld til Græsdal og stabburet til Brune (nedste Brune).

ØYDEGARDEN ALBUSKAR

Året 1627–28 er denne garden vorte skattlagd etter verdsetting som Ein tredingsgard ¸1 vog, til dømes som:

Gudmundset	1 vog
Valde	1 vog
Vege	1 vog
Heggebakk	1 vog
Indvik	1 vog
Stige	1 vog
Indre Beite	1 vog
Lille Fylling	1 vog
Reite	1 vog

og mange fleire.

Det hev vore 2 brukarar, truleg brør: Oluf Ellingsen og Lars Ellingsen.

Om ein ser på staden der, so er der svære vidder som etter den tid var god slåttemark med gode sumarbeite rundt seg. Det kjem og fram av skattetaksten.

Frå denne garden og ned (syd) til Liene, var det ikkje so langt, ca. 2,5 km.

Denne staden Albuskar hev tidleg vore nytta som «sam-stølingsstad» for buskapen til mjølking og overnatting for busitjarar på begge sider av Skodje-åsane. Den tid var det ikkje so mange sætrar og for skuld rovdyra, samla dei krøtera om natta, for då kunne ein dele vakthaldet.

FONNELI-BØEN – EIN FRÅFLYTTA BUPLASS

I Fyllingslia, ca. 400 m vest for Nesjesætra, er ei stor slette, med svak sydhelling. Denne sletta hev i mannsaldrar halde seg meir grøn og med tettare grasrot og vokster, enn andre stader i Lia. Denne sletta hev vore kalla Fonneli-bøen so lenge folk her veit.

Ovanfor denne sletta er ei høg, brei lid. Den heiter Øverlida og den går opp til Høgsætra. Før 1829 gjekk denne bekken frå Høgsætra og vidare nedover Øverlida til Fyllingslida og Fyllingselva. Men i 1892 vart Engeset-mennene og Fyllings-mennene samde om å leia denne bekken ut i Laushammarselva for å auka vasstilføringa i denne elva, som skulle verta drivkrafta til Engeset og Fylling smørmeieri. Den til Høgsæter-elva gjekk nedover Øverlida, hende det at midtvinters når det vart mykje laus snø, og veret slo om til mildver med mykje regn, demde snøen elva opp og der gjekk krem-fonn ned Øverlida og ned til Fonneli-bøen. Sagnet seier at det vart slike fonner som skremde burt «nybyggaren» på Fonneli-bøen.

Etter at Høgsæter-elva vart leia ut i Laushammarselva, hev der ikkje gått snøfonner i Øverlida.

Men på Fonneli-bøen er der tydeleg «far etter folk».

HØYKØYRING

I eit avsnitt før er fortalt om den store utmark-slått, dei nytta, både jordmenn og husmenn i Fyllingsbygda. Det vart mykje arbeid å få alt dette høyet til heime-løa. Og alt måtte køyrast – dragast på slede. Når sæterhøyet kunne hentast – eller det høy som var lengst til dals, var alle brukarar i bygda saman om å få på vintersveg.

Det kunne ofte vere hardt å kome fram, når det var mykje snø. Då tok to av gardbrukarane ein hest med kvar, og køyrde igjennom. Dei andre kom med øks og spade, hogde einer eller småskog og la i «staupa» og skufla snø på og trakka godt til. Var det sæter-høyet dei ville nå i, var alle i lag til dei kom på Store-gjæra. Då måtte dei skilje lag. Dei som skulle til Nesjesæter måtte då fylgje vegen dit, den gjekk mot nord – rett mot bakken – og det var tungt å kome opp Nesjesætra når det var mykje snø, sjølv om ein hadde hest med. Det var som oftast 4–5 menn som skulle dit – medrekna husmann.

Dei som skulle til Gamlesætra stemde meir rett aust etter dalen, og det var noko lettare det i mykje snø. Og desse hadde og hest med og var 5–6 mann.

Før ein var konfirmert, måtte ein vere med i dette arbeid – for ein mann. Og det fall på meg å vere med. Det er so triveleg og minnast desse fellesarbeida som var – t.d. veging på sætra. Om det var travelt, so var det moro når dette arbeidslaget delte seg på Storegjerdene – og skulle på kvar si sæter. Då vanka det skjemt og morosame «historier», om den tid og fortid. Dei skilde veg, med felles ynskje om «god tur».

Når vegen vart brukande kunne kvar køyrar greie to vendingar (turar) for dag – når ein var tidleg ute. Mange hadde 5–6 lass med sæterhøy. Dette samarbeid hadde vore nytta i lange tider.

I januar 1863 var min bestefar Elias Johnsen Fylling på Gamlesætra for å hente sæterhøyet. Han hadde drengen med, og dei hadde to merrar. Når dei kom til høyløa, sprette dei begge merrane frå, og batt dei i kvar si bjørk, so dei såg til dei med dei lesste høy på sledane. Begge merrane hadde heste-selen på, men taumane stokne laust inn i selen. Ikkje knytt.

Med karane arbeidde med høyet vart merrane so mykje urolege. Dei bles i nasen som det var trompetar, og slo og spente. Når karane såg nærare etter, var der komen ein stor gråbein, som nærma seg hestane sakte. Hestane vart meir og meir rasande, særleg ungmerra. Til slutg sleit ho grinetampen og starta på heimveg, med gråbeinen etter seg. Heldigvis var ikkje taumane knytt, så desse losna snart og datt ned, og vart dregne etter ungmerra heile vegen. Dette vart redninga for merra. Gråbeinen – som sprang etter ungmerra – var redd taumane og våga ikkje å springe fram på dei, eller til sides med taumane. Ungmerra kom vetskremd til stalldøra på Fylling med gråbeinen etter seg. Men då kom folk ut og fekk jaga udyret vekk.

Same år – den 5. oktober 1863 vart det av Skodje og Vatne kommunestyre vedteke – samrøystes – å bevilge 5 spesiedalar til innkjøp av rovdyrgift, som skulle utleggast av Elias Johnsen Fylling, for om mogleg å hjelpa folket i bygdene, i den otte dei hev og den skade dei lider av rovdyrplagene i Skodje og Vatne herred.

E. F.

UFREDSÅRA 1807 – 1814.

Denne tidbolken vart nok den vondaste for det norske folk. Og særleg i dei grisne grender og dalebygder. Lange vintrar – seine vårar – frost på kornet hausten, store skattar og utskriving av soldatar. For mange var dette ikkje til å halde ut med. Og verst for husmenner. Men bodet om å møte til herteneste, var ikkje lett å kome unna.

Vi kan berre hugsa kva Vinje skreiv i Storegut:

«I striden Husmannssonen laut,
og fekk inkje vera lat.
Men Garde-mannen gav eit naut,
og son hans heime sat.»

Det vart og turvande med militære øvingar for rekruttar i mest alle sokn. Dette til å trene dei i å vera vekk, og til å verte lydig. Det vart og vurdert så, at rekruttane var noko «troskuldige» til å møte med ein gong på store ekserserplassar. Difor vart det ordna med øvingsplassar i nærheit av dei fleste kyrkjer, med eksis ei stund sundagane før preika, og so gjekk dei til kyrkja, og hadde med våpna – som dei sette i våpenhuset i kyrkja.

Etter preika var det so eksis ei tid, men slik at rekruttane fekk nytte vanleg kyrkje-skyss-kyrkjebåt – til og frå kyrkje.

I Skodje sogn vart det eksert på nokre slette turre reine ved Ytre Skodje, og det var høveleg nær kyrkja. Dette hev eldre folk fortalt.

Distrikta vart delt i Divisjonar, med ein kaptein som sjef. I Ørskog var sokneprest Kjelstrup kaptein i Ørskog. I Skodje sogn var Peder Ingebrigtsen Haahjem seksjonskaptein. Han hadde før vore med i krigen ved Kongsvinger.

Desse kapteinane hadde fleire underbefalingsmenn under seg. Mads Skaue hadde tent som Garnison i Bergen, han var peletongførar i Skodje sogn. Jesper Skodjereite og Jakob Glomset var udtente soldatar – og begge var rodemenn.

Denne ordning vart skipa, for å kunne møte fiendar – t.d. engelskmenn – som uventa gjorde strandhogg på kysten eller ved fjord, og då prøve å få jage desse bort. Kvar av dei menner som møtte fram, måtte ha eit kjennemerke, som visste at dei høyrde til fedrelandsforsvaret og ikkje til noko røvarbande. Dei fleste av over- og underbefal skaffa seg uniformer med sablar og utstyr.

Kjennemerket for dei som ikkje hadde uniform – var ein kokarde av raudt ty – 3–4 tommar i diameter, m/kvit plett i midten. Denne skulle vere festa på hattens venstre side.

Alle som møtte var pliktig å skaffe seg våpen – enten ei brukbar børse, eller i mangel av det – ein Pigg – som var ein tre alen lang trestang, med ein kniv i enden. Kniven skulle ha egg til begge sider, og minst 12 tommer lang og ein jernholk i den ende kniven sat. Slike våpen var alle menner frå 16–60 år pliktig å innøves i. Og øvelse i våpenbruk vart ordna på mange stader, der det var høveleg for folk å møtest.

Men alle måtte vera sjølvhjelpte med mat – kvar dei var.

Til varsel om mobilisering–frammøte–krigsbod – vart nytta dei gamle vetane-vardane – som var haldne i stand. I denne tid var der ein vete på Aalesunds-Aksla, den var i orden.

På Solnørfjellet var ein – samansett av oppreiste skåter og fyllt med næver. Erfaring lærte at var det lavt skydekke eller skodde, var det få som fekk sjå desse vardane. Difor vart det oppsett på lavara, synberre stader, gamle tjøretynner på høge stillas som blussfyrar som kunne sjåast langvegs. Ein slik vart oppsett på Steinvaagnes, ein på Flisnes, ein på Tøssenes og ein på Vadset i Vatne. Og fleire på begge sider av Ellingsøya, der det var godt synberrt.

I året 1813 vart alle blussfyrar i distriktet to gonger tent. Fyrste gongen var ein sundag formiddag, med det var gudsteneste i Skodje kyrkje. Prost Birkeland var nett komen på preikestolen. Då kom eit bud – i hast – inn i kyrkja til klokkaren Knut Pedersen Ekroll, og fortalde kort – at no brann blussfyren på Tyssaneset. Klokkaren skriv i all hast ein brev-lapp og gjekk opp på preikestolen til prosten med den. Prosten vart urolig – men ropte ut med høg stemme:

«Blussfyrane er tendt, alle våpenføre menn må på plads.»

Med det same vart mest heile kyrkjelyden som lamslegne. Særleg kvinnfolka tok til å gråte høgt. Men alle vaksne menn (frå 16 år og til 60 år) var pliktig å møte etter gjeve påbod: «Å møte snarast råd i Honningdal – før sola gjekk ned.»

Alle trudde at engelskmannen hadde gjort landgang ein stad i Borgund, og difor måtte ein vera snar, få tak i sine våpen og niste – 4 dagars niste skulle kvar ha med. Dette vart det vanskelegaste, for eit stort fleirtal av Skodjes almue mangla mat i ordets rette tyding. Men – ein måtte og ville prøve på eit vis, so dei som reiste hadde noko med. Mange husmødre prøvde å lage eit slags kaker av havre og borkamjøl, men måtte oppgi å steike dei, for det vart det ikkje tid til, dei måtte prøve å koke dette – som andre mjølbollar – potetballar. Og hasta gjorde det. Alle våpenføre menn var pliktig, men mannskap over 60 år skulle og vere med, for disse skulle passe båtane og utstyret, medan dei andre kjempa med fienden. Mest alle kom seg til Honningdal og tok til å innskipe seg i store ottringar for vidare reis, då det kom il-bud frå Borgund, at dei frammøtte kunne få reise heim. I Borgund hadde dei fått varslet før folket var reist til kyrkje. Og mange var teke i veg. Men alle fekk vende att til Steinvaagnes – som var samlingsstaden.

Dit kom og utpå dagen Johan Danholm med mannskap frå Vatne og Haram med 700 mann. Der var då so mykje båt i Steinvaagen og Skarbøvika, at det var umogleg å kome i land. Og her – under fri himmel – held folket ut heile natta, utan at nokon visste kva som var årsak til dette store oppbud. Alle ville no gjerne heimatt – men for å vere sikker i denne sak, vart det sendt ein ottringsbåt med 16 mann med lærar Skjoldaker som førar. (Han var huslærar hjå foged Bull i Dybvika). Desse reiste sørover for å få vite orsak til at blussfyrane vart tendt. Orsaka var, at eit engelsk orlogsskip var kome inn til Grasøyane og brent ein telegraf som var oppsett, og deretter drog orlogsskibet til havs.

To gonger i 1818 vart blussfyrane tendt, og alle våpenføre menn måtte av stad – som påbudt. Denne gong vart det og vendereis.

Berre nokre kanonbåtar som var stasjonert i Ålesund vart sendt utover for å passe på ein engelsk sjørøvar som hadde kryssa Breisundet og ved Alnestangen i nokre dagar.

Med dei låg der med kanonbåtane kom riktig nok engelskmannen nordfrå i strykande nordavind. Sjøgangen var so stor at kanonbåtane ikkje kunne åpne kanonportane og såleis ikkje fekk høve til kamp. Sjørøvarskipet svinga so inn Breisundet, og mannskapet på kanonbåtane trudde at sjørøvarane ville gjere landgang ved garden på Djup eller Godøy. På kanonbåtane vart det brukt både segl og årar for å nå igjen sjørøvarane. Her var smulare sjø og her kunne portane åpnast.

Merkeleg nok var ikkje sjørøvarane redd desse små båtane som kom inn til dei. Når kanonbåtane var på høveleg skothald, fyrte dei på same tid – alle kanoner, og sjørøvarane fekk mange fulltreffarar – nokre under vasslina og – og tok til å take inn sjø. Mannskaået vart difor sett til å pumpe alt dei orka. Og i denne tilstand stakk sjørøvarane ut Breisundet og til havs.

Kanonbåtane sigle so inn til Ålesund.

(Etter beretning av P. Fylling).

Ola Strømmen

SKODJE

DROSJE — AMBULANSE — MOBILTELEFON

Tlf. Skodje 6103

Engeset Handel

BENSIN og KIOSK

Bra vareutvalg i nye og trivelige lokaler. Rimelige priser.

Fiskekort til Engesetdals- og Skålsvatnet.

Landhandel

ENGESETDAL

Oscar Rørhuus

Engesetdal — Tlf. Skodje 6029

LASTEPLAN OG VAREKARROSSERIER

Brødr. Aarsæther A/S

Ålesund

KOPPERNÆS

Ålesund

Alt til bygget fra ett sted



O. NØRVE A/S
6000 ÅLESUND

Byggsenter:
SKATEFLUA
SPJELKAVIK
STRANDA

Uhlens Transport A.s

GODSBILRUTER

Ålesund — Oslo

Ålesund — Bergen

Ålesund — Trondheim

Ellers:

KJØLEVOGNER — SEMITRAILERE

for transport i inn- og utland

Telefon 24 888 Ålesund

PETER
STETTE & SØNNER A/S
MEK. VERKSTED — STETTEVIK

Reparasjoner — Service

på

Traktor - Truck - Anleggsmaskiner

Stålkonstruksjoner

Tlf.: ØRSKOG (55 000) 5032 - 6264 TENNFJORD

Tema Møbler A/s

6260 SKODJE — Tlf. 686

Produksjon av STILMØBLER — SALONGER

KOMPLETTERINGSMØBLER

M.J. Ødegaard

Etablert 1916

ALESUND

Engros
PAPIR-POSER
KORTEVARER
BØLGEPAPP —
POSEFABRIKK

BERGING
SLEP

LEKTER-
TRANSPORT

HUSK
våre holdbare dessertpuddinger

Sjokolade
Karamell
Mandel
Vanilje
Vaniljesaus

Helt ferdig til servering
Føres i alle dagligvareforretninger

A/S Sunnmøre Meieri
Ålesund — Hellesylt — Ørsta

TRELASTFORRETNING



Bernt E. Fylling A.s

6260 SKODJE

Telefon 6232 — Skodje

Vi produserer gardinbrett og lister

m! ass. mønstre — beiset og trekvite i forskjellige utføredser

Rosetter og deler til stilmøbler
Ornamenterte lister for møbel-industrien



Engesetdal Trevareindustri

6260 SKODJE

6100 Skodje

Skodje Samyrkelag

med sine tre nærbutikker, er bygdefolkets egen virksomhet. Alle kan bli medlem og alle har medbestemmelsesrett. Du støtter din egen — og bygdesamfunnets sak, ved å handle i din egen butikk.

Grindvik Byggelag

6260 Skodje — Tlf. 6063

AUT. ENTREPRENØRER

Alt i bygg og anlegg

GJENSIDIGE
forsikring

Borg Branntrygdelag

er bygda og distriktet sitt eige trygdelag. Det er skipa i 1860 og virkeområdet femner om: Ålesund, Skodje, Vatne og Giske. I samband med Gjensidige teiknar laget også kombinert trygding på bygningar og lausøyre, og kombinert landbrukstrygding ,dessutan glas-, ansvar, bil, traktor og andre skadetrygdingar.

Forretningskontoret er i Ålesund — Kipervikgt. 13
Telefon (071) 23362

DRAPOL profiler og plater i glassfiberarmert polyester og epoxy

kjennetegnes ved:

- **stor styrke**
- **lav vekt**
- **god isolasjonsevne**
- **god korrosjonsbestandighet**

Profilene produseres enten som standardprofiler eller som spesialprofiler med tildels kompliserte tverrsnitt.
Vi leverer også konstruksjonsdetaljer og sammenbygde elementer basert på Drapol profiler og plater. Endel av de mest aktuelle standardprofiler lagerføres. Vi står gjerne til disposisjon dersom De skulle trenge vårt råd.

Plastkonstruksjoner A.s

6260 Skodje — Tlf. (071) 55000-6110

MALERARBEID OG GULVBELEGG

utføres av

MALERMESTER

THOR SKODJEREITE

Skodje tlf. 6014 — Alesund tlf. 25986

Johs. Vadset

Etabl. 1892 — Velassortert landhandel — Tlf. 6002

SKODJE

Distriktslager av kunstgjødsel for Rieber & Sønn A/S

Forhandler av bensin — petroleum etc. fra B. P.

Godsekspedisjon N.S.B. og Linjegods

Berg Transport

Skodje — Tlf. 6249

LANGTRANSPORT — TIPPVOGNER

Fylling Elektromaskin A.s

MOTOR & DYNAMOVERKSTED

Spesialitet:

MOTORVIKLING

6265 VATNE — Tlf.: Vatne 73 — Priv.: Ørskog 6004

KUNSTGJØDSEL — KRAFTFOR —
FRØ — SAKORN
LANDBRUKSMASKINAR
LANDBRUKSREIDSKAP
TRAKTORAR — SPRØYTEMIDDEL

Møre Felleskjøp

Sentralbord (071) 25940 - Alesund - Kornsilo og mylne
Verksted Ratviksvingen — Tlf. (071)44035

ALF VALDE

SAGBRUK — HØVLERI — TREMATERIALER
BYGNINGSARTIKLER
Skodje — Tlf. 6015

K.P. **Aarskog** A.S

Jernvareforretning

Ålesund

Gullsmed Hagen

Ålesund

Advokat

Bjarne Rørstad

Ålesund



KOM OG SE

NORDVESTLANDETS STØRSTE

MØBELUTSTILLING

Når vi i disse dager tar i bruk tredje byggetrinn, som gir oss et tilskudd på 26000 kvm. utstillingslokale. Blir utsalget her på Skodje det største du finner på Nordvestlandet.

Du vil her finne et godt utvalg av møbler for ethvert behov.

VELKOMMEN

SKODJE
FABRIKKER A·S

Karl Grindvik

PELSDYROPPDRETT

Skodje

brødr. giske as

6260 SKODJE

Engesetdal

Delproduksjon

J. WEIBERG GULLIKSEN

6000 ALESUND TOLLBUGATA 6

Tlf. 21 598

Vadset-Møbler A/s

Delproduksjon for møbelindustrien

Skodje — Tlf. 6200 - 6201

Trykk: Sunnmørsposten

Godt å vite

om Sunnmørsbanken
-den aktive lokale bank
med solid forankring i ditt distrikt

Sunnmørsbanken a|s

Borgund Sparebank

sammensluttet av Borgund Sparebank og
Skodje og Vatne Sparebank

HOVUDKONTOR:
Keiser Wilh.gt. 29, Ålesund

FILIALAR:
Gåseid (Nørvasund)
Langevåg
Spjelkavik
Åsestranda (Åse)
Giske
Godøy
Valderøy
Syvikgrend

AVDELINGSKONTOR:
Skodje og Vatne Sparebank
Skodje
Vatne

2 bankbussar med til saman
25 ekspedisjonsstopp i Ålesund, Haram og
Ørskog kommunar

BORGUNDBANKEN — ALLTID FOR HAND